



## **MØTEINNKALLING**

---

**Utval: Formannskapet**  
**Møtedato: 11.11.2015 og 12.11.2015**  
**Møtetid: 09:00 -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
031/15	15/871	Faste saker	
032/15	15/864	Nedklassifisering av kommunale vegar til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar	
033/15	15/860	Kommunale avgifter og gebyr 2016	
034/15	11/95	Kommunalt tilskot til private barnehagar 2016	
035/15	15/713	Bir Privat - renovasjonsavgift 2016	
036/15	10/336	Husleige kommunale bygg 2016	
037/15	15/508	Budsjett 2016	
038/15	15/867	Økonomiplan 2016 - 2019	
039/15	15/866	Vedtekter for Samnanger kommune - Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp	
040/15	11/271	Deltaking i statleg forsøksprosjekt omsorgstenestene	
041/15	12/722	Vedtekter for sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnd	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerede vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 15/871	<b>Løpenr:</b> 15/7804
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	031/15	MS

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

**Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FA-Q10
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/864	<b>Løpenr:</b> 15/7756
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	032/15	HLV

### NEDKLASSISIFISERING AV KOMMUNALE VEGAR TIL PRIVAT VEG MED PRIVAT DRIFT- OG VEDLIKEHALDSANSVAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ut frå dei prinsippa som er lagt til grunn vert følgjande vegar vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar (*nr i parentes viser til bilde i vedlegget*);

- Raunkleivvegen (1 og 2)
- Teigabrekka –Reistadstølen (5,1017,1019)
- Bygdavegen frå krysset til Heiane fram til Steintveit (6)
- Vågabygda (1023)
- Haukanesvegen 258, 260, 262 (10,11)
- Stikkveg frå Nesjavegen 9 til gangvegen (12)
- Haga – frå fv136 til Tyssevegen 115 (15)
- Frå fv 134 til Nyutletræ (1049)
- Frå 134 - Tysselandsvegen – Tysselandsbrua (19)
- Totlandsvegen (1043)
- Totlandsvegen - Frøland skule (20)
- Frå fv 7 – Jarland og mot Haug/Holmane (21)
- Fjellheimsvegen (1039)
- Indre Tysse (1040)
- Fv 48 –Gaupholm (25a,25b)
- Fv – Gaupholm Kai (25 c,25d)
- Sandvik (26)

Det skal verta henta inn uttale frå brukarane av dei vegane som vert tilrådd nedlagt i denne saka. Saka vert kunngjort og lagt ut på høyring med 4 vekers frist.

Vedtak om nedlegging av kommunale vegar vert gjort med heimel i veglova. Det er ikkje klagerett på slike saker i følge veglova. Nedlegging av kommunale vegar gjeld frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer.

**Dokument som er vedlagt:**

kart over kommunale vegar (Roald)

Rapport vei 2014

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Veglister frå Statensvegvesen og teknisk drift, Veglova

---

**Kva saka gjeld:** Nedklassifisering av kommunale vegar til privat veg og overføring av drifts- og vedlikehaldsansvaret.

**Bakgrunn for saka:**

I Samnanger er det ei rekkje vegar som bør verta vurdert nedklassifisert til privat veg. Samanliknar me mange av dei kommunale vegane med vegar som er private kan det klart stillast spørsmål ved om det er grunnlag for at dei skal halda fram med å vera kommunale. Både for riksvegar og fylkesvegar skjer det ei nedklassifisering av vegane, og Samnanger kan rekna med å få fleire vegar overført til kommunen. Fylkeskommunen har via vegvesenet varsla at gamlevegen på fv 48 frå Ytre-Tysse til Gaupholm vil verta nedklassifisert til kommunal veg i løpet av komande økonomiplanperiode. Samnanger vil då få overført drifts- og vedlikehaldsansvaret for denne vegen. Kommunen er i dialog om kva standard vegen bør ha når vegen vert overført.

I 2015 var det sett av kr. 1 787 666 til vegvedlikehald. Teknisk har utarbeidd eigen rapport over vedlikehaldsbehovet og vinterberedskapen på dei kommunale vegane. Dersom kommunen ikkje gjennomfører ei nedklassifisering av ei rekkje kommunale vegar og det ikkje vert tilført meir midlar, vert det nødvendig å prioritera vegar med høg samfunnsmessig verdi og som inngår i eit samlevegnett framføre andre vegar. Vegar utanfor tettbyggt strøk med lav trafikkbelastning til få eigedomar eller gardsbruk vil måtte få svært låg prioritet på vedlikehald, veglys og vintervedlikehald.

Samnanger kommune har ikkje gitt driftstilskot til drift av private vegar. Unnataket er eit brøytetilskot til SIL for brøyting opp til skiparken. Ut frå kommune sine prioriteringar og økonomiske situasjon ser ikkje rådmannen det som realistisk å innføre ny tilskotsordning for privat vegdrift.

**Fakta:**

Lovheimel

Det er hovudsakleg veglova sine reglar som gjeld i samband med nedlegging av kommunale vegar. I veglova § 7 heiter det at kommunen kan gjera vedtak om at kommunal veg skal vert lagt ned.

Vidare heimlar § 8 at kommunen kan gjera vedtak om at vegen skal verte lagt ut til bruk som privat veg med privat drifts- og vedlikehaldsansvar.

Veglova § 54 slår fast reglar om at eigarar og brukarar av felles privat tilkomstveg skal betala driftsutgifter til vegar i forhold til bruken. § 55 fastslår at dei som har plikt etter § 54 skal utgjera eit veglag, og § 56 har reglar om at kommunen skal avgjera om det skal verte kravd bompengar for ferdsel på privat veg samt fastsette avgifta sin storleik og vilkår for bompengbruk.

Det er viktig å presisera at eit omklassifiseringsvedtak berre omhandlar det rettslege ansvaret for drift og vedlikehald av vegar.

Rettar knytt til veggrunn vert ikkje omhandla i eit slikt vedtak. Dette tyder at vedtaket ikkje omhandlar privatrettslege eigeomsrettar som er knytt opp mot veggrunnen for dei vegane som no vert føreslått omklassifisert. Kommunen har derfor anledning til å fastsette vilkår på vegar som nedleggast, t.d om vegen skal vera open for allmenn ferdsel.

Rådmannen tilrår derfor at dersom kommunestyret fattar vedtak om omklassifisering bør kommunen halda eit informasjonsmøte og tilby hjelp med å skaffa fram eigna standardvedtekter for veglaga som skal etablerast. Men det er veglaga sjølv som må etablera laga i tråd med veglova sine reglar.

Dette tyder at;

Ved ei omklassifisering av kommunale vegar, vil brukarane av desse vegane kunne verta pålagt ei plikt til å organisera vegdrifta gjennom eit veglag i tråd med veglova §§54 og 55. Med bakgrunn i erfaringar frå andre kommunar i liknande saker kan det oppstå noko usikkerheit og motstand blant brukarar med å kome i gang med dette arbeidet. Fleire av brukarane vil oppleve det som eit redusert tenestetilbod, og synast det er urettvis i høve til andre innbyggjarar. Me har i vurderingane våre vektlagt prinsipp om likehandsaming av vegar med same funksjonar. Kva funksjon vegen har er derfor avgjerande for kva status vegen bør ha. Det vert og lagt vekt på om omklassifiseringa vil få marginale samfunnsmessige konsekvensar.

Samnanger kommunestyret gjorde følgjande vedtak om prioritering og omklassifisering av kommunale vegar:

#### **KS-016/15 VEDTAK:**

*Samnanger kommune tek tilstandrapport for kommunale vegar og risikoanalyse av Nyutløtrævegen til etterretning. Administrasjonen arbeider, med utgangspunkt i tidlegare fastsette kriteria fram ei sak om korleis kommunen skal prioritera ressursane innan vegområdet. Saka skal visa*

- i prioritert rekkefylgje kva vegar som er viktige kommunale vegar
- kva vegar bør verte omklassifiserte
- opptrappingsplan for vegvedlikehald som også gjeld gangvegar og sykkelstiar til skule og barnehage
- dei avsette midlane til ny veg til Hagabotnane vert nytta til oppgradering av Hagabakkane i staden for å byggja ny veg.

*Administrasjonen lagar eit prosjekt for tiltaket med teknisk og økonomisk overslag. Dersom dei avsette midlane ikkje strekk til, vert det lagt til grunn å låna pengar for å fullfinansiera oppgraderinga. Saka skal leggjast fram til politisk handsaming seinast i samband med budsjethandsaminga for 2016.*

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

I vurderinga for omklassifisering av vegar er det lagt vekt på kva vegar som er samlevegar, tilkomstvegar og bustadvegar i meir sentrumsnære og tettbygde område. Desse vegane utgjer viktige transportsystem for kollektivtrafikk, skuleveg og dekkjer allmenne behov til viktige offentleg og private verksemder (kollektivtrafikk, kommunehus, skular, barnehagar, omsorgsbustader, forretningar). Likeeins bør vegar som er viktige gjennomgangsvegar til anna offentleg vegsystem (fv og rv) vera ein del av det kommunale vegnettet.

Det vil og verte upraktisk å få vegar i tettbygde bustadområde til å verta private vegar med bompengar/avgift. Desse er og oftast bygt med godkjente reguleringsplanar, og ei privatisering av vil krevja ei omregulering.

I tillegg er kvar veg vurdert ut frå følgjande kriteria, jmf ks-sak 16/15;

- Regulert til offentlig veg
- Næringsinteresser
- Offentleg vatn og avløp i vegen
- Kommunale anlegg
- Allmenne interesse
- Tal fast buande/eigedomar
- Snuplass

Nedanfor er omtale av dei aktuelle vegane, med ein kort vurdering og konklusjon.  
(nr i parentes viser til bilde nr. i total-oversikt som er vedlagt)

### **Rolvsvåg byggefelt (22/1005)**

Regulert bustadområde utanfor tettbygd strøk med offentlig veg på ca 998 m. Vegen er asfaltert veg i eit relativt lite byggefelt på ca 16 eigedomar. Vegen sjøen fører til offentlig badeområde drifta av BOF, og som har stor verdi for allmenta. Det er ikkje kommunale anlegg i området og vegane har liten samfunnsmessig verdi.

***Ut frå at området er regulert med offentlig veg vert det ikkje tilrådd å nedklassifisera vegane i feltet. Ut frå talet bustader bør det ved ei evt reguleringsendring verte vurdert på ny.***



til

### **Rolvsvåg industrområde (1006) og Rolvsvåg kai (27)**

Regulert næringsområdet med offentlig veg. Vegen i nedre byggetrinn er 477 m asfaltert veg. Området er ferdigregulert for oppstart til bygging av ny veg til 2. byggetrinn  
***Områda er regulert med offentlig veg vert det ikkje tilrådd å nedklassifisera vegane/kaia.***

### **Raunekleivvegen (1 og 2)**

Vegen er asfalt veg på ca 966 m. Vegen kan verte nytta som omkøyingsveg for fv 7. 17 eigedommar ligg langs vegen. BIR har sin gjenbruksstasjon i krysset til fv 7.

Vegen har låg trafikk og vert hovudsakleg nytta som tilkomstveg til eigedommane. Fleire av eigedommane har private tilkomst til vegen. Vegen dekker få allmenne interesser ut frå det som er nemnt.

Ved privatisering av vegen kan kommunen gjera vedtak om at vegen skal vera open for allmenn ferdsel. I tillegg bør det verte vektlagt at det hensiktsmessig at vegen vert oppretthalden som gjennomgangsveg og mogleg omkøyingsveg.

***Ut frå dette vert tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift-og vedlikehaldsansvar. Vegen skal vera open for allmenn ferdsel.***

### **Liavegen (3)**

Vegen er 4332 m lang asfaltert veg. Vege er ein blindveg til 29 spreidde eigedomar; bustadar og mindre gardsbruk.

Dette er ein rasutsett veg med låg trafikkbelastning. Vegen vert stort sett nytta som adkomst til bustadar/gardsbruk. Tilknytingsveg til Skar og Kvernes er private. Lite eller ingen allmenn interesse.

***Ut frå at dette er ein lang veg med låg trafikkbelastning er det problematisk å omklassifisera den til privat veg. Vegen vert tilrådd å vera kommunal.***

### **Fv 7- Prestavegen v/Årland kyrkje til ny gravplass (4)**


Vegen til kyrkja er 121 m. Tillegg kjem vegen til ny gravplass. Denne vegen er ikkje registrert som kommunal og visast ikkje kartet. Kommunen vedlikeheldar den i dag og meiner den bør vera kommunal. I tillegg er parkeringsplassen kommunal. Stor samfunnsmessige betydning og høg allmenn interesse.

***Vegen og parkeringa vert tilrådd å vera kommunal frå fv 7 til ny gravplass.***


### **Fv 7 – Reistadliane til gamle barnehagen (1016)**

Vegen er asfaltert veg på 429 m. Vegen er ein blindveg med adkomst til omsorgsbustader, Vassloppa barnehage og kommunal institusjon. Vegen har viktige allmenne brukarinteresser og høg samfunnsmessig verdi. Tilkomstvegar til vegen er private med unnatak av veg til Teigabrekka (5) og Reistadliane (1017/1019).

***Vegen bør vera kommunal frå fv 7 til gamle barnehagen.***



### **Teigabrekka (5) – Reistadstølen(1017/1019)**




Nedre Teigabrekka er ein tilførselsveg frå Reistadliane. Vegen er asfaltert veg på totalt 405 m. 19 bustadeigedomar er knytt vegen. Vegen er ein blindveg, med låg trafikkbelastning og med få eller ingen allmenne interesser.

***Ut frå dette vert det tilrådd Teigabrekka og Reistadstølen nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar.***

### **Bygdavegen (6)**

Vegen er 1664 m asfaltert veg med avkjørsle frå fv 7. Vegen er ein blindveg og tener i alt 21 eigedomar, hovudsakleg bustader og gardsbruk innerst i Nordbygda. Vegen mange private tilførselsvegar til bustadområdar på Rødne, Brendahaugen, Heiane og Utgjerde. Frå fv 7 til avkjørsle til Heiane (ca 600m) har vegen høgast trafikkbelastning. Det er i kommuneplane vurdert å legge ut for bustadområde dette området. Nordbygda ungdomshus ligg ved avkjørsle til fv 7 og har viktig samfunnsmessig verdi og stor allmenn interesse. Frå avkjørsle til Heiane til Steintveit (ca 1000m) har vegen låg trafikkbelastning der mesteparten er køyring til eigedommane (ca 19 stk). Det er få allmenne interesser i denne enden av vegen. Vegen bør likevel vera open for turgåarar.





*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen frå avkjøyrsla til Heiane vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar. Vegen skal vera open for allmenn ferdsel. Vegen vert kommunal frå fv7 fram til avkjøyrsla til Heiane.*

### **Fv 7 –Vågabygda –fv 136 (1023)**

Vegen er 201 m. Private tilførselsvegar til fleire eigedommar/gardsbruk og bustadfelt i Storhaugen. Det er ikkje kommunale anlegg i tilknytning til vegen og den har liten samfunnsmessig verdi. Vegen har verdi for allmenta og bør vera open for ferdsel.


*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift-og vedlikehaldsansvar. Vegen skal vera open for allmenn ferdsel.*



### **Bjørkheim Sentrum (1024)**

Vegnettet på Bjørkheim er totalt på 544 m og hovudnettet er regulert som offentleg veg. Området er sentrumsområdet i kommunen og har stor samfunnsmessige verdi. Det er viktig kommunalteknisk anlegg i området, og av stor interesse for allmenta. Kartet nedanfor vert justert i tråd med vedteken plan.

*Ut frå dette vert det tilrådd at hovudvegane i tråd med plan for området er kommunale.*




### **Haukanesvegen 258 og 260, 262 (10 og 11)**

Kommunal veg til 3 bustader. Mest truleg gamal veg til Lønnebakken, som har vorte liggande igjen som registrert kommunal veg i vegdatabanken. Kommune gjer ikkje vedlikehald på desse eigedommane. Det er ikkje allmenne interesser i vegane.

*Ut frå det vert det tilrådd at desse vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar.*

### **Nesjavegen – Samnanger barneskule (12)**

Vegen frå fv 7 til Dråpeslottet barnehage og barneskulen er asfaltert veg på 501 m. Vegen har høg samfunnsmessig verdi og store allmenne interesser. Vegen er regulert til offentleg veg. Gangvegen til skulen/barnehagen frå busslomme er ikkje vist som kommunal gangveg. Denne har høg verdi for allmenta og er viktig skuleveg. Den har høg prioritet med tanke på vedlikehald og vinterberedskap. Det er berre vist delar av denne i kartet. Gangvegen har forbindelse med undergang og gangveg til Haukanesvegen. I vegdatabanken er det vist offentleg veg på stikkveg til privat bustad. For vegstubb mot Lønnebakken vert det vist til teksten for dette området.



*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen og gangvegen er kommunal.*

*Medan stikkveg frå gangvegen til einebustad vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar.*

### **Lønnebakken**

Vegane i feltet er regulert til offentleg veg. Dette er eit tettbygd bustadområde og vegane bør vera kommunal. Vegane har gangavstand til skule og barnehage på Gjerde og skal då ha høg prioritet med tanke på trafikktryggleik, utbetringar og vintervedlikehald. Vegen må verte sett i samanheng med Nesjavegen og Steinslandsvegen, som og er i gangavstand til skule og barnehagen og viktig skuleveg.

*Vegane vert tilrådd å vera kommunale.*

**Steinslandsvegen frå fv 136 - Gjerdsvegen (13a)**

Vegen er regulert som offentlig veg og går gjennom eit område for bustader. Samleveg frå fv 136 til Barneskulen. Stor allmenn interesse og høg grad av samfunnsmessig betydning.

*Vegane vert tilrådd å vera kommunale.*

**Gjerdsvegen (13b)**

Vegen er kommunal frå barneskulen til gardsbruk Gjerdsvegen 61. Vegen er vidare privat til Myra. Kommunen har kommunal teknisk anlegg i enden av vegen. Kommunen brøyter vegen i dag. Vegen har stor verdi for allmenna og høg samfunnsmessig verdi. Det er mogleg å legge bustadfelt i tilknytning til private del av vegen. Det bør og verte vurdert om skiparken i Totræna bør ha tilkomst frå Gjerdsvegen. Kommune bør vurdere på sikt om vegen bør verte oppgradert til kommunal veg.



*Vegen vert tilrådd å vera kommunal som det går fram av kartet. Vegen bør verte vurdert på nytt dersom det vert lagt ut bustadfelt eller legg til rette for anlegg som har høg verdi for allmenta.*

**Bjørkhaugen og Steinslandsvegen (14)**

Vegen er regulert til offentlig føremål og går i område for bustader. Vegen er privat frå snuplass på Steinlandsvegen til Bolstadhaugen.

*Vegane vert tilrådd å vera kommunale.*

**Haga – tilkomst til Tyssevegen (15)**

Asfaltert veg på 130 m. Vegen er tilknytingsveg frå fv 136. Den er ein blind veg til 8 bustader. Vegen har ikkje allmenn interesse og vert nytta i samband med køyring til eigedommane.

*Ut frå det vert det tilrådd at desse vert nedklassifisert til privat veg med drift- og vedlikehaldsansvar.*

**Hagabakkane – Idrettsanlegget- Tveit –Langeland (16)**

Vegen er 3391 m asfaltert gjennomgangsvog, som går inngår i kommunen sitt regionale vegnett. Vegen har stor allmenn brukarinteresser opp til kommunen sitt idrettsanlegg.

Det er ei rekkje private tilførselsvegar til Tveitarås, Nytveit, Austbø, Haugen og Tveit.

*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen er kommunal.*

**Totrævegen (Årheiane 17)**

Den kommunale vegen er ein 564 m asfaltert blindveg, og går opptil snuplass/parkering på Nygård. Privat tilkomstveg går til Nortveit. Frå Nygård fortsett vegen vidare som privat veg til enden av vegen. Der er og ein privat parkeringsplass med betalingsavgift for dei som vil bruka skiparkanlegget.

Samnanger idrettslag (SIL) har planar for å utbetre vegen og forlengje nærare mot skiparken. Det er ca 6 eigedomar/gardsbruk langs heile vegen. Det er stor allmenn interesse for å komme til Totræna skipark.

SIL har gjennom kommunalt tilskot fått vegen brøyta av kommunen heilt opp til privat parkering. Særskilt den private delen av vegen er svært dårleg, og både verneombod og tillitsvalte har varsla kommunen om at det ikkje forsvarleg å utsette brøytemannskapet for dette arbeidet. Roden for brøytinga i komande vintersesong vil verte ved kommunal veg fram til snuplass/parkering i vintersesongen. Det bør verte vurdert om det skal etablerast ny tilkomst til skiparken frå Gjerdsvegen (Myra). Dersom det let seg gjera bør ei nedklassifisering av den kommunale vegen verte vurdert på ny.


**Ut frå dette vert det tilrådd at vegen er kommunal fram til Nygård og at det vert brøyta til snuplassen/parkering dvs enden av kommunal veg.**

**Nyutletræ (1049)**

Vegen er 1099 m asfaltert veg med ca 5 eigedommar langsvegen, samt nokon fritidseigedommar. Vegen er ein blindveg med ingen tilknytingsvegar.

Vegen har få eller ingen interesse for allmenta. Det er ingen kommunale anlegg i tilknytning til vegen. Vegen er dårleg treng vedlikehald. Verneombod og tillitsvalt har varsla om at det ikkje er forsvarleg å brøyte vegen. Brøyting av vegen har låg prioritet og vil verte utført når det er forsvarleg.

**Ut frå dette vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar. Vegen må ha nødvendig vedlikehald før nedklassifisering.**

**Tysselandsvegen frå fv 134 over Tysselandbrua (19)**

Vegen er 455 m asfaltert blindveg. Det er 6 eigedomar/gardsbruk knytt til vegen. Det er få eller ingen allmente interesser eller kommunale anlegg knytt til vegen. Brua over elva treng vedlikehald.

**Ut frå det vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar. Brua må ha nødvendig vedlikehald før nedklassifisering.**

**Totlandsvegen (1043)**

Vegen er 115 m asfaltert veg. Vegen er knytt til to eigedommar og tilførselsveg til privat blindveg med eigedommar/gardsbruk. Det er få eller ingen allmenne interesser i området.



*Ut frå det vert det tilrådd at desse vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar.*

### Fv 134– Frølandskule (20)





Vegen er 95 m asfaltert veg inn til tidlegare Frøland skule, no privat eigar. Vegen har liten eller allmenne interesser og det er ikkje knytt kommunale anlegg til vegen.

*Ut frå det vert det tilrådd at desse vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar.*

### Frøland bru – Jarland (21)

Vegen er 538 m asfaltert veg. Vegen forsett som privat veg til gardsbruk i Holmane og rundt 30 hytter, samt til ca 5 eigedommar/gardsbruk på Haug og nokre hytter. Det kan vera allmenne interesser i begge endane av vegen. Det er ikkje kommunale anlegg i tilknytning til vegen. Det er og ein kommunal vegstubb til brua på Jarlandsvegen (ikkje merka i kartet). Brua er dårleg og må ha vedlikehald. Vegen går til 8 eigedomar/gardsbruk.



*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg frå fv7 med privat drift- og vedlikehaldsansvar. Vegen skal vera open for allmenn ferdsel.*

### Fjellheimsvegen (1039)



Vegen er 411 m asfaltert veg. 24 eigedomar og eit ungdomshus er knytt til vegen. Vegen er blind veg og det er ikkje kommunale anlegg i området. Vegen har ikkje samfunnsmessig verdi, men ungdomshuset har noko verdi for allmenta.

*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar. Vegen skal vera open for allmenn ferdsel.*


**Indre Tysse (1040)**

Vegen er 551 m delvis asfaltert veg. Vegen er knytt til 12 eigedomar/gardsbruk inkl. eit forsamlingshus og ei mindre næringsverksemd. Vegen har liten samfunnsmessig verdi og det er ikkje kommunale anlegg i tilknytning til vegen. Det er liten interesse for allmenta.

*Ut frå dette vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drifts- og vedlikehaldsansvar.*

**Ytre –Tysse – Tyssereinane –fv 48 (22a 22b)**

Vegen opptil ungdomsskulen er 146 m asfaltert veg. Vegen er viktig for allmenta og er av stor samfunnsmessig verdi. Vegen over Tyssereinane til Ytre Tysse er 1093 m. Vegen er delvis asfaltert og delvis dårleg grusveg. Vegen er regulert til offentleg veg og delvis gangveg. Vegen er tilførselsveg til offentleg høgdebasseng. Vegen er eit viktig utfartsmål for allmenta.



*Ut frå dette vert det tilrådd at vegane er kommunale.*

**Vegstubb fv 48-Gaupholm (25 a, 25b)**


Vegstubb innkøring til Gaupholm, 70 m og vegstubb på 19 m er merka som kommunale vegar i statistikkbanken. Dette er mest truleg ”restar” frå tidlegare bygdeveg. Desse bør utgå.



*Ut frå dette vert tilrådd at desse vegane vert nedklassifisert til privat veg med privat drift-og vedlikehaldsansvar.*

**Veg fv 48 - Gaupholm kai (25 c, 25d)**

Vegen er 350 m grusveg ned til privat kai. Det er 2 eigedomar knytt til vegen. Vegen og kaia har liten eller ingen samfunnsmessig verdi og har liten eller ingen interesse for allmenta. Det er ikkje kommunale anlegg i tilknytning til vegen.




**Ut frå dette vert tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift-og vedlikehaldsansvar.**

### **Sandvik (26)**

Vegen er 262 m og del av tidlegare bygdeveg. Vegen kan verte nytta som snarveg mellom fv 48 og fv 135 til Utskot. Vegen har ikkje samfunnsmessig betydning og det er ikkje kommunale anlegg i tilknytning til vegen. Vegen kan ha ein viss interesse for allmenta.

**Ut frå dette vert det tilrådd at vegen vert nedklassifisert til privat veg med privat drift-og vedlikehaldsansvar. Vegen skal vera open for allmenn ferdsel.**



### **Konklusjon**

Ut frå dei prinsippa som er lagt til grunn vert det tilrådd at følgjande vegar vert nedklassifisert til privat veg med privat drift- og vedlikehaldsansvar (*nr i parentes viser til bilder i vedlegget*);

- Raunkleivvegen (1 og 2)
- Teigabrekka –Reistadstølen (5,1017,1019)
- Bygdavegen frå krysset til Heiane fram til Steintveit (6)
- Vågabygda (1023)
- Haukanesvegen 258, 260, 262 (10,11)
- Stikkveg frå Nesjavegen 9 til gangvegen (12)
- Haga – frå fv136 til Tyssevegen 115 (15)
- Frå fv 134 til Nyutletræ (1049)
- Frå 134 - Tysslandsvegen – Tysslandsbrua (19)
- Totlandsvegen (1043)
- Totlandsvegen - Frøland skule (20)
- Frå fv 7 – Jarland og mot Haug/Holmane (21)
- Fjellheimsvegen (1039)
- Indre Tysse (1040)
- Fv 48 –Gaupholm (25a,25b)
- Fv – Gaupholm Kai (25 c,25d)
- Sandvik (26)

Før kommunen gjer endeleg vedtak om nedlegging av kommunale vegar, bør det verte henta inn uttal e frå brukarane av dei vegane som vert tilrådd nedlagt i denne saka.

Saka vert kunngjort og lagt ut på høyring med 4 vekers frist, og høyringa bør vere grunnlag for endeleg vedtak i saka.


## 16 av 289

Vedtak om nedlegging av kommunale vegar vert gjort med heimel i veglova. Det er ikkje klagerett på slike saker i følgje veglova. Det vert derfor opptil kommunen om i kva grad den ønskjer å legge vekt på høyringsuttalane. Nedlegging av kommunale vegar gjeld frå det tidspunkt endeleg vedtak vert vedteke.




## **Kommunale vegar i Samnanger kommune**

## Kv1




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1	1	0	1	17	17	1	1	0	17
Kv1	1	17	1	127	110	1	1	17	127
Kv1	1	127	1	206	79	1	1	127	206

## Kv2



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv2	1	0	1	206	206	2	1	0	206
Kv2	1	206	1	219	13	2	1	206	219
Kv2	1	219	1	242	23	2	1	219	242
Kv2	1	242	1	257	15	2	1	242	257
Kv2	1	257	1	553	296	2	1	257	553
Kv2	1	553	1	604	51	2	1	553	604
Kv2	1	604	1	760	156	2	1	604	760

## Kv3



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv3	1	0	1	4332	4332	3	1	0	4332

## Kv4




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv4	1	0	1	121	121	4	1	0	121

## Kv5



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv5	2	0	2	58	58	5	2	0	58

## Kv6



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv6	1	0	1	26	26	6	1	0	26
Kv6	1	26	1	101	75	6	1	26	101
Kv6	1	101	1	191	90	6	1	101	191
Kv6	1	191	1	341	150	6	1	191	341
Kv6	1	341	1	533	192	6	1	341	533
Kv6	1	533	1	579	46	6	1	533	579
Kv6	1	579	1	585	6	6	1	579	585
Kv6	1	585	1	1184	599	6	1	585	1184
Kv6	1	1184	1	1257	73	6	1	1184	1257
Kv6	1	1257	1	1533	276	6	1	1257	1533
Kv6	1	1533	1	1658	125	6	1	1533	1658
Kv6	1	1658	1	1664	6	6	1	1658	1664

## Kv10



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv10	1	0	1	57	57	10	1	0	57




## Kv11




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv11	1	0	1	71	71	11	1	0	71

## Kv12




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv12	1	0	1	334	334	12	1	0	334
Kv12	1	334	1	501	167	12	1	334	501
Kv12	2	0	2	53	53	12	2	0	53
Kv12	3	0	3	70	70	12	3	0	70

## Kv13




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv13	1	0	1	78	78	13	1	0	78
Kv13	2	0	2	70	70	13	2	0	70
Kv13	2	70	2	148	78	13	2	70	148
Kv13	4	0	4	48	48	13	4	0	48
Kv13	5	0	5	8	8	13	5	0	8
Kv13	5	8	5	109	101	13	5	8	109
Kv13	5	109	5	323	214	13	5	109	323

## Kv14




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv14	1	0	1	91	91	14	1	0	91
Kv14	2	0	2	142	142	14	2	0	142

## Kv15




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv15	1	0	1	130	130	15	1	0	130

## Kv16



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv16	1	0	1	421	421	16	1	0	421
Kv16	1	421	1	709	288	16	1	421	709
Kv16	1	709	1	1099	390	16	1	709	1099
Kv16	1	1099	1	1225	126	16	1	1099	1225
Kv16	1	1225	1	3391	2166	16	1	1225	3391
Kv16	2	0	2	92	92	16	2	0	92

## Kv17



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv17	1	0	1	429	429	17	1	0	429
Kv17	1	429	1	564	135	17	1	429	564


## Kv19



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv19	1	0	1	180	180	19	1	0	180
Kv19	1	180	1	414	234	19	1	180	414
Kv19	1	414	1	455	41	19	1	414	455




## Kv20




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv20	1	0	1	25	25	20	1	0	25
Kv20	2	0	2	38	38	20	2	0	38
Kv20	2	38	2	70	32	20	2	38	70

## Kv21



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv21	1	0	1	109	109	21	1	0	109
Kv21	1	109	1	346	237	21	1	109	346
Kv21	1	346	1	538	192	21	1	346	538

## Kv22




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv22	1	0	1	115	115	22	1	0	115
Kv22	1	115	1	263	148	22	1	115	263
Kv22	1	263	1	715	452	22	1	263	715
Kv22	2	0	2	146	146	22	2	0	146

## Kv25




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv25	1	0	1	89	89	25	1	0	89
Kv25	1	89	1	262	173	25	1	89	262
Kv25	10	0	10	19	19	25	10	0	19
Kv25	11	0	11	70	70	25	11	0	70

## Kv26



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv26	1	0	1	95	95	26	1	0	95
Kv26	1	95	1	254	159	26	1	95	254

## Kv27




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv27	1	0	1	134	134	27	1	0	134

## Kv29



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv29	1	0	1	273	273	29	1	0	273
Kv29	6	0	6	45	45	29	6	0	45

## Kv30



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv30	1	0	1	62	62	30	1	0	62



## Kv1005




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1005	1	0	1	67	67	1005	1	0	67
Kv1005	1	67	1	178	111	1005	1	67	178
Kv1005	1	178	1	302	124	1005	1	178	302
Kv1005	1	574	1	587	13	1005	1	574	587
Kv1005	1	587	1	605	18	1005	1	587	605
Kv1005	2	0	2	246	246	1005	2	0	246
Kv1005	3	0	3	45	45	1005	3	0	45
Kv1005	3	45	3	265	220	1005	3	45	265
Kv1005	3	265	3	342	77	1005	3	265	342
Kv1005	4	0	4	67	67	1005	4	0	67
Kv1005	5	0	5	55	55	1005	5	0	55

## Kv1006



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1006	1	0	1	461	461	1006	1	0	461
Kv1006	1	461	1	477	16	1006	1	461	477


## Kv1016



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1016	1	0	1	14	14	1016	1	0	14
Kv1016	1	14	1	20	6	1016	1	14	20
Kv1016	1	20	1	192	172	1016	1	20	192
Kv1016	1	192	1	194	2	1016	1	192	194
Kv1016	1	194	1	234	40	1016	1	194	234
Kv1016	1	234	1	350	116	1016	1	234	350


Kv1016	1	350	1	396	46	1016	1	350	396
Kv1016	1	396	1	429	33	1016	1	396	429
Kv1016	2	0	2	10	10	1016	2	0	10

## Kv1017



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1017	2	0	2	65	65	1017	2	0	65
Kv1017	3	0	3	87	87	1017	3	0	87
Kv1017	3	87	3	107	20	1017	3	87	107

## Kv1019



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1019	1	0	1	347	347	1019	1	0	347

**Kv1023**

Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1023	1	0	1	25	25	1023	1	0	25
Kv1023	1	25	1	48	23	1023	1	25	48
Kv1023	1	48	1	70	22	1023	1	48	70
Kv1023	1	70	1	152	82	1023	1	70	152
Kv1023	1	152	1	201	49	1023	1	152	201

## Kv1024




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1024	1	0	1	54	54	1024	1	0	54
Kv1024	2	0	2	63	63	1024	2	0	63
Kv1024	2	63	2	115	52	1024	2	63	115
Kv1024	2	115	2	127	12	1024	2	115	127
Kv1024	2	127	2	319	192	1024	2	127	319
Kv1024	2	319	2	345	26	1024	2	319	345
Kv1024	2	345	2	377	32	1024	2	345	377
Kv1024	3	0	3	113	113	1024	3	0	113

## Kv1031



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1031	1	0	1	389	389	1031	1	0	389
Kv1031	1	389	1	485	96	1031	1	389	485


## Kv1034



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1034	1	0	1	130	130	1034	1	0	130
Kv1034	1	130	1	315	185	1034	1	130	315
Kv1034	1	315	1	436	121	1034	1	315	436
Kv1034	2	0	2	42	42	1034	2	0	42
Kv1034	2	42	2	98	56	1034	2	42	98




## Kv1039




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1039	1	0	1	411	411	1039	1	0	411

## Kv1040




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1040	1	0	1	305	305	1040	1	0	305
Kv1040	1	305	1	551	246	1040	1	305	551

## Kv1043




Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1043	1	0	1	115	115	1043	1	0	115

## Kv1049



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1049	1	0	1	1099	1099	1049	1	0	1099

## Kv1060



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kv1060	1	0	1	63	63	1060	1	0	63
Kv1060	1	63	1	150	87	1060	1	63	150

## Kg136



Veg	FHp	FMeter	THp	TMeter	Lengde	Vegnummer	Hovedparsell	FraMeter	TilMeter
Kg136	1	1810	1	1820	10	136	1	1810	1820
Kg136	1	1820	1	1999	179	136	1	1820	1999
Kg136	1	1999	1	2017	18	136	1	1999	2017
Kg136	201	40	201	46	6	136	201	40	46
Kg136	201	46	201	303	257	136	201	46	303



## Avvik på kommunale vegar i Samnanger kommune



Bakgrunn for rapporten.

Teknisk eining har kartlagt samtlege vegar i Samnanger kommune. Dette vart gjort etter gjentekne klagar frå publikum både sommar og vinter. I tillegg er varamurar og rekkverk langs vegane inspiserte samt alle kommunens bruer. Teknisk har og hatt sterk fokus på rasproblema i kommunen, då me har hatt opptil 10 små og store ras årleg dei siste tre åra.

For å få synleggjort problema for dei folkevelda har teknisk eining og vegnemda vore på synfaring i heile Samnanger kommune. Denne synfaringa vart halden den 24.06.2013.

Det vart konkludert med at den generelle vegstandarden er for dårleg i SK, samt at teknisk eining utarbeider ein rapport i etterkant av synfaringa.

## Status

Kommunens vegar er svært gamle og held ikkje den standaren som må forventast på kommunale vegar. På 1970-tallet vart vegane oppgraderte frå grusvegar til vegar med asfalt.

Arbeida vart utført på billegaste måte, 5-10 cm grus vart lagt på toppen av gamle grusdekker og deretter vart det lagt fast dekke, ofte med oljegrus på toppen.

Den gongen var målet å få fast dekke på meist mogleg kilometer vei. Kravet til kvalitet på grus og asfalt var ikkje på dagens nivå. Endringane i kravspesifikasjon til vegdekker har ein ikkje klart å fylgje opp i Samnanger kommune.

Forsterkningsarbeid og grusmengd vart redusert til langt under det som er forsvarleg, dette for å spare pengar. Når ein skulle leggje faste dekker i Samnanger skifta ein ikkje ut grunnlagsmassane under grusen, men la asfalt eller oljegrus direkte opp på eksisterande grunnlagsmassar. Dei same telefarlege grunnlagsmassane ligg i dei fleste kommune vegar framleis. Når me veit at me i dag har langt større og tyngre kjøretøy enn på 1960 og 70 talet, seier det seg sjølv at belastninga på vegane vert større enn dei den gong vart bygd for. I tillegg kjem auka trafikkettleik.

Det har kome nye krav til standard på bruer og føringskantar, dette for å sikra stadig større og tyngre kjøretøy. Desse krava er det i liten grad tatt omsyn til på det kommunale vegnettet. Dette fekk me eit døme på i juni 2013 når brua ved Ådland Kyrkje braut saman då ein lastebil kjørte over brua.

Det manglar grøftar og fleire av stikkrennene er steinsette og underdimensjonerte.





Store delar av Samnanger kommune sitt kommunale vegnett er svært dårleg og sporete. Einskilde vegar har opptil 20 cm djupe spor. Dette er trafikkfarleg, særskilt vinterstid då det hindrar effektiv brøyting.

Dette har være kjent i fleire år og problemet vart i 2002 og i 2004 tatt opp i notat til Teknisk sjef frå John Inge Sandvik som då var leier for drift og vedlikehaldsavdelinga.

Det vart i 2004 gjort berekningar som synte at det ville koste om lag 5 millionar å rusta vegane opp til ønska standard, estimert utbetningskostnad har sidan den gong auka betydeleg. Lite vart gjort før i 2012 då me fekk lagt asfalt på nokre av dei kommunale vegane, tre bruer vart ombygde/ reparerte, noko rassikring vart utført itillegg til grøftereinsking. Det er grunn til å påpeike at asfaltering av vegane berre er ei midlertidig løysing, av di me ikkje har skifta grunnmassane. Med dei dårlege grunnmassane me har i dag vil problema med sporing og telehiv kome att i løpet av få år.

Varamurane langs vegane vart bygde for 40 til 60 år sidan, dei er i dårleg forfatning. Varamurane vart på den tida ikkje forankra, men vart støypte utan armering.

Desse varamurane er no i ferd med å gå i oppløysing, nokre av murane er under 20 cm høge.

Årsaka er grus- oljegrus- og asfaltlaga som har vorte lagt dei siste 20 åra, utan at varamurane har vorte bygd på som kompensasjon for høgre vegdekkjer.

Dette medfører at sikkerheita desse murane skal ivareta, omlag er borte.

Grøftereinsk, skoging og krattreinsk langs kommunale vegar har vorte nedprioriterte, og lite har vorte utført dei siste åra.

Busker og trær langs vegane har no vorte so høg at skoging i grøftekantar og siktsonar må til for å oppretthalda trafiksikkerheita.

Når det ikkje er grøfter langs vegen vil vatten verte liggjande over tid langs vegen og trekkja inn i massane under vegbana og seinare løyse opp asfaltdekkene. Kalde vintrar vil difor gje betydelege telehiv som igjen gjer at framkomelegheita vert sterkt redusert.

Vegane er no stadvis nedkøyrde, samt at det har danna seg djupe spor som det vert liggjande snø og is i . Dette medfører dårlegare brøytestandard. Kostnadane til salt og sand aukar parallelt med auka strøing.

Dagens standard på vegane i Samnanger kommune gjer det vanskeleg å utføra eit tilfredstillande vintervedlikehald.

Bilar og utstyr vert utsette for store påkjenningar og utgiftene til vedlikehald av desse aukar dramatisk, levetida på dette utstyret vil naturleg nok verte redusert.

Personell som driver med vintervedlikehald vert utsett for store belastningar. Dette har me hatt fleire døme på dei siste åra. At me har unngått alvorlege ulykker på tilsette må tilskrivast flaks og dyktigheit blant dei tilsette som driv med spesielt vintervedlikehald. Dette arbeidet vert i dag ikkje utført i forhold til HMT forskrifta me er pålagd å fylgje.

Totrævegen.




Liavegen.



Nyutløtævegen




Bilde frå Bygdavegen.





Hagabakkane





### **Fjellreinsk / rassikring.**

Fleire områder langs kommunale vegar må kvart år ha systematisk fjellreinsk, dette er arbeid som krev mykje ressursar og har ein høg kostnad.

Fortau og skulevegar må sikrast med nett slik at ein kan være trygg for stein- og issprang. Med dagens budsjett er det ikkje mogleg å få utført dette arbeide på ein tilfredstillande måte. Det som skjer i dag er at ein fjernar stein og is som kjem ned, mens systematisk sikring av stein, tre og blokker som ligg i skråningar og fjellsider vert forsømt.

Viktigheita av slik sikring fekk me eit forvarsel på i 2012, i Hagamulen, kor ein stor stein lausna og rasa ned på gangvegen som går opp til huset.

Områder som krev tiltak er : Liavegen, Hagabakkane, Nyutløtræ, Totræ, Lønnebakken, Indre Tysse og vegen opp til Tysse ungdomsskule.


### **Hagamulen / ras**







Varamurar og rekkverk.





### **Konklusjon.**

Samnanger kommune sine vegar må ivaretakast på ein betre måte slik at forfallet stoppast.

Skal vegane gjenoppbyggjast og forsterkast slik at dei står i forhold til dagens krav og behov må dette prioriterast dei nærmaste åra.

Det må utarbeidast ein opptrappingsplan og tilførast pengar slik at planane kan gjennomførast. Løyvingane til kommunale vegar styrar det teknisk eining kan få utført.

**Etter dagens HMT krav bør ein ikkje brøyta vegar som har så dårleg sikring som Totrævegen og Nyutløtrævegen.**

**Velgjer ein å ikkje gjera desse investeringane må det vurderast å klassifisere nokre av vegane ned til 5 tonns akseltrykk samt at Nyutløtrævegen og Totrævegen vert vinterstengde.**

### **Veglys.**

Samnanger kommune har ein stor mengde veglys både på kommunale vegar og ikkje minst på private vegar. Det kan sjå ut som om Samnanger kommune har vore vel raus når det gjeld oppføring av veglys på private vegar.

Mange av desse lysa har ikkje fotocelle eller ur, noko som gjer at dei står på heile døgret. Dette er dårleg miljøpolitikk og ikkje minst dårleg økonomisk lysbruk.

Det var sikkert gode argument for å montere gatelys på private vegar for 30 til 40 år sidan, men desse argumenta er meist truleg ikkje til stades no.

Veglysa er gamle og mange må skiftast dei kommande åra. Samnanger kommune må dokumentere utfasing av kvikksølvampar i hending til EU forordning nr 245/2009 av 18 mars 2009. Denne krev at sal av Hg-ampar vil verte stoppa i "første marketføringsledd" pr. april 2015.

Dette tiltaket vil ha ein god miljøvinst, men for å oppnå den vinsten må me investera i ny teknologi og ha ein kritisk gjennomgang på dei lysa ein har i dag. Arbeidet med lokalisering av alle kommunens gatelys har Teknisk eining starta, og arbeidet vil verte ferdig i 2013.

Teknisk eining kjem med forslag på dei gatelys som bør fjernast / overtakas av private, dette vil verte framlagt til politisk handsaming. Rapport frå dette arbeidet vil verte ferdig i fyrste halvdel av 2014.

Det må deretter takast opp med dei som har kommunale veglys på private vegar og eigedomar om overtaking av installasjonane og driftsansvaret for desse.

Det må utarbeidast ein plan for utskifting av lampar og utfasing av veglys etter politisk vedtak.

### Bruer.

Det er eit stort etterslep på bruvedlikehaldet i kommunen. Enkelte bruer har så store skader at det medfører redusert bæreevne og derav redusert trafiksikkerheit.

3 bruer har vorte oppgraderte i løpet av 2012 og 2013.

### Konklusjon.

Utarbeidd rapport frå brukontrollen må leggjast til grunn, samt at det må avsetjast pengar årleg fram til oppgraderinga og etterslepet i vedlikehaldet er fullført.

#### Arbeid som må utførast på kommunalt vegnett, bruer m.m.

Stad	Avvik	Tiltak	Mengde	Kostnad
Vegkryss Tveiterås - Hagabotnane	Store spor og dårleg vegdekke	Grøftereinsk og skifting av stikkrenne. Armere deler av veg med forsterknigslag og geonett. Leggje toppdekke i asfalt.	2800m <sup>2</sup>	520000
Vegkryss Tveiterås - Hagabotnane	Lav mur og høg kant	Montere rekkverk	120m	180000
Hagabakkane	Smal veg med dårleg sikra vegkantar. Bussar kjem ikkje opp grunna skarpe svingar. Det manglar rekkverk og grøfter fleire stader. Farleg for mjuke trafikantar.	Utviding av veg til 5m breidde og sikring med rekkverk. Sikring av mjuke trafikantar med skilje linje. Deler av vegen så dårleg at massane må utskiftast.(200m)	952 m	3000000
Nyutløtræ	Nedslitt dekke. Vegen er rasfarleg.	Utviding av veg frå kryss Kvitingsvegen og 50 m oppover. Fjellsikring og rekkverk der som murane ikkje tilfredstiller dagens krav.		

	Manglar rekkverk	Montere rekkverk	700 m	840000
	Fjellsikring	Sikre rasfarleg område	2000m2	1000000
	Manglar grøfter	grøftereinsk	1700m	40000
	Defekte stikkrenner	Rep. stikkrenner	4	35000
	Dårleg underlag, telefarlege massar	Armering av veg m/geonett og oppretting med asfalt	1100m2	220000
	Utslete asfalt/oljegrusdekke	Liming og leggje nytt asfaltdekke	4000m2	540000
Vågabygdsvegen	Utslete asfaltdekke. Vegen manglar grøftar	Grøftereinsk, oppretting med asfalt og reasfaltere.	2000m2	280000
Bygdavegen ( over for brua)	Store telehiv i vegen.	Masseutskifting .	500m	1000000
Bygdavegen(nedste del som ikkje er asfaltert	Nedslete asfaltdekke	Forsterking og reasfaltering	1200m2	190000
Bygdavegen	Murane er trafikkfarlege.	Montering av rekkverk	130m	156000
Bygdavegen	Dårlege grøftar som gjer at vattnet trekk inn i vegbana.	Grøftereinsk		30000
Tyssereinane	Veg helt på å gli ut 2 stader	Sikring av mur og veg	2 områder	150000
Tyssereinane	Manglar rekkverk ved bruer	Montere rekkverk	40 m	50000
Gamlehusvegen	Asfalt er nedkjørt .	Reasfaltering.		70000
Vonheimbakken	Djupe spor i vegbana som gjer vintervedlikehaldet problematisk.	Reasfaltering	400 m2	98000
Liavegen	Varamurane er for låge.	Montere rekkverk	1500 m.	1800000
Liavegen	Varamurane eroderar	Støyping, bolting	100 m2	400000
Liavegen	Ras farleg område	Fjellreinsk med kran og fjellklatrar	Mest utsette områder	300000
Indre Tysse	Manglar rekkverk	Montere rekkverk	100 m	120000
Indre Tysse	Nedslite asfaltdekke	Grøftereinsk ,forsterkning og reasfaltering	800 m2	150000
Lønnebakken	Stein faller ned, ras farleg	Fjellreinsk / rassikring med nett og bolt	350 m2	350000

Krysse opp til ungdomsskolen Tysse	Rasfarleg , is og stein faller ned kvar vinter.	Fjellreinsk/ rassikring med isnett og bolt	100 m2	100000
Indre Tysse fjellskjering opp til Fjordtønna i	Stein og is faller ned, ras farleg	Fjellreinsk/ rassikring med isnett og bolt	200 m2	200000
Totrevegen	Rassikring	Geolog?????		Usikker kostnad
Veg Lønnebakken bustadfelt. (deler)	Asfalt krakelert og går i oppløysning	Reasfalterast. Nedre del må grøftene reinskast	6100 m2	800000
Raunekleivsvegen	Vatten renn inn i vegen	Grøftereinsk	1800 m	40000
Steinslandsfeltet	Slitt vegdekke	Oppjustering kummer og reasfalterast	3000 m2	400000
Bjørkhaugen	Slitt vegdekke	Grøftereinsk, oppjustering og asfalteing.	2000m2	250000
Steintveit bru (Bygdavegen)	Rekkverk tilfredsstillar ikkje dagens krav og er trafikkfarleg.	Montere rekkverk		30000
Jarland bru	Hovedbjelke kraftig korrodert som kan medføre trafikkfare. Manglar rekkverk som tilfredsstillar dagens krav til trafikk sikkerheit.	Sandblåse og male hovuddragar og montere rekkverk som manglar.		163000
Tysse Reinane bru 2	Manglar rekkverk med nedføring i begge endar	Montere rekkverk		70000
Tysslandsbrua	Rustskader og deler må skiftast. Manglar nedføringar i begge endar.	Sandblåstast ,malast og defekte deler skiftast. Begge ender av bru rekkverk må forsterkast og det må lages nedføringar.		200000
Bru Ådland	Skader i betongmasse-undersida av brudekke.	Rehabiliterare skadane		70000
			<b>sum</b>	<b>13.842.000</b>











## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Erdal	<b>Arkivkode:</b> FE-231
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/860	<b>Løpenr:</b> 15/7721
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	033/15	NE

## KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2016

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2016 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikt. Satsar knytt til praktisk bistand i heimen vert regulert i samsvar med staten sine maksimumssatsar.

**Dokument som er vedlagt:**

Kommunale avgifter og gebyr 2016.

**Kva saka gjeld:**

Kommunen utfører ei rekkje tenester for innbyggjarane, og nokre av desse vert det kravd betaling for. Det er ulike reglar for korleis kommunane kan ta betalt for tenestene. For nokre tenester er det staten som bestemmer satsane. Dette gjeld for eks. maks pris for foreldrebetalinga i barnehagen, og for nokre grupper også betaling for heimebaserte tenester.

For andre tenester har staten sett som føresetnad at brukar betalar det som det kostar – sjølvkostprinsippet. Dette gjeld dei fleste tenester som teknisk eining kan ta betalt for. Definisjon for sjølvkost er den totale kostnaden ein kommune får ved å produsera ei bestemt vare eller teneste uavhengig av finansieringsform. Det er og eit prinsipp at ein generasjon ikkje skal subsidiera eller bli subsidiert av neste generasjon. Det er fleire forskjellige sjølvkostområde, og for nokre av dei, som for eks tømning av slamavskiljar, er det lovmessig krav om at sjølvkost skal danna grunnlaget for brukarbetaling. For andre område, for eks vatn og avløp, er ikkje kommunen pålagt full kostnadsdekning og kan finansiera desse gebyrområda med andre driftspengar. Kommunen kan derimot pålegga seg sjølv å ha full kostnadsdekning, og Samnanger kommune har som prinsipp at det så langt det er mogeleg skal vera full sjølvkost på alle gebyrområde der sjølvkost set den øvre ramma for brukarbetaling.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Rådmannen har lagt inn ein auke på dei fleste satsane på 3%. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 2,7 % og lønnsvekst inngår i denne med 2,7 %.

Litt om bakgrunnen for fastsetting av nokre av gebyra:

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 på 7,4 %. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år, og det baserer seg på ein forventning om 0,5 % auke i sysselsetting, 2,7 % lønsvekst og at skattedel av inntektene skal utgjera 40 %. Skatteøyret er for 2016 auka med 0,45 % til 11,80 %. I skatteprognosen for 2016 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2015 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna

#### Meld. St. 1

(2015-2016)  
Melding til Stortinget

Nasjonalbudsjettet 2016





inntektsutjamning i statsbudsjettet. Kommunane bør ta omsyn til lokale tilhøve knytt til skatteutvikling.

### **Inntektsutjamning av skatteinntekter** jamnar ut skilnader mellom kommunane, og den



omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skatteytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. For kommunane vart det i 2005 innført ei ordning med symmetrisk inntektsutjamning. Det er ikkje foreslått endringar i 2016. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet får kompensert 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang

over landsgjennomsnittet vert trekt med 60% av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Det er ingen endring i tilleggskompensasjonen: Kommunar med skatteinntekt under 90% vert som før kompensert for 35% av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90% av landsgjennomsnittet. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at kvar kommune vert trekt med ein lik sum pr. innbyggjar. Samnanger har dei siste åra hatt skatteinntekter på ca 94% av landsgjennomsnittet før ein tek omsyn til inntektsutjamning. Inkludert inntektsutjamning låg Samnanger i 2014 på 96,1 % (96,7 % i 2013) av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga for den einskilde kommune vert berekna fortløpande ti gonger i året etter kvart som skatteinngangen er kjend. Dette betyr at det er inntektsutjamning ved alle ti terminutbetalingar av rammetilskot. Endeleg fordeling vil skje når skattetala ligg føre i februar året etter.

### **Rammetilskot**

Rammetilskot består av: Innbyggjartilskot, omfordeling (t.d utgiftsutjamning, inntektsgarantiordninga INGAR) og regionalpolitisk tilskot (t.d småkommunetilskot og skjønn). *Innbyggjartilskotet* blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp pr innbyggjar som i 2016 er på kr 22 668,- (kr 22 425 i 2015), deretter skjer ei omfordeling mellom kommunane i høve til kriteriedata og kostnadsnøklar (*utgiftsutjamning*), korreksjonsordning for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR) .

#### *Omfordeling:*

*Utgiftsutjamninga* i inntektssystemet er grunngeve med at tilhøve av demografisk, geografisk og sosial art gir strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad kan påverka. For at kommunesektoren skal kunne gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må det takast omsyn til slike strukturelle kostnadsskilnader ved fastlegging av dei økonomiske rammene til den einskilde kommune. Eksempel på slike kostnadsskilnader er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innan kommunen. Utgiftsutjamning er ei rein omfordeling, det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar. Det er også nødvendig å foreta inntektsutjamning av skatteinntektene for å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadane.

Målet med kostnadsnøkkelen er å jamna ut ufrivillege kostnadsulemper i kommunal tenesteproduksjon. Det er kommunane som tilbyr dei viktigaste velferdstenestene som grunnskule og pleie- og omsorg. Det er derfor avgjerande at kostnadsnøkkelen er oppdatert. Det vart lagt opp til revisjon kvart 4. år. Neste skulle vera no i 2015, men det er ikkje kome noko informasjon om at kostnadsnøklane vert endra for 2016. Det er i staden varsla at heile rammetilskotsordninga er til vurdering, og kommunane vil snart få til høyring ein ny finansieringsmodell.

Utgiftsutjamninga gjer at Samnanger kommune får eit tillegg på kr 5 985 kr pr innbyggjar, totalt kr 14 240 000 . Tilsvarende tal i 2015 var kr 6 087 pr innbyggjar , totalt kr 14 870 000. Reduksjonen i inntektsutjamning pr innbyggjar kjem av at den berekna behovsindeksen er redusert frå 1,1309 i 2015 til 1,1244 i 2016.

*INGAR* tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øymerka tilskot, oppgåveendring og endringar i kriteriedata og skal vera med på å gjera inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. *INGAR* blir finansiert gjennom eit likt trekk pr innbyggjar på kr 57 og kompenserer dei kommunane som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn -98 kr pr innbyggjar. Samnanger bidrar med totalt kr 141 000 til *INGAR*-ordninga i 2016.

### **Regionalpolitiske tilskot**

*Småkommunetilskotet* vert gitt til kommunar med færre enn 3200 innbyggjarar For å få småkommunetilskot må kommunen i tillegg ha ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet. Samnanger kommune får småkommunetilskot i 2016 på kr 5 475 000 som i 2015. Det er ikkje lagt opp til å prisjustera tilskotet frå 2015 til 2016.

*Skjønstilskotet* skal brukast til å kompensera kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje er fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Fylkesmannen tilrår til departementet fordeling av den tildelte fylkesramma. Kommunane har høve til å melde inn til fylkesmannen om tilhøve som ein meiner bør vektleggast, noko Samnanger har nytta seg av. *Skjønstilskotet* til Samnanger er auka med kr 200 000 til kr 2,4 mill i 2016. Tildelinga til Samnanger er m.a. grunngjeve med ressurskrevjande brukar i pleie og omsorg, interkommunale samarbeid som har ført til auka utgifter og auka kapitalutgifter. Låge kraftprisar er og nemnt. Den ufordelte ramma til Fylkesmannen i Hordaland på kr 33,3 mill. vil bli nytta til fornyings- og utviklingsprosjekt, tiltak i samband med mottak av flyktingar og til generell fordeling i løpet av 2016 der og uventa hendingar kan bli tatt omsyn til.

For meir informasjon om detaljane i frie inntekter 2016, sjå <http://frieinntekter.regjeringen.no/>

## **Særlege ordningar i 2016 - i og utanføre rammetilskotsordninga**

### **Skatteoppkrevjar**

Regjeringa har igjen foreslått å overføra skatteinnkrevjinga frå kommunane til staten frå 1.juni 2016. Rammetilskotet er justert ned tilsvarende det regjeringa meiner at kommunane vil spare på dette.

For Samnanger kommune utgjer dette eit trekk i rammetilskotet på kr 327 000. Kommunen kjøper skatteoppkrevjartenesta frå Kvam herad og i 2015 har kommunen budsjettert med kr 378 000 . Det er venta at det vil koma protestar mot dette framlegget, og i rådmannen sitt framlegg til budsjett er det budsjettert med kostnader heile året og uttrekket er lagt inn att i rammetilskotet.

### Helsestasjons- og skulehelseteneste

Dette området er som i 2015 eit satsingsområde for regjeringa. Det er lagt opp til ei auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta. Midlane inngår i rammetilskotet, men er fordelte særskilt basert på tal innbyggjarar i alderen 0-19 år. Kommunane er sikra eit minimumstilskot på kr 100 000. Samnanger kommune får kr 313 000 til dette arbeidet, ( jfr tabell C-k i grønt hefte).

### Psykolog

Regjeringa varsla i primærhelsetenestemeldinga at den vil innføra lovkrav om psykologkompetanse i norske kommunar frå 2020. For å bidra til å få dette på plass er det foreslått eit flatt årleg tilskot på kr 300 000 per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016.

### Barnehagar

Maksimalpris for foreldrebetaling er i framlegg til statsbudsjett auka med kr 75 pr måned til kr 2 655 frå 01.01.2016. Rammetilskotet til kommunane er redusert for denne auka inntekta. I 2015 vart det innført eit nasjonalt maksimumskrav om betaling i barnehage og gratis kjernetid for dei som tener minst. Denne ordninga er vidareført i 2016, og kommunane får kompensert for inntektstapet i rammeoverføringa. Det vert og kompensert for at barnehageopptak skal bli meir fleksible for å redusera ventetid for born fødde 1.september eller seinare.

Det er og løyvd pengar over rammetilskotet for å styrka informasjons- og rekrutteringsarbeidet får å auka barnehagedeltaking for born frå familiar med låg inntekt og/eller minoritetspråkleg bakgrunn.



### Tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

Frå 2016 får private barnehagar den same finansieringa som kommunale barnehagar, dvs 100 % av tilskotet til tilsvarande kommunal barnehage. Det er i tillegg gjort endring i ”Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager” for å gi betre samsvar mellom reelle utgifter og tilskotet frå kommunen. Endringa er først og fremst knytt til pensjons- og kapitalutgifter. Tilskotet pr born (over og under 3 år) skal bereknast med utgangspunkt i rekneskap 2014. Endring i forskrifta er forventa å gi ei innsparing for kommunane, og kr 175 000 er for Samnanger kommune trekt ut av rammetilskotet.

### Ny naturfagtime på 5. – 7.trinn frå hausten 2016.

Det er framlegg om å auka timetalet i naturfag med ein veketime frå hausten 2016. Kommunen vert kompensert med kr 40 000 gjennom rammetilskotet.

### Kommunalt barnevern

Øyremerka tilskot til stilling i barnevernet vert vidareført. Samnanger var mellom dei første kommunane som søkte og fekk tilskot.

### Samhandlingsreform - observasjonssenger

Det blir plikt for kommunane seinast innan 01. januar 2016 å tilby observasjonssenger for personar med akutt behov for helsehjelp. Samnanger bestemte tidleg at me ikkje skulle sette i gang denne ordninga før frå 2016. Me arbeider no med to alternative løysingar. Det er ikkje mogleg å ha dette i eigen kommune sidan me ikkje har lege tilgjengeleg 24 timar. I rammetilskotet vårt er det lagt inn kr 624 000.

### **Brukarstyrt personleg assistent (BPA)**

Stortinget vedtok endringar i lov om pasient- og brukerrettigheter frå og med 2015. Dette inneber ein rett til å få tenester organisert som personleg brukarstyrt assistent. Denne endringa gjeld personar under 67 år. Kommunane blir kompensert for denne omlegginga gjennom auka rammetilskot. Heilårsverknaden av dette er lagt inn i rammetilskotet for 2016 med kr 107 000.

### **Omsorgsbustader**

I 2015 er maksimalt tilskot for ein omsorgsbustad utanføre pressområda kr 1.337.400, Det er førebels ikkje varsla auke i tilskotssatsane.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Tilskotet er aktuelt dersom kommunen bygg ut bufellesskapet på Skottabakken.

### **Ressurskrevjande tenester**

Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for personar under 67 år. Det er for 2016 foreslått å auka innslagspunktet med kr 10 000 utover prisjusteringa - til kr 1 081 000. Kompensasjonsgraden vert halden uendra på 80 %.

Tilskot gjennom rammeoverføring for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) blir trekt frå i nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Dette gjeld også for eventuelle øymerka tilskot.

For meir informasjon om statsbudsjettet og kommunane sjå vedlagde skriv frå fylkesmannen i Hordaland om framlegg til statsbudsjett.



## **4. Generelle føringar Samnanger**

### **Samanlikning med andre kommunar.**


Me har tidlegare vist at Samnanger kommune bruker relativt mykje pengar pr. innbyggjar samanlikna med mange andre kommunar. Det er interessant å sjå korleis Samnanger kommune brukar pengane samanlikna med andre kommunar og korleis dei økonomiske rammene er. For at samanlikninga skal bli reell, må me samanlikna oss med kommunar med nokolunde same storleik og rammevilkår. I KOSTRA (kommune-stat-rapportering) er kommunar med same føresetnader gruppert i ulike kostra-grupper. Samnanger kommune er frå 2014 plassert i kostra-gruppe 3 (KG 3). Dette er små kommunar med middels bunde kostnader pr innbyggjar og høge frie disponible inntekter. Me har tidlegare vore ein del av KG 2. Skilnaden mellom desse to gruppene er at i KG 2 har kommunane middels frie disponible inntekter. Grunngevnaden for at me for 2014 endra kostra-gruppe er at dei frie disponible inntektene har auka frå middels i 2008 til høge i 2013. Det er i tillegg interessant å sjå korleis me ligg an i forhold til landsgjennomsnittet.

## Driftsinntekter


Det er variasjonar mellom kommunane i kor mykje midlar ein har til rådvelde. Ein grunn til dette er ulik aldersamansetting, der skilnaden mellom kommunar med ung eller gamal befolkning utgjer ein stor differanse. Ein annan grunn kan vera om kommunen har innført eigedomsskatt.

Dei minste kommunane har noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Mindre kommunar har "smådriftsulemper" og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. I inntektssystemet er det innført eit småkommunetilskot som går til kommunar under 3200 innbyggjarar. Samnanger har hatt om lag same utviklinga som landsgjennomsnittet frå 2012 til 2014

når me måler inntekter pr. innbyggjar. %-vis hadde Samnanger ein auke i inntektene på 3,38 % frå 2012 til 2014 medan KG 3 hadde ein auke på 2,61 %.



## Driftsutgifter




Samnanger har som vist tidlegare høge inntekter målt pr innbyggjar. Grafen viser at me og har eit høgare forbruk. Denne grafen kan med fordel sjåast i samanheng med figurane på side 5. Lønsutgifter til eigne tilsette utgjer rundt 2/3 av driftsutgiftene. Endringar her vil få store konsekvensar på totaliteten. Løn og pensjon påverkar i stor grad handlingsrommet til kommunen. Figuren viser at me i 2014 brukte vel 11 600 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet på drifta. Samnanger har dei siste åra hatt driftsutgifter under nivået for KG 3, men

ligg over landsgjennomsnittet med 21% i 2014. Samnanger kommune er berekna til å ha eit utgiftsbehov som er 13 % høgare enn landsgjennomsnittet. Det er då rekna inn m.anna smådriftsulemper og demografi. Sjå årsmeldinga for 2014 for meir informasjon.

## Korleis er det planlagt at pengane skal brukast i 2016:


Som me ser av figuren under vert 71 % av utgiftene i driftsrekneskapen brukt på løn og sosiale kostnader. Innafor gruppa "kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon" finn me utgifter til for eks mat, kontorutstyr, utgifter til drift og vedlikehald, revisjon og konsulent. Innafor gruppa "kjøp av varer tenester som erstattar kommunal teneste produksjon" finn me utgifter til kjøp frå andre kommunar og kjøp frå private. Dette er utgifter der me har

inngått samarbeid med andre om utføring av tenester, for eks. landbruk, feiing, brann og skatteoppkrevjar. Innafor grupperinga ”overføringar” er tilskot, overføringar til andre og moms. Estimert utgift til lønsoppgjeret på kr 3 mill vert og ført her midlertidig for seinare fordeling.



#### Korleis vert utgiftene finansiert i 2016:

Som me ser av figuren under kjem totalt 74 % av inntekta frå ramme, skatt og andre direkte og indirekte skattar (naturressursskatt og konsesjonsavgift). 7 % av inntektene kjem frå eigedomsskatt og 11 % kjem frå brukarbetaling og sals/leie inntekter. I ”andre overføringar” ligg mellom anna sal av konsesjonskraft. I ”overføring med krav til motyting” ligg mellom anna momskompensasjon og sjukerefusjon.



## Inntekter

Bortfall av inntekter har gjort budsjettarbeidet vanskeleg. Som nemnd innleiingsvis får me no langt lågare kraftinntekter. Dette har vore situasjonen dei siste åra, men estimerte inntekter for 2016 frå kraft er på det lågaste det har vore. Det er og krevjande å ha ei dårleg inntektsutvikling enn landsgjennomsnittet på ramme og skatt. Skatteinngangen i 2015 har vore betre enn venta. Dette gjeld både for landet sett under eitt og for Samnanger. Det er likevel svært usikkert kva situasjonen vert for 2016. me er i utgangspunktet redd for at regjeringa har vore for optimistiske for Samnanger sin del. Til tross for det har me sett oss nødt til å budsjettera med ein ytterlegare vekst i skatteinntektene ( kr 300.000) for å få balanse i budsjettet.


### Eigedomsskatt -verk og bruk

I Samnanger er det i budsjettet for 2016 lagt opp til at det skal vera eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst (sist taksert i 2012), medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år.

BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har blitt kraftig redusert. Samnanger kommune oppmoda SFS i 2015 å sjå på grunnlaget for eigedomsskatt på nytt. Dette vart gjort på bakgrunn av at LVK (landssamanslutninga av vasskraftskommunar) kom med informasjon om at den store reduksjonen for nokre kraftverk kan skuldast at kostnader til dam-renovering feilaktig er frådragsført direkte. SFS har ved første gjennomgang ikkje avdekka noko feil og har valt å ikkje sjå nærmare på tala.



I tillegg til at grunnlaget er blitt redusert som følgje av vedlikehaldsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sine anlegg i Samnanger blitt redusert frå 9,4 mill kroner i 2014 til 7,1 mill kroner i 2015. I 2016 er det ein ytterlegare reduksjon på 2,1 mill kroner i eigedomsskatt frå BKK. Me kan forventa fleire år med lågt skattegrunnlag frå BKK. Det vil ikkje auke opp før i 2021. Samla sett får me i 2016 kr 2 mill lågare inntekt i 2016 samanlikna med 2015.



\*estimat

Det er i 2015 blitt avklart i rettssystemet at kommunane kan skrive ut eigedomsskatt på produksjonsnett. Samnanger har avventa dommen og kjem til å taksere produksjonsnett for eigedomsskatt i 2016. Me har ikkje informasjon om verdien på dette anlegget, men det er lagt inn ein liten auke.

#### Forslag om endringar

Regjeringa forslår å auka den nedre grensa for grunnrenteskatt for vasskraftanlegg og innslagspunkt for naturressursskatt frå 5,5 MVA til 10 MVA for småkraftverk. Auke i grunnrenteskatt er grunngeve med at skatteprosenten skal reduserast frå 27 % til 25 %. Det er i skatteloven bestemt at grunnrenteskatt skal koma til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget.

Endringa kan føra til redusert eigedomsskattegrunnlag for vasskraftkommunane, men vil bety mest for dei kraftanlegga som ikkje vert berekna etter maksimumsreglane. I Samnanger vert det brukt maksimumsreglane.

Ein auke i innslagspunktet for naturressursskatt vil gi lågare naturressursskatt for kommunane. Noko av den reduserte inntekta vil bli kompensert gjennom inntektsutjamning, men ikkje alt. I Samnanger kjem det meste av inntektene frå større kraftverk, og desse vil ikkje bli påverka av denne omlegginga.

Regjeringa har i 2015 hatt eit forslag om å endra grunnlaget for eigedomsskatt på verk og bruk ute på høyring. Samnanger kommune har gitt høyringsuttale der kommunen går i mot forslaget. Inntektstapet er berekna til å vera ca 3 -3,5 mill kroner. Eit eventuelt forslag til lovendring vil få verknad frå og med 2017.

#### **-andre eigedommar**

Kommunestyret fatta i desember vedtak om at det frå 2015 skulle skrivast ut eigedomsskatt for alle typar eigedomar. Det vart vedtatt ein generell sats på 7 promille og 2,4 promille for bustader og fritidseigedomar. Det vart og vedtatt eit botnfrådrag på kr 100 000.

Dette vedtaket er vidareført i rådmannen sitt framlegg til budsjett og det gir ei inntekt på ca kr 5,4 mill. Dei som har takst frå Skatteetaten sitt formuesgrunnlag vil få ein auke på ca 2% med uendra promillesats. Dette skjer fordi likningsverdien endrar seg årleg.

Kr 400 000 av den totale estimerte inntekta på kr 5,4 mill gjeld eigedomsskatt på næring.



Ein auke i promillesats på 0,1 vil gje ca kr 210 000 i auka inntekter for kommunen. For den einskilde betalar vil dette auke eigedomsskatten med ca 4 %. Dei med takst frå formuesgrunnlag vil få ein auke utover dette.

Dersom ein aukar botnfrådraget, vil det føra til at nokre av dei eldste eigedommane og då særleg hyttene vil bli fjerna frå avgiftsgrunnlaget. Det er 182 fritidsbustader som har ein skattetakst som er lågare enn kr 500 000, 32 bustader og 4 våningshus. Det er ein fordel for dei som betalar mest at eigedomsskatten vert fordelt på flest moglege eigedomar.


#### **-lån frå Sima-Samnanger**

For å finansiera kostnad med utviding av eigedomsskatt, vart det vedtatt å låna kr 1 580 000 frå fond Sima- Samnanger. Det var i utgangspunktet planlagt å betale tilbake dette i 2015, men dette vart i økonomiplanen for 2015 – 2018 utsett til 2017. Det har ikkje vore moglege å finna rom for å starta med tilbakebetaling i rådmannen sitt framlegg til budsjett.



## Konsesjonskraft

Samnanger kommune har 22 321,1 MWh i konsesjonskraft, og inntektene frå sal av krafta har vore og er viktig for kommunen. Det er mykje som påverkar kraftprisen m. anna hydrologibalansen, pris på kull, CO2 og klima. Det vert no produsert meir vindkraft i Sverige, Danmark og Tyskland. Tyskland stenger og kabelkapasitet ved mykje vind og stor produksjon, og dette påverkar prisen negativt. Estimater for 2015 viser ei inntekt på ca 2,5 mill kroner, men kan bli nærmare 2 mill kroner viss prisutviklinga ikkje snart snur. Dei siste prognosane for perioden 2016 – 2020 viser at kraftprisane vil vera låge dei neste åra med ein forsiktig auke utover i perioden. Det er budsjettert med 2 mill kroner i 2016 og aukar til 2,5 mill kroner i 2019 i konsekvensjustert budsjett. Det er mykje som er usikkert og ein kald vinter vil gje auka priser. Me har auka estimatet frå BKK med kr 200 000 kvart år. Dette er ikkje lagt inn i grafen.



Samnanger kommunen har eit samarbeid med BKK om sal av konsesjonskrafta vår. Me har vurdert andre aktørar men er godt nøgd med det arbeidet BKK gjer. F.t. sel me all krafta på spotmarknaden. Tidlegare år har me gjerne inngått 1-årsavtalar. Me vurderer heile tida korleis me kan få best mogleg pris for denne krafta.

## Kommunale gebyr og avgifter

Dei fleste kommunale tenestene er arbeidsintensive. Det er derfor naturleg at satsane vert justerte i takt med lønsauken. Kommunen kan på den måten oppretthalda om lag same inndekning gitt at det ikkje skjer endringar i aktivitet, andre kostnader m.m. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 2,7 % og lønnsvekst som inngår i denne er på 2,7 %.

For nokre tenester er det staten som bestemmer satsane. Dette gjeld foreldrebetalinga i barnehagen (eks. betaling for mat), og for nokre grupper også betaling for heimebaserte tenester. For andre type tenester har staten sett som føresetnad at brukar betalar det som det kostar – sjølvkostprinsippet. Dette gjeld dei fleste tenester som teknisk eining kan ta betalt for. Definisjon for sjølvkost er den totale kostnaden ein kommune får ved å produsera ei bestemt vare eller teneste, uavhengig av finansieringsform. Det er og eit prinsipp at ein generasjon ikkje skal subsidiera eller bli subsidiert av neste generasjon. Det er fleire forskjellige sjølvkostområde, og for nokre av dei, som for eks tømning av slamavskiljar, er det lovmessig krav om at sjølvkost skal danna grunnlaget for brukarbetaling. For andre område, for eks vatn og avløp, er ikkje kommunen pålagt full kostnadsdekning og kan finansiera desse gebyrområda med andre driftspengar. Kommunen kan derimot pålegga seg sjølv å ha full kostnadsdekning, og Samnanger kommune har som prinsipp at det så langt det er mogeleg skal vera full sjølvkost på alle gebyrområde der sjølvkost set den øvre ramma for brukarbetaling.

For sjølvkostområda vatn, avløp og slam har kommunen i 2015 hatt ein gjennomgang av korleis me fører utgiftene og kva utgifter som skal inngå i gebyrgrunnlaget. Dette vert vurdert ut i frå

tidsbruk (løn), andre direkte kostnader innafor området (kjøp av tenester, utgifter mm) og del av felleskostnader til programvare mm. Det har ikkje resultert i store endringar, men ein slik gjennomgang bør gjerast minst ein gong i kommunestyreperioden.

Frå og med 2014 brukar kommunen 5-årig swap-rente med tillegg på 0,5% som kalkylerente innafor sjølvkostområda der dette er aktuelt. Dette er i tråd med dei nye reningslinjene som kom for sjølvkost i 2014. Ein reknar med at swap-renta gir eit betre bilde av kommunen sine finanskostnader. (Rente-swap / rentebytteavtale er ein finansiell avtale om å bytte rentevilkår). Pr oktober 2015 er swap-renta på 1,33 %. Kalkulatorisk rente inngår som ein del av kostnaden i sjølvkost og vert berekna utifrå avskrivingsgrunnlaget. Når renta er låg og det ikkje har vore nye investeringar, vert den kalkulatoriske rentekostnaden lågare. Det betyr at kostnaden innafor sjølvkostområdet vert lågare enn når me er inne i periodar med høgare rente. Den positive effekten for brukarane når renta er låg, er at det ikkje vil vera nødvendig med ein gebyrauke innafor alle sjølvkostområde sjølv om andre utgifter (løn mm) vil auka. Dette må og sjåast i samanheng med planlagde investeringar. Innafor avlaup er det planlagt større investeringar dei nærmaste åra. Til tross for den låge kalkylerenta vil det derfor vera fornuftig å auka avgifta for å unngå større avgiftshopp om nokre år. Det vert derfor foreslått ein avgiftsauke på **3%** både på tilknytingsavgift og årsavgifta. Når det gjeld sjølvkostområdet for vatn er det foreslått å ikkje auka avgifta i 2016. Bakgrunnen for det er som nemnt den låge kalkylerenta. I tillegg forventar me å få på fleire abonnentar. Når det er fleire abonnentar som delar på kostnaden, vert prisen pr abonnent lågare og me kan unngå avgiftsauke.


Frå og med 2015 gjekk me over til å fakturera dei private slamavskiljarane på same måte som me fakturerer dei som er tilknytt kommunale slamavskiljarar, dvs kvartalsvis for bustadar. Dette var mogeleg å få til fordi dei vert fakturert saman med kommunale avgifter som og inkluderer eigedomsskatt. Det manuelle arbeidet med fakturering vart og redusert ved kvartalsvis fakturering, og det gir ein innsparing som vil koma fakturamottakar til gode. Det vert foreslått å halda avgifta for slamavskiljar på same nivå som i 2015.

Utgangspunktet for fastsetjing av avgiftene er budsjettframlegget for 2016. For dei fleste tenestene har me lagt til grunn ein auke **på ca 3 %**. Det er same auke som i 2015. Dette vil mellom anna gjelda gebyr på teknisk, kulturskule, SFO m.fleire. Husleiga vert foreslått auka med 5 % . Nokre av husleigene får husleiga regulert i kontrakt. Det vert fremja eigne saker knytt til reguleringar.

Feiing/ tilsyn vert frå 2016 omfatta av avtalen med Bergen brannvesen, dvs. at arbeidet vert utført av tilsette i Bergen brannvesen. Det er gjort avtale om ein pris som ikkje vil auka gebyret utover ein auke på 3%.

### Sjukepengerefusjon

I utgangspunktet vert det ikkje budsjettert med inntekter frå sjukerefusjon. Dvs. at det heller ikkje vert sett av vikarmidlar til denne type fråvær. Der me er kjend med at det vert permisjon, for eks omsorgspermisjon, budsjetterer me med vikar og refusjon for den som er ute i permisjon. Kommunen vil i denne perioden ha utgifter til pensjon for begge personane. Desse utgiftene får me ikkje refundert. I pleie- og omsorg budsjetterer me med venta sjukepengerefusjon då desse pengane vert nytta til å finansiera faste vikarstillingar – bufferstillingar. Kommunen får i løpet av året betydelege



sjukepengerefusjonar. Det er viktig å ha gode rutinar i innkrevjinga, og me har i haust starta arbeidet med å forbetra rutinane våre slik at me ikkje går glipp av midlar.

## Driftsutgifter

### Lønsauke

2016 er eit hovudoppgjer. Kommunen har lagt til grunn påreknna lønsvekst på 2,7 %, korrigert for overhenget fram til 1.mai 2016. Det er sett av kr 3 mill til lønsauken. Dette er budsjettert samla på sektor for organisasjon under posten for tilleggsføring og blir fordelt ut på einingane på eit seinare tidspunkt.

### Pensjon

Samnanger kommune har 2 pensjonsselskap; KLP og SPK (statens pensjonskasse). Dei tilsette er i 3 forskjellige pensjonsordningar: lærarar er i SPK, sjukepleiarar i KLP 13 og andre tilsette i KLP 18. Ordførar er i KLP 18. Kommunen har valt å vera med i 100 % utjamning av avtalefesta pensjon 62-64 år (AFP). Dette betalar kommunen 1 % av premiegrunnlaget for, men unngår å få ekstra kostnader dersom det er mange som vel å ta ut AFP i Samnanger.

2016 er eit hovudoppgjer for lønn og forventningar om lågare lønsvekst fører isolert sett til lågare pensjonssatsar. For KLP er årleg avkastning redusert med 0,05 % frå 2015 til 2016 noko som fører til at det blir ein liten auke i pensjonskostnaden.

Pensjonsordning	2013	2014	2015
<b>SPK</b>	12,25 %	11,55 %	11,15 %
<b>KLP 13</b>	21,30 %	19,25 %	19,26 %
<b>KLP 18</b>	19,24 %	18,70 %	18,79 %

Som medlem i KLP må kommunane i tillegg til pensjonspremien, betala eit eigenkapitaltilskot. Det vart i 2015 avgjort av KLP at eigenkapitalbidraget skulle aukast med 0,05 % medan rentegarantipremien (som påverkar pensjonssatsen) skulle reduserast tilsvarande. For sjukepleiarordninga er utgangspunktet for berekning pensjonsgrunnlaget og for andre grupper vert eigenkapitaltilskotet berekna ut i frå premiereserve. Kostnaden er for 2016 estimert til kr 428 000. I 2015 betalte me kr 416 538.

Eigenkapitaltilskotet til KLP skal først i investeringsrekneskapen. Det kan anten finansierast med driftspengar eller med bruk av ubunde investeringsfond. Det er i budsjettframlegget frå rådmannen lagt opp til å bruka ubunde investeringsfond i heile økonomiplanperioden.

### Premieavvik og bruk av fond.


Eit positivt premieavvik vert ført som inntekt i år 0 og fordelt som utgift over dei neste 7 åra (amortiseringstida). Amortiseringstida har frå oppstart av føring av premieavvik i 2002 blitt redusert frå 15 år, deretter til 10 år og no frå 2014 til 7 år. Dette gjer at kommunane vil få ein auka belastning på rekneskapen då dei positive premieavvika dei siste åra har vore store for mange kommunar.

Premieavviket vert positivt når premieinnbetalinga er større enn årets netto positive pensjonskostnad. Når kommunane brukar av premiefond til å betala pensjonspremie, vert premieavviket tilsvarande lågare. Dette gjorde Samnanger kommune i 2014 ved overgang til KLP

og unngjekk å få eit stort positivt premieavvik. Resultatet for kommunen vert ikkje påverka av at me brukar av fond. Det er og bestemt at me fortløpande skal bruka av pensjonsfond. Avkastning til fond vart også for 2014 stort og er no brukt i 2015. Dette gjer at me og for 2015 ligg an til å få eit negativt premieavvik og unngår å auka kostnaden med dei akkumulerte premieavvika. Netto har me inntekt frå premieavvik, akk. premieavvik og bruk av fond på til saman 3,8 mill kroner. Inntekt og utgift må her lesast med hermeteikn fordi premieavvik gjev resultatteffekt for kommunen, men er ikkje knytt til reelle pengar.

### Lånegjeld

Kommunen vil pr 31.12.15 ha ei lånegjeld på 244 mill kr mot 165 mill kr i 2014. Dette inkluderer byggjelån til sjukeheimen på kr 20 mill. Grafen viser lån som er tatt opp pr 2015. Det er tatt opp 4 nye lån i 2015: kr 48 mill til ny sjukeheim, kr 20 mill i byggjelån sjukeheim, kr 13 mill til investeringar i vatn og avlaup mm og kr 4 mill til nytt bibliotek. Det vert oppstart på bygging av bibliotek i 2015, men det er no avtalt at betaling først skal skje når bygget står ferdig i 2017. Byggjelånet skal betalast tilbake når kommunen mottek tilskot frå Husbanken i 2016.



Graf viser lån som er tatt opp.

Kommunen har finansiert mesteparten av investeringane i 2016 med lånemidlar som me har tatt opp tidlegare. Det er fleire prosjekt som er forsinka eller som vert finansiert/ organisert på ein annan måte enn tidlegare antatt (for eks Eikedalen). Dette gjer at kommunen kan unngå å ta opp nye lån i 2016. Dette er litt avhengig av framdrifta på investeringsprosjekt i 2015.

### Rente

I framlegg til budsjett for 2016 er det lagt til grunn ei flytande rente på 1,3 % i 2016 og 2017, 1,55 % i 2018, 2,05 % i 2019 og 2,2 % frå 2020. Dette er i samsvar med anbefalingar frå Kommunalbanken som baserer seg på anslått pengemarknadsrente jfr Norges Bank og jfr markedet (FRA-basert). Den flytande renta er pr oktober 1,66 % i Kommunalbanken og 1,98 % i Husbanken frå 1.november. Styringsrenta er på 0,75 % og vart endra frå 1 % 24.09.2015. Neste rentemøte er 5.november 2015.

Det er pr august 2015 valt fastrente på ca 48 % av lånegjelda. Finansreglementet vårt, kap 7 b), seier fylgjande om rentebinding *Minimum 30% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente*

(rentebinding kortare enn eitt år), minimum 20 % skal ha fast rente, medan 50 % skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen. Kommunen har tatt opp lån til sjukeheimen på 48 mill i 2015 og dette lånet vart tatt opp hos KLP med bunden rente i 5 år på 1,83 % p.a.

Over tid vil det sjeldan svara seg å binda renta, men me vil få sikkerheit i forhold til forventna utgifter. Alternativet til å binda renta er at det vert sett av midlar på eit rentefond som kan ta desse svingingane. Med høg lånegjeld og relativt liten del av lånegjelda på fast rente, er kommunen meir økonomisk sårbar for endring i renta. Det er ikkje lagt opp til avsetning til rentefond i budsjettet.

Med dagens lånegjeld vil ei endring i renta på 0,1 % utgjera kr 121 000.

### Lånevilkår


Lån og rentevilkår pr 31.august 2015 (tal pr august 2014 i parentes)

	Lånegjeld	Fastrente	Flytande
Husbanken	Kr 21,49 mill (22,91)	1,9 % - 2,66 % 1,9 % - 2,9%	2,08 % (2,08 %)
Kommunalbanken	Kr 139,86 mill (144,21)	2,92 % - 3,94 % (3,12 % og 5,6% )	1,75 % (2,26 %)
KLP	Kr 48 mill (0)	1,83 % (-)	
Totalt	Kr 209,35 mill		

Det er budsjettert med kr 3,7 mill i renteutgifter og kr 7,2 i avdragsutgifter i 2016. Tilsvarende tal for 2015 er på kr 4,1 i renteutgifter og kr 5,7 i avdragsutgifter. Det er i 2015 budsjettert med at renter på lån i byggeperioden skal bokførast i investeringsrekneskapen (kr 1,4 mill). Det er og budsjettert med at kommunen ikkje skal betala meir enn lovpålagt minimumsavdrag på lån. Dette er berekna til redusert avdrag på lån. Dette er berekna til redusert avdrag på kr 1 mill pr oktober 2015. Dette må kontrollerast når rekneskapen for 2015 er avslutta. Det er ikkje planlagt å ta opp nye lån i 2016. I økonomiplanen vil lån knytt til nye investeringar bli tatt med.

Renter knytt til investeringsprosjekt vil bli utgiftsført i investering i byggeperioden og belastar derfor ikkje driftsbudsjettet før prosjektet er ferdig. Dette vil for eks gjelda bufelleskapaet med kr 130 000 i 2016. Nokre av låna som kommunen har, gjeld forvaltningslån (startlån) og skal betalast av låntakar. Andre gjeld lån til sjølvkostområde og inngår indirekte i sjølvkostrekneskapet.

Her vil nedbetalingstid kontra avskrivningstid og rentedifferansen mellom lånerenta og kalkulatorisk rente kunne gje driftsutgifter ut over sjølvkost.



### Aksjar i Nordisk Areal

Samnanger kommune har 39 147 aksjar i Nordisk Areal Invest as. Aksjane vart kjøpt i oktober 2007 for kr 4 mill og det viset seg at kjøpet ikkje var i medhald av gjeldande finansreglement. Selskapet arbeidar no med å selja den siste egedomen og forventar å gjera det i løpet av 2016. Ein god pris vil gje gevinst, men det er for tidleg å sei noko om kva den evt. vil bli. Det er ikkje lagt inn noko gevinst i budsjettet for 2016. Det er dei siste åra blitt betalt ut utbytte etter kvart som det er selt eigedomar. Aksjeverdien er kr 43,50 pr aksje pr juni 2015, men vil venteleg bli redusert som følgje av utbetaling av utbytte i haust.

### Fondsmidlar i drift

Det er i hovudsak to forskjellige typar fond. Det eine er ubunde fond som kan nyttast fritt av kommunen. Eit døme på det er disposisjonsfondet. Dette kan nyttast både i drift og investering. Den andre hovudtypen er bunde fond. Desse fonda er det knytt føringar til, anten gjennom lov (for eks. knytt til sjølvkost) eller frå gjevar (øyremerka fond til eit bestemt formål). Det er litt ulikt kor sterke føringar det er knytt til midlane som vert gitt. Når det vert gitt midlar til eit bestemt formål, vert midlane sett av på bunde fond dersom aktiviteten ikkje er avslutta/ påbegynt pr 31.12. Nokre av fonda må betalast tilbake dersom oppgåva ikkje vert utført som tiltenkt eller ikkje er innafor dei rammene dei var tiltenkt. Andre fond har ikkje så strenge føringar, men er likevel å rekna som bunde fond.

### Bunde fond

Det står fleire fond i rekneskapen som er øyremerka. Dette er bunde fond, og dei blir brukt fortløpande til dei formål dei er meint for. Dei største fonda er fond septiktank, som har ujamn utgiftssvinging, fond for vatn, fond fisk og friluft, fond avløp, fond Enova og fond vaksenopplæring.

Fondet Sima-Samnanger er litt spesielt. Hovudregelen for slike midlar som er eingongsinntekter er at dei skal først i investeringsrekneskapen. Det er, til tross for hovudregelen, avklart med departementet at desse midlane er å sjå på som øyremerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om korleis midlane skal nyttast og dermed lagt føringar på bruken.

**Oversikt fond Sima-Samnanger** Det vart i kommunestyret i 2012 gjort fylgjande vedtak om bruk av fond Sima – Samnanger (KS 015/12).

	Vedtak	Disponibelt 2019
1 ) Breiband	800 000	0
2 ) Planlegging av veg til idrettsanlegget	2 000 000	1 411 000
<i>Endra finansiering frå næringsfondet</i>		<i>589 000</i>
3 ) Ungdomsarbeid	1 500 000	756 477
av dette øyremerka til motorcrossbane	(145 000)	(145 000)
4 ) Musikkbinge	500 000	73 162
5 ) Kunstgrasbane i Hagabotnane	1 400 000	0
6 ) Kommunale vegar	2 000 000	0
Sum tilskot	8 200 000	2 240 639

1) Breiband: Det vart tidleg klart at kostnad ved utbygging ikkje vart så stor som forventa og unytta sum kr 690 000 vart omdisponert til VVA Bjørkheim i Kommunestyre vedtak 31/14. Ikkje alt vert brukt i 2015 og estimert restbeløp på kr 215 456 vert overført til 2016.

2) Planlegging av veg til idrettsanlegget: Skattesvikt i 2014 gjorde at kr 589 000 av denne løyvinga vart overført til næringsfondet, og dei frigjorte midlane vart nytta til å styrka driftsbudsjettet i 2014. Totalt sett står det framleis kr 2 mill til planlegging av veg til idrettsanlegget fordelt på 1 411 000 på fond Sima – Samnanger og kr 589 000 på næringsfond.

3) Ungdomsarbeid. Det vart brukt kr 43 523 i 2014, frå 2015 er det budsjettert med å bruka kr 140 000 kvart år dei neste åra. Med denne bruken vil det vera kr 756 477 disponibelt\* i 2019.  
\*Kr 145 000 av dette fondet er øyremerka til motorcrossbane, jfr KS 69/14.

4) Det vart bygd musikkbinge ved Samnanger barneskule i 2013 til kr 158 563. Noko av løyvinga vert sett av til kostnad til drift av musikkbingen. I 2013 vart det brukt kr 23 275, i 2014 og 2015 kr 0. Frå 2016 vert det brukt kr 5 000 pr år.

Det vart vedtatt i KS 69/14 å bruka kr 225 000 av fondet til å delfinansiera veg til Totræna i 2015. Rest pr 2018 er kr 73 162.

5) Kunstgrasbane Hagabotnane. Det vert arbeidd med å få realisert prosjektet så snart som mogeleg. Den er no lagt inn i plan for anlegg slik at det kan og skal søkjast om tilskot (tippemidlar). Det må vidare arbeidast med å få inn tilskot frå private aktørar. Her vil idrettslaget ha ei viktig rolle. Kommunen sin del av kostnaden er ca 1/3- del av totalen. I tillegg må kommunen rekna med å forskottera tippemidlar. Dette er lagt inn i budsjettet for 2016.

6) Kommunale vegar. Vedlikehald på kommunale vegar vart utført i 2012 og 2013. Rest kr 0

For å få balanse i budsjett 2014 og 2015 vart det vedtatt å bruke av fond Sima – Samnanger til å finansiera KLP eigenkapitaltilskot på kr 1 076 000 og kostnad ved utviding av eigedomsskatt, totalt kr 1 580 000. Det har ikkje vore mogeleg å finna rom for å starta med tilbakebetaling i Rådmannen sitt framlegg til budsjett.

### Næringsfond

Næringsfondet vert tilført midlar kvart år frå konsesjonsavgift. I 2016 er summen på kr 979 457. Summen vert indeksjustert kvart 5. år. I tillegg vil inntekt frå tomtosal på Lønnebakken styrka fondet ytterlegare. Dette fordi det vart lånt midlar av næringsfondet til bustadfeltet som skal tilbakebetalast. I budsjettet for 2016 er det lagt inne ein føresetnad om sal av tomtar på Lønnebakken med netto kr 300 000. Det er i tillegg budsjettert med å bruka av midlar på fondet til mellom anna Bjørkheim, funksjon næring og til anna arbeid knytt til næring. Næringsfondet kan nyttast både i drift- og investeringsrekneskapan. Det står att ein mindre sum som kan brukast til direkte støtte til næringsverksemder – jmf. vedtekter for fondet.



### Disposisjonsfond

Det er ikkje pengar att på disposisjonsfondet pr 31.12.2015. I 2016 vil fondet få tilført kr 108 979 som gjeld tilbakebetaling av ”lån” frå disposisjonsfondet (bil og lån til lagerhall)

### Investeringsfond

Felles for investeringsfonda er at dei berre kan nyttast i investeringsrekneskapen. Det er ikkje mogeleg å bruka av desse midlane direkte i driftsrekneskapen.

### Ubunde investeringsfond

Pr 01.01.2015 er det kr 260 763,73 på ubunde investeringsfond. I det opphavlege budsjettet for 2015 var det ikkje budsjettert med å bruka av fondet. Den vanskelige økonomiske situasjonen i 2015 gjorde det naudsynt å vedta å bruke av fondet for å finansiera KLP eigenkapitaltilskot. Pr oktober står det ikkje midlar att på fondet.

Det er selt ein tomt i Rolvsvåg industriområde. Salsbeløpet på ca kr 1,5 mill med fråtrekk for tilhøyrande utgifter, vil bli avsett til ubunde investeringsfond. Det er i budsjettet for 2016 lagt opp til å bruka desse midlane til vidare arbeid med Rolvsvåg industriområde.

### Nytt ubunde investeringsfond

Samnanger kommune er ein av kommunane som får utbetalt eit vederlag i samband med at det er tildelt ein grøn konsesjon til Lerøy Vest avd Sagen. Beløpet er ein eingongsutbetaling på ca kr 10 mil. Inntekter som er uvanlege, vesentlege og uregelmessige skal først i investeringsrekneskapen. Desse midlane er det elles ikkje lagt føringar på, og kommunen kan disponera dei fritt i investeringsrekneskapen som eit ubunde investeringsfond. Det er berre når gjevar av vederlaget uttykkeleg har sagt at midlane skal sjåast som driftsmidlar at dei kan først i drift. Det er ikkje tilfelle her.

Me har hatt fleire utfordringar i budsjettet for 2016 og det har vore naudsynt å bruka av det nye fondet for å få budsjettet i balanse. Det som ligg i budsjettet er fylgjande:

	Fond grøn konsesjon	Alternativ finansiering Lån	Alternativ finansiering: Driftsmidlar
KLP eigenkapitaltilskot	428 000	Nei	Ja
Ny brannmur	279 333	Ja	Ja
Server i sikker sone	240 000	Ja	Ja
Oppgradering Agresso	154 000	Nei	Ja
Sjukeheim, inventar og utstyr	700 000	Ja	Ja
Sjukeheim, ramme og tilskot	2 000 000	Ja	Ja
Brøyteutstyr	300 000	Ja	Ja
Kunstgrasbane - forskottering	2 800 000	Ja	Ja
	6 901 333		

### Bundne investeringsfond

Det står kr 300 000 på eit fond som er avsett til VA-utbygging i Hagamulen og kr 151 129 på eit investeringsfond for vatn.



## 5. Gjennomgang av driftsbudsjetta for dei einskilde områda

Samnanger har høge driftsutgifter på dei fleste områda samanlikna med andre kommunar. Det skulle tilseia at det må vera mogleg å redusera på utgiftene utan at kvaliteten vert uakseptabel. Rekneskapen for 2014 viser slik %- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

*%- vis fordeling av brutto driftsutgifte til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter*

	Samnanger				KG3	Landet
	2011	2012	2013	2014	2014	2014
Adm. og styring	7,9	7,7	8,2	8,1	8,6	6,0
Barnehage	12,0	12,6	12,4	11,8	7,6	12,3
Skule	19,4	20,5	20,4	20,5	18,3	19,9
Helse og omsorg	35,0	35,0	36,0	36,5	34,5	32,6
Sosial	3,9	2,8	2,4	2,2	2,8	4,6
Barnevern	2,4	2,8	3,7	3,5	2,7	3,0
Kultur	2,7	2,2	2,3	2,2	3,8	3,6
Kyrkja	1,5	1,4	1,4	1,4	1,0	0,9
Næring	1,2	0,9	0,8	0,6	3,2	1,1
Samferdsle	2,4	2,7	1,8	1,6	1,9	1,5
Brann	1,5	1,7	1,9	1,7	1,4	1,3

Økonomiplan for 2015-2018, som vart vedteken i desember 2014 har vore utgangspunktet for arbeidet med budsjettet for 2016. I den er det ikkje lagt opp til omprioriteringar mellom tenestemåla, og framlegg til budsjett er med nokre unntak ei vidareføring av drifta i 2015.

Oppbygginga av budsjettet er laga ut frå den nye administrative organiseringa. Historiske tal, dvs. rekneskapsstal for 2014 og budsjettal for 2015 er likevel tilgjengeleg slik at det er mogleg å samanlikna med tidlegare års løyvingar.

Dei tilsette i rådmannsgruppa har fått tildelt kvart sine område også budsjettmessig. Det gjer m.a. at rådmannskontoret har fått reduserte utgifter. Delar av lønene til rådmannsgruppa er fordelte ut på einingane og ulike funksjonar her, men største delen er budsjettert på den same funksjonen som rådmannen. Det er denne delen som vert rapportert inn i KOSTRA-systemet under administrasjon.

I 2015 vart reinhaldarane overført til eining for teknisk drift. I april 2016 får dei ansvaret for sjukeheimen, og budsjettet aukar noko som fylgje av det.

### Sjukefråvær

Eit sentralt mål for kommunen er å få redusert sjukefråværet. Dette er viktig både for å få lågare vikarutgifter, halda oppe eit godt arbeidsmiljø og ha god kvalitet på tenestene. Særleg i skule og i pleie- og omsorg går det med ufatteleg mykje tid med til å skaffa vikarar. Denne ressursbruken ser me ikkje att i rekneskapen, men det vert truleg brukt opp imot ei 100 % stilling til dette arbeidet. Me arbeider heile tida for å redusera tidsbruken, og alternativ organisering av dette skal utgreiast.

Godt arbeidsmiljø er ein viktig faktor i arbeidet med å få lågt sjukefråvær, og for å oppretthalda og vidareutvikla det trengst det engasjement frå alle tilsette. Det finst mykje forskning og erfaring på området. Mykje av det er alt teke i bruk av leiarane, men det er fortsett mykje me kan gjera. Personalsjefen vil saman med leiarane og tillitsvalde vera sentral i arbeidet med sjukefråvær framover. Me må og få engasjert AMU i større grad i dette arbeidet.



Me har i 2015 opplevd gledeleg utvikling innan einstilte tenestemråde når det gjeld sjukefråvær. Særleg gjeld dette pleie- og omsorgseininga som til tross for eller kanskje pga. ny organisering og mellombels drift har hatt eit rekordlåg sjukefråvær. Me veit ein del om kvifor me har fått dette til, og det må me ta med oss vidare når me no går attende til ”normal” drift. Ny sjukeheim bør i seg sjølv vera ein viktig faktor til å kunne halda fråværet nede.

Å setta urealistiske mål er ikkje særleg motiverande. Erfaringane tilseier at sjukefråværet er svært ulik frå sektor til sektor i kommunen. Me har derfor vald å setta ulike måltal for dei ulike einingane/tenestemråda. Måltalet er dels sett ut frå kva som er landsgjennomsnittet for sektoren og dels ut frå eigen statistikk. Det vert og sett eit måltal for heile kommunen. Dei siste åra har me ikkje nådd dette, men me vel likevel å halda fast på målet om at sjukefråværet ikkje skal vera høgare enn **6 %** for heile kommunen.


### **Brukarundersøkingar og medarbeidarkartlegging**

Samnanger kommune har vedteke mål om regelmessige brukarundersøkingar og medarbeidarkartleggingar. I 2016 skal slike undersøkingar gjennomførast på dei fleste område/tenestene. Det har vore utfordrande å få til ei tilfredsstillande deltaking, særleg har det vore få tilsette som har nytta høve til å seia si meining om Samnanger kommune som arbeidsgjevar. Her ligg ei utfordring som me må ta på alvor. I tillegg vert det viktig å ta i bruk den informasjonen som kjem gjennom desse undersøkingane.

### **Kompetanse**

Kommunen må ha eit overordna syn på kva type kompetanse som me vil koma til å etterspørja i tida framover, og me må førebu oss på framtida gjennom å skulera dei tilsette og søkje etter personell med riktig kompetanse. Ein overordna kompetanseplan er derfor viktig og vesentleg. Den skal m.a. vera eit grunnlag for einingane sine planar og prioriteringar. Midlane me kan bruke på opplæring er avgrensa, og det er derfor viktig at dei vert nytta på ein planmessig måte. Me kan alt no seia at leiaropplæring må få fokus i 2016.

I rådmannen sitt budsjettframlegg er det sett av 864.000 kroner til opplæring. Det er 40.000 kroner lågare enn i opphavleg budsjett 2015. I tillegg kjem utgifter til løn, reise og opphald som vert ført på eigne postar. Lønsumgiftene utgjer ein vesentleg større sum enn kursavgifter m.m. Intern opplæring av ulike typar - kollegarettleiing, intern kursing etc. – er ikkje rekna inn. Midlane går i det alt vesentlege til ajourhald og oppdatering av kunnskap gjennom at tilsette tek del på 1 – 2 dagars samlingar. Den går i for liten grad til meir grunnleggjande opplæring.



**Mål for 2016 for heile organisasjonen**

Samnanger kommune leverer gjennomgåande gode tenester. Det er likevel alltid noko som kan gjerast betre. Ofte kan betre rutinar gjera ein skilnad. Rådmannen ser det som sjølvstapt at

- alle, både innbyggjarar og tilsette vert møtt med respekt
- lovpålagte fristar vert haldne

I heile organisasjonen skal me

- Ha god kvalitet på tenestene
- Gi god sørvis
- Ha fokus på informasjon og marknadsføring både eksternt og internt
- Arbeida tverrfagleg der det er det beste for tenestene
- Arbeida for å få redusert sjukefråværet. Målet er at det ikkje er høgare enn 6% for kommunen sett under eitt,  
3,8 % for einingane kultur, helse, sosial, sørvis og teknisk forvaltning, teknisk drift og rådmannen  
4,3 % for barneskulen  
4,5 for ungdomsskulen,  
7% for barnehagane og  
9% for einingane for sjukeheim, heimetenester og funksjonshemma
- Utarbeida kompetanseplanar
- Gjennomføra brukarundersøkingar og medarbeidarkartlegging og aktivt fylgja opp tilbakemeldingane som kjem

## Rådmannen

### Ny organisering

Ut over i 2015 har den nye administrative organiseringa så smått kome på plass. Dei siste einingane vert sett i drift 1.12.2015. Budsjettet for 2016 inkl. kommentarane er bygd opp etter den nye organiseringa.

Ansvarsnr	Sektor	Eining	Oppgåver lagt direkte til rådmannsgruppa
1100	Rådmann		Rådmann Barnevern Næringsføremål
1500 og 2000	Oppvekst og kultur	Kultur Barnehage Barneskule Ungdomsskule	Vaksenopplæring Fellesområda for barnehage og skule
3000	Helse og omsorg	Helse Sjukeheim Heimetenester Funksjonshemma NAV	
4000	Samfunn og utvikling	Teknisk drift Teknisk forvaltning inkl. landbruk	Prosjekt
5000	Organisasjon	Sørvis – her under også kyrkja	Økonomi Løn og personal

Ein viktig føresetnad for rådmannen i arbeidet med den nye organisasjonen var at den måtte tilpassast aukande etterspurnaden etter Samnanger kommune som ein sentral aktør og premissleverandør for **lokalsamfunnsutvikling**. I vedteken kommuneplan er det eit gjennomgåande tema at kommunen skal vera meir aktiv på område som samfunns- og næringsutvikling og sjå til at kvaliteten på tenestene er god. Rådmannen har over tid sett at det er kommunen som samfunnsaktør som har vorte skadelidande fordi me heile tida har hatt fokus på den einskilde tenesta. Me har kjend på at politikarane ikkje har fått tilstrekkeleg underlag og støtte når det har vorte fremja framlegg som går på denne rolla. Døme på denne type saker er tilrettelegging for auka bustadbygging for å nå målet om auka folketal, betre tilrettelegging for næringsutvikling og marknadsføring av kommunen.

Med stadige trongare økonomi er det viktig å få mest mogleg ut av dei ressursane me har tilgjengeleg. Samordning på tvers og skikkeleg økonomiforvaltning er viktig når kommunen må ta hand om mange nye oppgåver utan tilførsel av nye ressursar. I 2015 vart *Tverrsektoriell plan for barn og unge* vedteken. Dette er ein viktig plan først og fremst for at barn og unge skal verta godt ivaretekne, men og fordi me ser at me kan verta betre på dette viktige området gjerne med

mindre ressursbruk. Me kan arbeida meir effektivt og smartare. Aktuelle sektorleiarar vil prioritera å fylgja opp dette arbeidet.

Aukande fokus frå alle, innbyggjarane, politikarane og sentrale styresmakter til effektivitet og kvalitet i tenestene er og medverkande til at me enda opp med eit større apparat knytt til rådmannen. Det er vidare viktig å ha ei sakshandsaming og tildeling av tenester der den einskilde sin rettstryggleik vert ivareteken. Eit viktig element i den nye organiseringa er å få til eit skilje mellom forvaltning (den som fattar vedtak om tenesta til brukaren) og drift (den som gir tenesta). Me må få ei meir profesjonell tilnærming til denne type sakshandsaming.

Nyleg vedteken forvaltningsrevisjon for internkontroll peikar på fleire område som treng større fokus frå rådmannen. Dei fleste av dei påpeika manglane i internkontrollen har vore kjende m.a. gjennom at dei er tekne opp i årsmeldingar og andre rapporteringar. Manglande ressursar hjå rådmannen har gjort det vanskeleg å prioritera internkontrollarbeidet, men me meiner at ny organisering gir større rom for å arbeida med dette området.

Rådmannen føreset at me i 2016 skal utbetra dei tilhøva som er påpeika i forvaltningsrevisjonen.

- Me må generelt få opp fokus på internkontroll
- Me må verta betre på å kvalitetssikra tenestene
- Me må verta betre på å dokumentera
- Me må verta betre på å rapportera

I 2015 har me skaffa oss ein del digitale verktøy som skal hjelpa oss i arbeidet med internkontroll m.m.

## Mål for 2016

- Arbeida strategisk for å utvikla kommunen
- Starta arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen
- Oppgradera internkontrollsystema i kommunen
- Utvikla ein systematikk i styringsdialogen mellom politisk og administrativ nivå
- Gjennomføra tiltaka i investeringsbudsjettet – få slutført prosjekt
- Leiaropplæring
- Oppgradera beredskapsplanane i kommunen

**Rådmannen** skal sjølv ha direkte ansvar for barnevernet og for næringsutvikling. Det er då føresett at barnevernet vert interkommunalt, slik at det daglege ansvaret som barnevernssjef vert avslutta. Assisterande rådmann har m.a. ansvar for å utvikla organisasjonen, tenestene og lokalsamfunnet. Overordna ansvar for beredskapsarbeidet er også lagt til denne stillinga.

## Barnevern

Kommunestyret har fatta vedtak om at me skal inngå interkommunalt samarbeid om barnevernet med Bergen kommune. Endeleg avtale er ikkje ferdig. Det tilseier m.a. at me ikkje veit om me vert samde, kva tid samarbeidet kan starta og kva kostnad det vert. Rådmannen har i sitt budsjettframlegg lagt til grunn at me vil bruka like mykje pengar på dette området i 2016 som me gjer i 2015. Budsjettet er sett opp som om me skulle fortsette med eigen drift.

Det siste året har me halde ledige stillingar vakante i påvente av ny ordning. Rådmannen er fungerande barnevernssjef i Samnanger. Det er berre ein fast tilsett barnevernskonsulent. Dei resterande lønsmidlane vert nytta til å kjøpa konsulenttenester frå to personar. Personellet – både den fast tilsette og særleg konsulentane – har lang erfaring innan barnevern, og me har klart å fylgja opp sakene slik lova tilseier det.

Barnevernsbudsjettet er tredelt, sakshandsaming (kontoret), tiltak i familien og tiltak utanføre familien. Dei to siste områda vil berre i mindre grad verta påverka av at me inngår i eit interkommunalt samarbeid. Samnanger får statstilskot til ei sakshandsamarstilling noko som gjer at me har netto utgifter her på knapt 1 mill. kroner. Dei klart største utgiftene har me på tiltak utanføre familien, dvs. til barna som kommunen har omsorga for.

### Netto budsjetttramme

	2015	2016	Merknader
Barnevern	6 118 284	6 053 318	

## Mål for 2016

- Få til avtale med Bergen kommune
- Få til ein mest mogleg smidig overgang inkl. å sikra at borna og dei pårørande vert godt informerte og tekne vare på
- Få til eit godt samarbeid mellom barnevernet og kommunen sitt tenesteapparat retta mot barn og unge

## Næring

Samnanger kommune har ikkje eit eige apparat for arbeidet med tilrettelegging for og oppfølging av næringslivet. Oppfølginga har vore gjort av ordførar, rådmann og einingsleiar for teknisk. I ny organisering er det tydeleg at rådmannen har ansvaret for arbeidet med næringsutvikling og skal bruke meir at tida si på dette området.

Samnanger kommune er medeigar i **Business Region Bergen**. Her finst ei rekke tilbod til næringsdrivande, ikkje minst har Etablerersenteret mykje å tilby dei som



ynskjer å starta opp. Dette tilbodet har i liten grad vore brukt av Samnanger. BRB har også utarbeidd ein digital oversikt over ledige næringsareal i kommunane. Samnanger må bruke dette verktøyet. Næringsdrivande i kommunen har etterspurd det.

Samnanger kommune utgjer saman med kommunane Fusa og Os **Bjørnefjorden Næringsutvikling** (BNU). Aktiviteten her er avgrensa til fordeling av midlar frå regionalt næringsfond. Felles næringsarealplan har sitt utspring i dette samarbeidet. Denne planen er nyleg vedteken, og i 2016 er det viktig å arbeida den inn i arealplanen vår og seinare i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Hordaland fylkeskommune har tradisjon for å ”snakke” med kommunane gjennom dei interkommunale næringsfora. For vår region har det vore vanskeleg sidan det ikkje er eit aktivt kontor. Rådmannen i Samnanger har på vegne av BNU delteke på fylkeskommunen sine faste møte for dei daglege leiarane av regionale næringskontor m.m. Det må ei avklaring med dei andre kommunane om dette skal halda fram. Rådmannen vil i så fall prioritera dette høgare m.a. fordi det er viktig å ha ein tett dialog med fylkeskommunen også på dette området. Rådmannen er og sekretær for BNU.

Kommunen er medlem av Samnanger næringsforum. Ein politiskar vert vald som styremedlem i laget. Sjølv om det har vore vanskeleg for Samnanger næringsforum å få engasjert dei næringsdrivande, er det bra for kommunen å ha eit slik organisasjon. I 2016 bør me styrkja samarbeidet med næringsforum både gjennom tettare dialog og gjerne også med felles arrangement.

Samnanger kommune har stor utpendling og få lokale arbeidsplassar. Eit virkemiddel for å få auka folketalet vil vera å få til fleire arbeidsplassar i kommunen. Kommunane sine viktigaste virkemiddel i så måte vil er å ha ein infrastruktur som samsvarer med ønskja frå dei som vil etablere seg. Dette gjeld veg, ikt, vatn og avløp. Det er og viktig å ha tilgjengelege næringsstomter. Det er derfor svært viktig at me får bygd veg, vatn og avlaup opp i nytt industriområde i Rolvsvåg. Utan det har me ikkje ledige næringsstomter.

## Mål for 2016

- Ferdigstilling av infrastruktur for industriområdet på Rolvsvåg.
- Vera aktive i høve til å formidla informasjon til næringslivet om tenestene til BRB. Dette gjeld særleg etablerarskulen.
- Marknadsføra kommunen i høve til næringsaktørar m.a. nytta BRB sin portal.

## Sektor oppvekst og kultur

Sektor oppvekst og kultur omfattar tenester i barnehagar, skular, kultur og vaksenopplæring. Måla i barnehage og skule er bl.a. henta frå to strategiplanar:

- Strategi for barnehagane og skulane i Samnanger kommune 2012- 2015
- Strategi for oppvekst- og læringsmiljø, SOL, i Samnanger kommune 2012- 2015

Me har starta arbeidet med å evaluera planane, og dette vil vera grunnlag for nye mål og tiltak i ny planperiode. Plan for tverrfagleg samarbeid vart godkjend 07.10.15. Denne planen har som overordna mål å gje kvalitativt betre tenester for barn og unge i Samnanger kommune, sett i lys av eit betre tverrfagleg samarbeid. 2016 vil bli brukt til å implementera planen i involverte einingar.

### Barnehage:

**121** barn i kommunen har barnehagetilbod i 2 kommunale (95) og 1 privat barnehage (26). I følgje Lov om barnehagar § 8 er det kommunen sitt ansvar å vera forvaltnings- og tilsynsmynde ovanfor den private barnehagen i kommunen.

Årsverk Pr. 01.08.15	Kommunal barnehage	Privat barnehage	Totalt
Styrar	2,6	0,4	3,05
Pedagogisk leiar	8,50	2,05	10,8
Assistentar	16,3	3,0	20,3
Adm/merkantilt	0	0	0
Assistent styrka	2,2	0	1,3
Anna personale	0	0,32	0
Sum	<b>29,6</b>	<b>5,77</b>	<b>35,45</b>
Pedagog u. godkjent utd.	0	0,45	0,45
Tal personar	36	8	43

### Mål – kommunale barnehagar 2016

*Barn og vaksne skal arbeida saman for å skapa ein god kvardag for alle involverte.*

*Saman skal me gjera **klar dag** til **noko** som er verd å ta med seg vidare.*

*Saman for ein god start.*

- Barna skal oppleve eit heilskapleg opplæringslaup – med kjende og trygge overgangar mellom barnehage - barneskule og mellom barnetrinn – ungdomstrinn.
- Mål om å ha ei relasjonsorientert leiing og få etablert ein tydeleg organisasjon der det er lagt til rette for gode utviklingsprosessar – lærande organisasjon
- Mål om mindre enn 7,7% sjukefråvær
- Nyttå dråpen som symbol
- Oppstart kompetanseheving om språk – Udir.no



### Budsjet 2016 og satsing

#### Utfordringar

- Å ha ledige plassar, samtidig som kommunen betalar for barn i andre kommunar
- Finna rett balanse mellom dimensjonering av personell og behov
- Barnehagane er ein viktig samarbeidspart i systematisk tverrfagleg samarbeid- utnytta potensiale i dette samarbeidet sett i lys av tidlege tiltak



## Føringar

### Nasjonale føringar

- Barnehagelova
- Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar
- Maksimal foreldrebetaling for ein heiltidsplass i barnehage er 2 580 kroner per måned i 2016. Ein innfrir med dette løftet om ein maksimalpris.
- Rett til redusert foreldrebetaling ved samla inntekt under 405.000.
- Stortingsmelding - *Framtidens barnehage*.
  - ✓ Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020.
  - ✓ Ny Rammeplan er venta hausten 2017

### Lokale føringar/planar/vedtak

- Strategi for overgang barnehage - skule – tidleg innsats.
- Kommuneplan - Legga til rette for dagleg fysisk aktivitet og sunne måltid, viktig for helse og trivsel og for eit godt læringsmiljø.
- Tverretatleg samarbeid med fokus på førebyggjande folkehelse.
- Kulturplan – den kulturelle nistepakken.
- Styringsdokument – økonomiplan 2015-18.
- Strategiplan for barnehagar og skular 2012 – 2015.

### **Særskilte prioriterte arbeidsoppgåver i 2016**

- Gjennomføra ei grundig evaluering av førre Strategiplan. I denne evalueringa skal barn, tilsette og foreldre høyrast. Evalueringa vil danna grunnlag for ny Strategiplan.
- Implementering av satsinga Tverrfagleg samarbeid.
- Språk- meir enn berre prat:  
Bhg: Språk i bhg – mer enn berre prat:  
- <http://www.udir.no/Barnehage/Stotterressurser/Sprak/sprakveileder>
- Vidareføring av leiarutviklingsprogram i regi av Midthordland kompetanseregion
- Arbeida for eit høgt og godt nærver - redusere sjukefråveret til lågare enn 7,7%.

### **Økonomi 2016**

Utgiftene til barnehagedrift har vore ein god del større i Samnanger enn gjennomsnittet, og det har auka vesentleg dei siste åra. Me har gått med ein overkapasitet slik at det har vore mogleg å "få barnehageplass på dagen". I tillegg har det gjennom eigne ressursar vore satsa på språkutvikling. Når økonomien strammar seg til, vil me først vurderer område med "overkapasitet". I rådmannen sitt framlegg er det lagt til grunn at bemanning og tal barn skal samsvara, dvs. at me vil redusera på kapasiteten og dermed også på tal stillingar. Det mest aktuelle vil vera å stenga ei avdeling i Dråpeslottet barnehage. Det er uansett val ikkje aktuelt å seia opp personell. Nedbemanninga skjer ved å ikkje tilsette i vakante stillingar.

I arbeidet med å få budsjettet i balanse har også andre tiltak vore vurderte - ytterlegare feriestenging, kutt i kulturaktivitetar. I rådmannen sitt framlegg er det lagt til grunn at barnehagen held stengt i romjula. Relativt få foreldre nyttar dette tilbodet.

*Netto budsjetttramme*

	2015	2016	Merknader
Barnehageeininga	14 655 160	14 252 214	
Barnehage elles	4 340 631	3 566 933	Det er nye reglar for utrekning av tilskotet til private barnehagar. I Samnanger går tilskotet ned i 2016

**Oppsummering**

Erfaringane frå tilsyn hausten 2015 var gode. Barnehagane har profesjonelle vaksne som arbeidar systematisk for å nå måla. Kompetansehevingsprogrammet i Midthordland kompetanseregion, og programmet "De utrolige årene," har bidrege til dette. Bemanningsnorma regulerer dimensjoneringa av tal vaksne: Det vert teke utgangspunkt i 1 pedagog og 200 % assistent pr avdeling med 18 store barn eller 9 små. Den økonomiske situasjonen til kommunen gjer at me må redusera tilbodet og tilpassa bemanninga til faktisk barnetal. Det betyr at det i mindre grad vert ope opptak året rundt. Det er framleis nokre ledige plassar, og me ønskjer fleire barn til dei flotte og veldrivne barnehagane våre.

**Grunnskule:**

Med barnetala ein veit i dag, vil elevtalet i grunnskulen liggja mellom 291 og 309 frå skuleåra 15/16 til 20/21. Ut frå klassedelingsreglane som ligg til grunn vil det utløysa 15 klassar totalt. D.v.s. same klassetal som me har no. I 18/19 vil SBS få ein klasse meir, medan SUS vil få ein klasse mindre. Med atterhald om at til- og fråflytting kan påverka klassetala.

I SFO er det skuleåret 2015- 2016 63 barn.

**Organisasjon og medarbeidarar SBS og SUS**

Årsverk henta frå GSI 01.10.15	SBS	SUS
Sum skuleleing	02,25	01,70
Sum Pedagogisk personale	18,05	09,56
Assistentar skule	06,15	01,27
Assistentar SFO	02,54	-
Sum årsverk i alt	28,99	12,53
Tal tilsette	42	21

**Mål – grunnskule 2016**

Samnanger kommune sitt hovudmål; *Ein god stad å vera, ein god stad å læra.* Delmål:

- Betre enn Hordaland i LESING
- Betre enn Hordaland i ENGELSK
- Betre enn Hordaland i REKNING
- Mål om at 100% av avgangselevane går direkte over til vidaregåande skule.
- Mål om styrka tverrfagleg samarbeid.
- Mål om mindre enn 4,5% sjukefråvær.

- Mål om å ha ei relasjonsorientert leiing og få etablert ein tydleg organisasjon der det er lagt til rette for gode utviklingsprosessar – ein lærande organisasjon
- Strategiplan for barnehage og skule heng saman med kommunestyreperioden. Denne skal reviderast, og forarbeidet er starta. Inntil denne er klar vil måla for Strategiplan 2012 – 2015 gjelda.

### Budsjett 2016 og satsing

#### Utfordringar

- Få til ein heilskapleg og samanhengande overgang mellom barnehage – barneskule - ungdomsskule.
- Få til eit betre læringsutbyte for alle elevar gjennom tidleg innsats, tilpassa opplæring og med redusert spesialundervisning.
- Få etablert tverrfaglege samarbeidsfora og samarbeidsteam med fokus på tidleg innsats og fokus på psykisk helse/folkehelse på alle trinn.
- Elevtal som ligg rundt delingstalet for gruppedeling gjev usikkerheit omkring talet klassar og delingstimar skulane skal få tildelt. Utfordrande å få til eit stabilt fagmiljø.

#### Føringar

##### Nasjonale føringar

- Opplæringslova
- Kunnskapsløftet
- Forskrift om miljøretta helsevern i skular
- Skolebasert kompetanseutvikling på ungdomstrinnet 2013-2017
- Ludvigsen- utvalet: ”Fremtidens skole.” Fornyng av fag og kompetanse.
- Djupedalsutvalet: ”Å høre til.” Verkemiddel for eit trygt psykososialt skulemiljø.
- 1 ekstra time naturfag i veka frå skuleåret 16/17. Kan leggjast til 5., 6. eller 7. klasse.



##### Lokale føringar/planar/vedtak

- Kommuneplan - Legga til rette for dagleg fysisk aktivitet og sunne måltid, viktig for helse og trivsel og for eit godt læringsmiljø.
- Strategi for overgang barnehage - skule – tidleg innsats.
- Tverrfagleg samarbeid med fokus på førebyggjande folkehelse.
- Styringsdokument – økonomiplan 2015-18. Mål og delmål.
- Strategiplan for barnehagar og skular 2012 - 2015

#### Særlege prioriterte arbeidsoppgåver i 2016

- Gjennomføra ei grundig evaluering av førre Strategiplan. I denne evalueringa skal barn, elevar, tilsette og foreldre høyrast. Evalueringa vil danna grunnlag for ny S. plan.
- Implementering av satsinga Tverrfagleg samarbeid.
- Samnanger barneskule: Vurdering for læring:
  - [http://media.hil.no/SkoleVFL\\_brosjyre.pdf](http://media.hil.no/SkoleVFL_brosjyre.pdf)
- Samnanger ungdomsskule: Ungdomsskole i utvikling – lesing i alle fag: <http://www.udir.no/Utvikling/Ungdomstrinnet/Lesing/>
- Vidareføring av leiarutviklingsprogram i regi av Midthordland kompetanseregion

- Arbeida for eit høgt og godt nærver - redusere sjukefråveret til lågare enn 4,3%.

### Økonomi 2016

I følgje KOSTRA- tal ser me at driftsutgifter pr elev ligg noko høgare enn andre kommunar me kan samanlikna oss med. %- vis fordeling av ressursar til spesialundervisning ligg framleis noko høgt. Følgjande tiltak må vurderast:

- Volum på assistentstillingar
- Andre former for organisering av spesialundervisning

I rådmannen sitt framlegg er det gjort nokre reduksjonar i assistentstillingar i barneskule og SFO. På ungdomsskulen er det og ein del mindre reduksjonar i m.a. delingstimar og oppheving av vedtak om norskopplæring.

### Netto budsjetttramme

	2015	2016	Merknadar
Barneskulen	19 391 803	19 349 241	
Ungdomsskulen	10 280 132	10 101 639	

### Oppsummering

Skulane viser gode faglege resultat, men har større variasjonar på Elevundersøkinga som omfattar andre område ved læringsmiljøet. Det kan vera utfordrande å vera ein liten kommune med få einingar. Derfor er type nettverksarbeid med andre kommunar særskild viktig. Samtidig kan me få til mykje i ein liten kommune dersom me arbeidar rett. Ny Strategiplan for 2016 – 2019 vil derfor bli viktig når det gjeld framtidige vegval. Systemarbeid kring tidleg innsats, tilpassa opplæring, tverrfagleg samarbeid og fokus på kompetanseheving vil vera viktig tiltak.

### Kultur:

Eininga sitt ansvarsområde er: Kulturaktivitetar, idrett og friluftsliv, kulturminne, stadnamn, kulturbasert næring, reiseliv, folkehelse, folkebibliotek og kulturskule.

Årsverk	2015	
Sum kulturkontor	200 %	2
Sum Kulturskulen	226 %	(rektor+8 stk)
Sum Folkebibliotek	77 %	1
<b>Sum årsverk i alt</b>	<b>503 %</b>	
Tal tilsette	12	

### Mål kultur 2016

Kommunen sin visjon: *Samnanger – der du vil leva og bu.*  
Kultureininga sitt hovudmål: *Kultur for alle.*

#### Delmål:

- Auka aktiviteten med meir enn 5 nye aktivitetar spesielt for barn og unge.
- Auka med minst 5 nye kulturaktivitetar.
- Få etablert kultureininga som ein organisasjon med tydelege mål og ansvar.
- Mål for sjukefråvær bør ikkje vera høgare enn 3,1% i eininga.

- Arbeide for å få gjennomført vedtak i samband med avsette Sima-Samnanger midlar. Dette er midlar sett av til grasbane og til barn og unge.
- Realisera tiltaka i plan for idrett og fysisk aktivitet.
- Implementering av tverrfagleg samarbeid.

### **Budsjett 2016 og satsing**

#### **Utfordringar :**

- Å få auke i aktiviteten og vera meir synleg ute. Eininga må derfor spissa og strukturera arbeidet i større grad, samt vera aktiv pådrivar for arrangement.
- Ungdom og yngre vaksne har færrest tilbud i kommunen. Ei satsing her vert viktig.
- Skianlegget i Totræna har inne ein søknad om fylkeskommunale spelemidlar. Det er ønskje om å få oppgradera og utvida med både nye skiløyper og skileik-anlegg. Totræna vil med dette framstå som eit godt vinterparkanlegg både lokalt og regionalt. Den største utforringa er den dårlege vegen opp til anlegget. SIL har søkt kommunen om midlar til opprusting.

#### **Føringar**

##### Nasjonale føringar

- Kulturlova: "...kommunen skal syta for økonomiske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for et breitt spekter av kulturverksemd lokalt".
- Kulturminner og kulturmiljø; - auka satsing på kunnskap i forvaltning av kulturminne og styrking av program for bevaring.
- Ny nasjonal strategi for folkebibliotek
- Auka satsing i samarbeid med frivilligsektor.
- Lov om offentlege styrmakters ansvar for kulturverksemd: «[...] kommunen skal syta for økonomiske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for et breitt spekter av kulturverksemd lokalt».
- Lov om folkehelsearbeid
- Lov om folkebibliotek
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa § 13-6

##### Lokale føringar/planar/vedtak.

- Kommuneplan, kulturplan og ekstra satsing på folkehelse gjennom folkehelseplanen.
- Kulturminneplan 2014 -17.
- Styringsdokument – økonomiplan 2014-17.
- Tverrfagleg samarbeid med fokus på førebyggjande folkehelse.
- Plan for idrett og fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-24, med vedteken handlingsplan 2015-19 – Totræna vinterpark, grasbana Hagebotnane.

#### **Særlege prioriterte arbeidsoppgåver i 2016**

- Tverrfagleg samarbeid – folkehelse
- Grasbana Hagabotnane
- Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Samnanger.
- Planleggja nytt bibliotek

- Få auka aktiviteten på arrangement og tiltak i regi av kulturkontoret. Større mangfald i kulturaktivitetane og eit breiare kulturtilbod, samt fokus på folkehelse innanfor tildelt ramme. Det skal lagast ein årleg arrangementsplan som skal følgja budsjettet.
- Styrke og formalisere samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar i Samnanger gjennom prosjektet «Frivillige Samnanger»

### Økonomi 2016

Driftsutgifter til kultur ligg lågt dersom me samanliknar oss med andre kommunar. Kultur vert derfor skjermja mot store kutt. I påvente av nytt bibliotek vil me likevel foreslå å kutta i bokbudsjettet, og heller vurdera behovet når nytt bibliotek står ferdig.

Driftsbudsjett netto budsjetttrammer	2015	2016	Merknad
	3 354 275	3 487 193	

Samnanger kommune skal søke om spelemidlar til etablering av kunstgrasbane. Hordaland fylkeskommune har vedteke at alle som søkar om spelemidlar til ordinære anlegg, må søke i minimum tre år før ein kan få tilskot. Det er lagt inn i investeringsbudsjettet ei forskotering av spelemidlar til kunstgrasbane på kr 2 500 000. Samnanger kommune vil få spelemidlar, men det vil ta minimum tre år – dersom tiltaket til forskotering av spelemidlar vert tatt med.

### Oppsummering

Kulturområdet har no etter kvart ei rekkje gode planar med tiltak som skal verta realiserte.

Auke i kulturaktivitetar og arrangement vert det viktigaste å få til i 2016.

Barn og ungdom skal ha største satsinga og høgast prioritet. Dette gjeld både faste arrangement og tiltak. Kultureininga vil vera sentral i det tverrfaglege og tverretatlege arbeidet med tidleg innsats og folkehelse.

Det vert og viktig å leggja til rette for eit godt samarbeid med SIL slik at barn og unge i Samnanger kan få gode treningsforhold på ny kunstgrasbane eller i vinterparkanlegget.

## Sektor for helse og omsorg

### Tenesteområde, organisasjon

Til sektoren ligg tenester innan NAV, legeteneste, helsestasjon, jordmor, fysioterapi, psykiatri, førstehjelpsbilen, flyktningar, sjukeheim, respirator, kjøkken, heimetenester, dagsenter og tilbod til funksjonshemma. Kommunen kjøper psykologtenester og deltek i interkommunalt samarbeid innan kols og diabetes.

Sektorane må og skal samarbeida på tvers av einingane og gje eit godt og forsvarleg tilbod til innbyggjarane.

Årsverk	2016
Sum årsverk Helsetunet	7,33
Sum årsverk NAV/sosial	1,4
Sum årsverk Sjukeheim (inkl kjøken/resp)	27,5
Sum årsverk Open omsorg (inkl dagsenter)	13,42
Sum årsverk Funksjonshemma	11,04
<b>Sum årsverk totalt</b>	<b>60,69</b>
+ 5 leiarar (3,5), sekretær plo (1,5), demens (0,1) og kreft/palliasjon (0,2).	

## Helse

Samnanger bruker mykje pengar på helse samanlikna med landsgjennomsnittet og om lag som KG3. Mindre kommunar vil vera "dyrare" i drift også på dette området, m.a. som fylgje av at me har færre å fordela ut kostnader med t.d. vakt. Samnanger har inngått interkommunalt samarbeid med Os om legevakt, men me betalar nok fortsett meir enn vårt innbyggjartal skulle tilseia. Uansett så ville nok ei eiga ordning kosta meir, og det er lite truleg at me hadde klart å organisera det på eigen hand.



Førstehjelpsbilen, slik opplegget er i Samnanger er ikkje ei lovpålagt oppgåve. Både med tanke på bemanning og kva type oppgåver den rykker ut på så er det heilt klart at kommunen her har teke på seg oppgåver som ligg til spesialisttenesta. I 2014 hadde me utgifter til førstehjelpsbil på 636.000 kroner. Denne kostnaden er med å dra opp ressursbruken i helseeininga. Rådmannen vurderer det slik at skal helsebudsjettet reduserast må det koma i drift av bilen. For 2016 er det ikkje foreslått endringar. Me ser uansett for oss å sjå nærare på om det er andre og rimelegare måtar me kan drifta bilen på.

Der er statlege føringar på at helsestasjonsarbeidet skal styrkjast. I 2015 vart stillingsressursen for helsesøster auka med vel 10%. Regjeringa har lagt inn midlar i rammetilskotet til ytterlegare styrking av arbeidet med barn og unge. I framlegget til budsjett er det sett av kr 200.000 til delfinansiering av psykologstilling. Staten har oppretta ei tilskotsordning der kommunar kan søkja om støtte til slike stillingar. Stillingsstorleiken vil vera avhengig av kor mykje me kan få i tilskot.

Psykiatritenesta er flytta frå eining for pleie og omsorg til helse frå 2016.

Ut over det som er nemnd over er det ikkje endringar i helsebudsjettet.

## Sosialhjelp – NAV kommune

For eit par år tilbake vart det jobba systematisk med å få redusert talet på sosialhjelpsmottakarar. Langt på veg lukkast me i dette arbeidet, nokre kom seg i arbeid men mange vart ført over på statlege tilskotsordningar. Det kan no sjå ut som om me har nådd ei nedre grense. Men me ligg fortsett høgt samanlikna med mange andre kommunar.

Utviklinga i 2015 er negativ. Fleire nye oppsøker no NAV og har bruk for til dels omfattande hjelp. Mange av dei kjem flyttande til Samnanger. Staten har vedteke lov om aktivitetsplikt. KS og stat er ikkje samdeom finansiering, slik at me ikkje ser konsekvensane av ordninga. Me ser for oss å bruka denne lova i 2016 då me har tru på at me ved tett oppfølging kan få lært unge utan arbeid gode arbeidsvanar og på den måten styrkja deira moglegheit til å koma seg inn i den ordinære arbeidsmarknaden. Me veit ut frå tidlegare erfaringar at dette er arbeidskrevjande, og det er ikkje mogleg å gjera det innan dei oppretta stillingane. Føresetnaden for at me kan gå i gang med dette er at det kjem til ekstra midlar, og me vil sjå på moglegheitene for å søkja om eksterne tilskot.

### Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2010	2011	2012	2013	2014
Totalt	64	58	49	49	49
Meir enn 6 mnd.	27	18	14	20	20
Gjennomsnittleg stønadslengd 18 -24 år	5,9	4,5	4,3	7,6	6,3
Gjennomsnittleg stønadslengd 25 – 66 år	5,0	4,5	4,8	5,0	4,7

Ca 11 personar har pr oktober sosialhjelp som den einaste inntekta (+evnt barnetrygd).

Dei tilsette på NAV kommune melder attende at det er store utfordringar med saker knytt til gjeld. Me har f.t. under arbeid 4 saker. Dette er saker som krev omfattande sakshandsaming – systematisering, kontakt med kreditorar etc. Det er viktige saker både for den einskilde men og for kommunen sidan dette er personar som også søkjer om økonomisk sosialhjelp.

I budsjettframlegget er det lagt til grunn om lag same summen til økonomisk sosialhjelp som i 2015. Det hefter mykje uvisse med desse postane. Førebels har ikkje Samnanger merkja mykje til innstramingar i arbeidsmarknaden. Truleg vil dei økonomiske konsekvensane først koma på dei statlege ytingane. Det er i stor grad rettighetsbaserte ytingar slik at me må vera budd på å yta tilleggsløyving om situasjonen tilseier det. Økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og introduksjonsordningar må sjåast saman.

### Flyktningar

Kommunestyret vil i møtet den 26.11.15 få seg førelagd ei sak om busetting av flyktningar. Rådmannen tilrår å starta busetting straks på nyåret, og det er føreset at kommunen får dekkja kostnadene sine gjennom flyktningetilskot.

### Tenester til eldre

Store delar av budsjettet for sektor for helse og omsorg er knytt opp mot tenester til eldre. Me opplever no at trykket på å få plass på sjukeheimen har minka i ein så stor grad at det er naudsynt



å tilpassa drifta vår. Det er nok fleire grunnar til det, men det er all grunn til å drøfta om dette er ein tendens som vil vara ved eller om det er naturlege variasjonar som vil endra seg raskt. Ein innfallsvinkel er å sjå på utviklinga i tal eldre.

Framskrive folketal (MMMM)

Samnanger	2015	2020	2025	2030	2035	2040
70 – 79 år	162	261	308	300	322	303
80 – 89 år	118	83	110	182	213	216
90 år og eldre	32	31	29	20	36	61

## Sjukeheim

Det er planlagt innflytting i ny sjukeheim våren 2016. Innflyttinga, bemanningsplanar og forslag til budsjett byggjer på erfaringar frå mellombels drift samt utvikling i folketalet.

I mellombels drift har tenestetilbodet vore adskilt med egne leiarar for heimetenesta og sjukeheimen. Rådmannen har etter drøftingar med leiarane, hovudtillitsvalde og hovudverneombod fatta vedtak om dette skal vera den faste organiseringa framover, og einingane vert starta opp frå 1.12.2015.

I 2015 har talet på søknadar til langtidsopphald gått ned. Pr oktober 15 hadde kun 2 søkt og fått innvilga langtidsopphald. Dei fleste opphalda i institusjon er korttidsopphald. Dette er ofte opphald for rehabilitering eller for palliasjon/terminal pleie.

Den nye sjukeheimen skal ha 31 plassar i einerom. For perioden nov 2014 – okt 2015 ville Samnangerheimen i snitt hatt 6,5 ledige senger om den nye sjukeheimen var opna med alle plassane. Ledig kapasitet har variert mellom 4 og 12 senger.

Fram til oktober 2015 har kommunen hatt kun 9 liggedøgn med utskivingsklare pasientar på sjukehus. Dette er dagar/periodar leiarane har avventa mottak grunna mangel på nok fagkompetanse.

Me tek som utgangspunkt at det er dei same kriteria for tildeling av sjukeheimsplassar i ny sjukeheim som no. Med lågare behov for institusjonsplassar vil det beste tiltaket for å ivareta kommunen sin økonomi vera å venta med å opna post 1 med 6 plassar.

Med 25 plassar kan institusjonen sjølvsagt i periodar få for få plassar, men me vurderer at det kan handterast, kanskje gjennom å ha doble rom i kortare periodar. Doble rom vert då fortrinnsvis for dei som er inne på rehabilitering. Erfaringane gjennom 2015 tilseier at behovet stort sett har lagt langt lågare enn 25, og behovet for å leggja to på rommet er venta å vera heller sjeldan. I skrivande stund gir me tilbod til færre enn 20 innbyggjarar.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det i tillegg til å stenga ein post med 6 plassar foreslått å leiga ut 1 – 2 plassar. Det er kome førespurnad frå Os kommune om leiga av plass, og dersom den same tendensen som me har hatt siste tida med tanke på tal sjukeheimspasientar vil det vera mogleg å selja plassar sjølv med ei avdeling stengt. Alternativ til dette vil vera å redusera vikarbruken. I framlegget er det lagt inn meirinntekter på sal av plassar på kr 700.000.

Med utsett opning av ei avdeling, vil me ha for mange faste tilsette. Kommunen bruker i dag personell frå vikarbyrå hovudsakleg til å ta seg av ein brukar som har respirator. Denne avtalen vil me seia opp og nytta eigen bemanning til dette arbeidet. Ved å omdisponera personell vil kommunen unngå oppseiingar.

Som eit resultat av samhandlingsreforma er behovet for å ha godt kvalifiserte ferievikarar mykje større enn tidlegare. Eininga treng medisinstudentar og spl/spl stud for å gje trygg nok kvalitet på tenestene. I mange høve må me nytta vikarbyrå for å få god nok kompetanse. Byrå kostar diverre meir enn andre vikarar frå td vidaregåande skule. Dette gjeld vikarar både i institusjon og heimetenesta.

Frå 01.01.16 er kommunen pålagt å ha ØH senger (senger for observasjon). For Samnanger kommune utgjer dette 0,24 seng. Samnanger kommune vil ikkje kunne drifta ei slik seng sjølv grunna avstand til legevakt samt økonomi. I budsjettframlegget er det sett av kr 600.000 til kjøp av denne tenesta. Det vert arbeidd med to alternative løysingar.

### Heimetensta

Medan sjukeheimen har hatt ledig kapasitet har heimetenesta merka ein auka etterspurnad etter tenester. Fleire ønskjer å vera heime trass alvorleg sjukdom. Husa er meir tilrettelagde og hjelpemiddelsentralen har mykje utstyr for dei som ønskjer/treng det.

Økonomisk er det vesentleg rimelegare for kommunen å gje tilbod om heimeteneste enn sjukeheimsplass.

Budsjettet i eininga har teke utgangspunkt i bemanningsplanar ein meiner er minimum for drifta samt det tenestetilbod/nivå kommunen gjev i dag. I rådmannen sitt framlegg til budsjett er det lagt til grunn at tilbod om praktisk bistand i heimen vert redusert slik at hovudregel vert at tilbodet vert gitt som 1.5 timar kvar 3.de veke mot anna kvar veke i dag. Dette tiltaket vil vekka ein del motstand, men det er fagleg godt forsvarleg. Endringar krev prosess, og det er rekna med halv effekt av dette tiltaket i 2016.

Kompetansekravet aukar og kommunen må syta for å ha eigen kompetanse på ulike område og/eller samarbeida med andre kommunar. Døme på slikt samarbeid er at me har felles diabetes og kolsteam med Os og Fusa.

For å få til god førebyggjing ønskjer me å setja i gang tiltak med heimebesøk for eldre over 80 år. Dette vil krevja nye økonomiske ressursar. Auka dagtilbod vil og vera eit av tiltaka kommunen kan nytta for å leggja til rette for at innbyggjarane kan få tenester heime. Me ser ikkje rom for tiltaka i 2016.

### Dagsenter

Dagsenteret i den nye sjukeheimen skal ha ein sentral plass. Eit godt dagsentertilbod vil kunne leggje til rette for at pasientane kan bu lenger heime. Det er ønskje om å tilby meir dagsenter for innbyggjarane i Samnanger. Det har ikkje vært mogeleg å få det inn i budsjett 2016.

Det bør likevel vera mogleg gjennom auka friviljug innsats å få til aktivitetstilbod i dei nye og vel tilpassa lokala på sjukeheimen. Me tenker her på ulike type arrangement som skal koma både dei heimebuande og bebuarane på Samnangerheimen til gode.

## Tenester til personar med nedsett funksjonsevne

I 2015 får 7 personar med nedsett funksjonsevne eit heildøgns tilbod på Skottabakken. Tidlegare vart det gitt tilbod også på Samnangerheimen, men med bygging her samt ønskje om samlokalisering samla ein tilbodet på Skottabakken. For å få det til vart det kjøpt inn brakker til fellesrom og personalrom. Dette skal vera ei mellombels løysing til nytt senter står klart. Løysinga har fungert dårleg og må avviklast så snart det er mogeleg.

Arbeidet med å få til eit nytt senter har måtte vika til fordel for utbygging av sjukeheimen. Ny sjukeheim står klar våren 2016, og det er då mogleg å starta opp arbeidet med det nye senteret. Dersom ei avdeling ved sjukeheimen ikkje vert teken i bruk, vil ein ha moglegheit til å nyttadesse lokala under bygging av nytt bufellesskap/senter. Det vert vist til kommentarar om senteret under kap. 6 investeringar.

## Mål i 2016

- Få til godt samarbeid på tvers av einingane for å finna gode løysingar for tenestemottakarane og Samnanger kommune
- Ta imot og starta integrering av flyktningar
- Gjera den nye sjukeheimen klar for innflytting, flytta inn og ta i bruk eit bygg som lenge har vore ønska og planlagt frå pasientar, pårørande og tilsette.
- Starta arbeidet med ny helse og omsorgsplan
- Få realisert planane om eit senter for funksjonshemma
- Tilsetja psykolog
- Halde fram med fokus på barn og unge si helse
- Leggja til rette for aktivitetsplikt i NAV
- Halda sjukefråværet nede. Kvar eining har sitt mål (plo 9% og helse/sosial 3,8%)
- Gjennomføra brukarundersøking og medarbeiderkartlegging hausten 2016
- Starta arbeidet med plan for rekruttering og kompetanse

## Samfunn og utvikling

### Tenesteområde, organisasjon

Sektor for samfunn og utvikling har oppgåver innan områda som går under tekniske forvaltning og teknisk drift. Forvaltningsoppgåvene er knytt til planlegging, byggje- og delesaker, brann, kart og oppmåling, miljø og naturforvaltning, samt forvaltar eigedomsdrifta og sjølvkostområda. Teknisk drift har oppgåva med å drifta og vedlikehalda veg, vatn, avløp, bygg, kommunen sine uteområde i parkar og institusjonar. I 2015 fekk teknisk drift ansvar for alt reinhald av alle kommunale bygg.

Sektoren har og eit viktig ansvar for arbeidet med utvikling av kommunen gjennom ulike prosjekt på infrastruktur og gjennom planarbeidet.

Det vert og kjøpt inn tenester som inngår i planlegging og utviklingsarbeid og til ulike vedlikehaldsoppgåver. Det er interkommunalt samarbeid med Bergen brannvesen på brann/feing/tilsyn. Frå 2016 skal det utførande arbeidet med feing og tilsyn gjerast at Bergen brannvesen. Samnanger er med i BIR om renovasjon og har eit interkommunalt samarbeid på Landbruk med kommunane Fusa, Os og Tysnes.

Årsverk 2015	Merknad	
<b>Teknisk forvaltning</b>		
-adm.sjon/forvaltning	4,23	Bygge-/dele-/plan-/oppmålingsaker
-miljø og landbruk	0,35	
-brann/feing	0,30	16 pers inkl 4 befal a 0,82 % still
<b>Sum Teknisk forvaltning</b>	<b>4,88</b>	
<b>Tal tilsette forvaltning</b>	5	Ekst. brann
<b>Teknisk drift</b>		
-Veg	0,80	
-VA	2,02	Sjølvkostområde
-Eigedom	4,25	
-Reinhald	8,56	Inkl.ny sjukeheim
<b>Sum Teknisk drift</b>	<b>15,63</b>	
<b>Tal tilsette drift</b>	18	
<b>Sum årsverk i samfunn og utvikling</b>	<b>20,51</b>	
<b>Tal tilsette</b>	23	Ekst.brann 16 stk brannmannskap

## Mål – samfunn og utvikling 2016

*Mål for tenesta –*

Samnanger kommune sitt hovudmål;

*Gje god kvalitet på tenestene og vera eit sørviskontor innanfor teknisk tenesteområde*

Delmål –



*Gje god informasjon og faghjelp*

*Gje god sørvis og forvaltning*

*Ha ein god og effektiv teknisk drift*

*Mål for organisasjon – sektor samfunn og utvikling*

- Verta eit sørviskontor med timeavtalar, digitale løysingar og ”klart svar”.
- Halda tidsfristar innanfor oppmåling og byggesak
- Ha ei relasjonsorientert leiing og få etablert ein **tydeleg organisasjon** der det er lagt til rette for gode utviklingsprosessar – *ein lærande organisasjon*. Faste møte i kvar eining med tilsette og felles sektormøte med leiarar.

*Mål for samfunnsutvikling og tiltak som er vedtekne i kommuneplan og i andre lokale vedtak.*

- Fullføra kommeplanarbeidet.
- Sørviserklæringar – Arbeidet er starta og det er laga stillingsomtalar for heile sektoren. I 2016 er målet å få etablert eit system for avvikshandtering og rapportering.
- God kvalitet på tenester – mål om å gjennomføra brukarundersøkingar på byggesak, vatn og avløp i 2016.
- Laga informasjonsbrosjyre/heimesideinformasjon til innbyggarane.
- Kartlegga og vurdera om ein skal leggja brannvakt på dagtid til teknisk drift.

**Budsjett 2016 og satsing****Utfordringar innanfor sektor for samfunn og utvikling**

- Tilstanden på ei rekke kommunale vegar er svært dårlege, og vegane treng ei oppgradering. Teknisk drift har utarbeidd rapport om behovet for vegvedlikehald dei neste åra. Samstundes er det nødvendig å utarbeida retningsliner for kva vegar som er kommunen sine stamvegar, og kven av dei skal ha høgast prioritert når det gjeld vedlikehald, veglys og brøyting. Ei omklassifisering av ei rekke kommunale vegar vert difor nødvendig dersom den økonomiske ramma for vegvedlikehald ikkje vert auka.
- Leidningsnett for vatn- og avløp på m.a. Ytre-Tysse og Indre-Tysse er svært gammalt og dårleg. Det hastar å få dette utbetra. På Ytre-Tysse er delar av anlegget påbegynt. Høgdebassenget og slamavskiljaren vart bygt i samband med utbygginga tusenårstaden. Utbetring av leiingsnett på Ytre-Tysse bør derfor fullførast i 2016, noko som er teke med i rådmannen sitt budsjettframlegg. Deretter bør kommunen starta oppgraderinga på Indre-Tysse.
- Teknisk drift har i dag ein traktor, ein lastebil og ein Pickup i tillegg til ein del brøyteutstyr. Både bilparken og utstyret er gammalt og det treng fornyast. Noko av utstyret passar og dårleg til det vintervedlikehald som bør verta gjort om trygg skuleveg skal verta prioritert. Med avgrensa midlar har det berre vore mogleg å imøtekoma ein liten del av behovet. Det er neppe forsvarleg og økonomisk å venta for lenge med utskifting av bilparken.

**Føringar**

- **Nasjonale føringar** - Av nasjonale føringar er desse dei mest sentrale i 2016;
  - Plan og bygningslova
  - Krav om hovudplan for vatn og avløp
  - Trafikktryggleik
  - Utskifting av veglys
  - Øyremerka statstilskot til kommunalt byggvedlikehald

- **Lokale føringar/planar/vedtak** - Av lokale vedtak er desse styrande for sektoren i 2016;
- Kommuneplan 2007-2017– *mål om kvalitet på tenestene*
- Oppstart og arbeid med kommuneplan.
- VA-anlegg på Bjørkheim (investering)
- Kunstgrasbane i Hagabotnane (investering - sjå kultur)
- Veg til Hagabotnane (investering)
- Vurdera privatisering og omklassifisering av kommunale vegar.

## Teknisk forvaltning

### Særlege prioriterte arbeidsoppgåver i 2016

- Innafor teknisk forvaltning er det store krav til å levera tenester til høg kvalitet innan gitte tidsfristar. Gebyra er knytt til faste tidfristar, og det kan gje kommunen tap i inntekt om dei ikkje vert haldne. Kontoret har godt kvalifisert personale som dekker dei fleste forvaltningsområda . Det vert likevel nødvendig å henta inn noko spesialkompetase til utgreiing på enkelte særområde. I innbyggjarundersøkinga kommunen gjennomførte i 2014 vart det ønska forbetringar innanfor teknisk sektor. I 2016 vil kontoret har særskilt fokus på å etablere rutinar og prosedyrar knytt til å utvikla kontoret sine sørvisfunksjonar. Det vil m.a verta innført timeavtale med søkjarar der det er naturleg at fleire sakshandsamarar deltar. Kontoret ønskjer å utnytta digitale løysingar og gje ”*klart svar*” til innbyggjarane. Ein del saker tek for lang tid fordi dei skal handsamast politisk. Nokre av desse er kurante (søknad om deling), og av omsyn til søkjarane bør desse delegerast til rådmannen. Budsjettet for kontoret er vidareført og konsekvensjustert frå 2015 til 2016.
- Brann og feing er lagt under teknisk forvaltning. Tenesta vert utført gjennom eit interkommunalt samarbeid med Bergen Brannvesen der brannsjefen i Bergen også er brannsjef i Samnanger. I 2016 er det føresett normal drift utan ekstraordinære kurs eller opplæring. Dette vart gjennomført i 2014-15. Det er ei utfordring å ikkje ha tilstrekkeleg med tilsette i kommunen som kan gå inn i vaktberedskapen på dagtid. Teknisk drift vil kartlegga om det let seg gjera å legge dagvakta til sitt driftspersonellet på sikt.
- Samnanger kommune er med i det interkommunale kommunesamarbeidet Bjørnefjorden landbrukskontor ilag med Os, Fusa, Tysnes og Samnanger. Fusa kommune har det formelle ansvaret og hovudkontoret. Samnanger kommune skal i fylgje inngått avtale betala 13 % av netto driftsutgifter og eit kommunalt tilskot til veterinær. Totalt utgjer dette kr. 583.000 i 2016. Fusa kommune har varsla ein auke i betalinga, men det er gitt tilbakemelding om at dette er det ikkje rom for. Endeleg sum er ikkje avklara.

### *Netto budsjetttramme drift*

Teknisk forvaltning	2015	2016	Merknadar
<b>Budsjett pr. 01.01. forvaltning</b>	<b>5 911 041</b>	<b>6 248 534</b>	
<b>Prisjustert opprinneleg budsjett</b>	Nei	Nei	
Konsekvensjustering		Ja	Forskyving av stillingsressursar som tidlegare vart ført i sjølvkostområdet.
<b>Oppdeling av teknisk til to einingar.</b>			Førast no under forvaltning.
Konsekvensjustert driftsbudsjett			
<b>Ressursaukingar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<b>Driftsreduksjonar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
<b>Totalt nettobudsjett</b>	<b>5 911 041</b>	<b>6 248 534</b>	

## Teknisk drift

### Særlege prioriterte arbeidsoppgåver i 2016

- Teknisk drift har utarbeidd statusrapportar og planar for utbetring av veg, vatn og avløp . Etterslepet på vedlikehald og fornying av infrastrukturen er stor, og det trengst ein del store utbetringar, særskilt på veg- og avløpssida.
- På veg er det eit ønskje om å omklassifisera ein del kommunale vegar for å kunne prioritera viktig stamvegar med vedlikehald og brøyting. For ein del av vegane kan ein neppe overføra vegane i den tilstand dei er i dag. Det er ikkje midlar innan eininga til denne opprustinga. Dette inneber å rusta opp ein del vegar før overføring, noko det ikkje er midlar til innanfor eininga sitt budsjett. Vegbudsjettet er vidareført frå 2015. Eit ras eller anna uføresett er det ikkje rom for å dekkja innanfor eige budsjett, med mindre noko anna vert redusert. I investeringsbudsjettet er det lagt inn kr. 300.000 til kjøp av nytt utstyr for vintervedlikehald. Kjøp av ny lastebil og traktor vil verte vurdert i økonomiplanperioden.
- Vatn og avløp er sjølvkostområde, og ramma for tiltak for utbetring vil vera avhengig av kva nivå kommunen set på dei kommunale avgiftene. Nytt leidningsnett på Ytre-Tysse er prioritert i investeringsbudsjettet.
- Vedlikehaldsbudsjettet for kommunale eigedommar er tatt ned med kr. 236.000, men det er ført inn tilsvarende sum gjennom regjeringa si nye ordning med øyremerka statstilskot til byggvedlikehald. Statstilskotet er meint som ei styrking for å redusera det kommunale eigedomsforfallet. Driftseininga kan der dermed gjennomføra planen sin om ei opprustng av aldersbustader på Skjervo (Haga).
- Reinhaltsavdelinga har ansvar for alt reinhaldet i dei kommunale bygga. Det er etablert brukaravtalar med alle einingsleiarar som er brukaransvarleg for sine kommunale bygg. Desse er reviderte for 2016, og det vert lagt stor vekt på samarbeid mellom einingane gjennom desse brukar- og reinhaltsavtalane. Det er ønskje om å oppretta ei ny 100% stilling når den nye Samnangerheimen vert teken i bruk. Det er ikkje funne rom for å auka stillingsbudsjettet med meir enn 50% stilling, og reinhaltsavdelinga må tilpasse reinhaldet i alle bygg innanfor sitt stillingsbudsjett. I reinhaltsplanen er det barnehagar og sjukeheimen som har 1.prioritet. Vikarbudsjettet på reinhald er redusert med kr 135.000.

### Økonomi –

#### Netto budsjetttramme drift

Driftsbudsjett Teknisk drift	2015	2016	Merknader
<b>Justert budsjett 01.01.</b>	<b>10 671 588</b>	11 667 564	
<b>Prisjustert opprinneleg budsjett</b>	Nei	Nei	
Konsekvensjustering		JA	Forskyving av stillingsressursar som tidlegare vart ført i sjølvkostområdet.
<b>Oppdeling av teknisk til to einingar.</b>			
Konsekvensjustert driftsbudsjett			
<b>Ressursaukingar</b>		+236.000	
<b>Øyremerka tilskot vedlikehald kom.bygg</b>			
<b>Driftsreduksjonar</b>			
<b>Vedlikehald kommunale bygg</b>		-236.000	
<b>50% Reinhaltsstilling</b>		-220 000	9 mnd
<b>Vikar-reinhald</b>		-135 000	
<b>Totalt nettobudsjett</b>	<b>10 671 588</b>	<b>11 312 564</b>	

**Oppsummering**

Det har ikkje vore mogleg å sette av ekstra midlar til vedlikehald i teknisk drift. Driftsbudsjettet innanfor sektor samfunn og utvikling for 2016 er i realiteten ei vidareføring av den ordinære drifta i 2015, med unnatak med eit kutt på vikarutgifter reinhald. Dei største utfordringane er på vedlikehald av infrastrukturen. Kommunen vert derfor utfordra til å gjera nødvendige og krevjande prioriteringar på kva og korleis ressursane skal verta disponerte på veg/brøyting/veglys, vatn og avløp. Samstundes er det behov for å oppgradera bilpark og fornya utstyr. Det er svært kapitalintensiv investeringar som trengst, og dei må fordelast over fleire år. Det er foreslått tiltak i investeringsbudsjettet i økonomiplanen som imøtekjem nokre av behova for oppjustering.

Teknisk forvaltning ønskjer å vidareføra og fullføra påbyrja prosjekt. Kommuneplanen vert viktig å få fullført. Likeeins starta og gjennomføra anleggsarbeidet for VA på Bjørkheim og ferdigstilla utbygging av industriområdet på Rolvsvåg. Kontoret vil og setja i gang tiltak som gjev betre sørvis for innbyggjarane.

**Landbruk**

Samnanger er del av det interkommunale Bjørnefjorden landbrukskontor. Dei samarbeidande kommunane er Fusa (som er vertskommune), Os og Tysnes. Vedteken fordelingsnøkkel tilseier at Samnanger skal betala 13% av kostnaden. Det er presentert eit framlegg frå landbrukskontoret der det er lagt til grunn ein litt større auke som er større enn berre prisjustering.



## Sektor for organisasjon

Sektor for organisasjon har ansvar for diverse stabs- og sørvisfunksjonar i kommunen. Mange av arbeidsoppgåvene er retta mot den øvrige kommuneorganisasjonen inkludert dei folkevalde. Sektoren har òg ein funksjon ut mot lokalsamfunnet, mellom anna knytt til ansvar for kommunen si heimeside og andre digitale løysingar, saksbehandling av saker knytt til eigedomsskatt, skjenkeløyve m.m. Sektor for organisasjon er delt inn i stabstenester og sørvissenteret/eining for sørvis. Stabstenestene består av økonomikontoret og løns- og personalkontoret. Dei andre tenestene - mellom anna arkiv, postmottak, ekspedisjon, politisk sekretariat og IKT - er frå 2015 organisert i sørvissenteret/eining for sørvis. Skatteoppkrevjartenester vert kjøpt frå Kvam herad.

Årsverk	2016
Sektorleiar og stab sum årsverk	4,9
Sektorleiar og stab tal tilsette	6
<i>Sektorleiar</i>	1,0
<i>Økonomikontor</i>	1,9
<i>Løn- og personalkontor</i>	2,0
Eining for sørvis sum årsverk	4,75
Eining for sørvis tal tilsette	5
<i>Einingsleiar</i>	1,0
<i>Arkiv, postmottak, ekspedisjon</i>	1,75
<i>IKT</i>	2,0
<b>Sum årsverk sektor organisasjon</b>	<b>9,65</b>
<b>Tal tilsette sektor organisasjon*</b>	<b>10</b>
*) <i>Ein medarbeidar arbeider både ved sørvissenteret og på økonomikontoret.</i>	

*Når det gjeld kontrollutvalet sitt budsjett (kontrollutval og revisjon), har rådmannen ikkje teke stilling til deira budsjettframlegg ut over at det er justert for forventa prisauke og korrigert for faktisk forbruk. Jmf. budsjetttrutinar for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett vert lagt fram for politikarane som eige skriv.*

*Oppfylgjing av vedtak knytt til kyrkja er lagt til denne sektoren med einingsleiar for sørvis som ansvarleg. I rådmannen sitt framlegg er tilskotet til kyrkja justert med forventa løns- og prisauke. Framlegget frå kyrkja ligg ved dette dokumentet.*

### Generelt

I rådmannen sitt budsjettframlegg er det lagt opp til at driftsnivået i sektor for organisasjon skal vera det same som i 2015. Det vert foreslått same stillingsramme som i 2015.

### Prioriterte tiltak

Det er sett opp ei rekkje forslag til tiltak i sektor for organisasjon, men dei fleste av desse har rådmannen ikkje funne å kunne prioritera i budsjettframlegget sitt. Følgjande tre tiltak som er absolutt naudsynt å gjera er prioriterte:

- Oppgradering av Agresso
- Utsifting av brannmurløysing
- Oppgradering/flytting av server/fagsystem i sikker sone (Acos CosDoc, Socio).

### Ikkje prioriterte tiltak

Mange av tiltaksforslaga som ikkje er prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg, er tiltak som

absolutt burde vore gjennomført dersom det hadde vore mogleg å finna midlar. Det er nok dessverre slik at me gjennom ikkje å gjennomføra nokre av desse tiltaksforslaga, står i fare for å opparbeida oss eit etterslep på fleire område. Slike etterslep må som hovudregel hentast inn igjen på eit eller anna tidspunkt. I Agresso-samarbeidet som Samnanger har med Fusa og Tysnes, er det òg ei utfordring at Samnanger ikkje har midlar til å gjennomføra tiltak som Tysnes og til dels Fusa ønskjer. Nedanfor er nokre av tiltaksforslaga som ikkje har vorte prioritert, lista opp:

Tiltaksforslag (tekst)	Konsekvens ved ikkje å gjennomføra tiltaket
<b>Fase 3 i oppgradering av ACOS Websak.</b>	Får ikkje ta i bruk docx-tekstmalar i Websak. Får ikkje ta i bruk ny møtebehandlingsmodul i Websak.
<b>Brannalarm i bortsettjingsarkiv</b>	Får ikkje etablert brannalarm i bortsettjingsarkivet på kommunehuset.
<b>Abonnement på kontaktregister for digital kommunikasjon med innbyggjarar.</b>	Får ikkje ta i bruk kontaktregisteret som styresmaktene har etablert.
<b>Ny versjon av Acos Innsyn</b>	Får ikkje ta i bruk ny modul for innsyn i postlister m.m.
<b>Løysing for utgåande EHF-faktura (elektronisk handelsformat).</b>	Kommunen kan ikkje tilby utgåande EHF-faktura . Tysnes og Fusa ønskjer å ta i bruk løysinga.
<b>Løysing for elektronisk handel (e-handel)</b>	Får ikkje etablert e-handelsløysing.

### *Kuttforslag*

For å få budsjettet i balanse har det vore naudsynt å foreta kutt . Innan sektor for organisasjon er kommunen sine økonomiske seniortiltak tekne bort med verknad frå 01.01.2016. Dette vil seia at ordninga med kommunalt tilretteleggingstilskot (10.000 kroner pr. år i full stilling) for tilsette i alderen 62 – 70 år utgår frå 01.01.2016. Ordninga med lønstillegg for tilsette i alderen 62 – 70 år vert vidareført for dei som allereie har fått slikt tillegg (jf. vilkår i inngåtte senioravtalar), men ingen andre tilsette får gå inn på denne ordninga etter 01.01.2016. Det kan påreknast ei årleg innsparing på om lag 200.000 kroner. Det er sjølvsagt ikkje ”hyggeleg” å foreslå å avvikla kommunen sine økonomiske seniortiltak, men dette er eit kutt som kan gjennomførast utan at det får vesentlege konsekvensar for kommunen sitt tenestetilbod. Det kan òg nemnast at forskning som er gjort på dette området, ikkje tyder på at økonomiske seniortiltak har betydning for når tilsette vel å gå av med pensjon.

Det har vore ein gjennomgang av alle dataprogramma me har i dag for å sjå om det er noko som me ikkje bruker. Eit program Arena Analyse vil verta sagt opp.

Det vert elles vist til vedlagte ”kuttliste” for oversikt over kva kuttforslag som har vorte vurdert.

### **Utfordringar i 2016 - sektor for organisasjon**

- Mange og ulike fagområde som skal verta dekkja med ein relativt liten stab. Det er ikkje mogleg å ha utdanning/spesialkompetanse som dekkar alle saksområda.
- Nødvendig å få på plass betre administrative rutinar på ein del område, m.a. med tanke på effektivisering og kvalitetssikring.
- Overhalda arbeidstidsreglar i periodar med prosjektarbeid, tidsfristar m.m.
- Auka krav til dokumentasjon, arkivering av dokument, innsyn m.m.
- Behov for vidareutvikling av digitale løysingar for innbyggjarar og tilsette.

### **Økonomikontoret og løns- og personalkontoret**

Evry, som er leverandør av kommunen sitt datasystem for økonomi, fakturering, løn m.m. (Agresso), har varslet at den noverande versjonen av Agresso ikkje vil vera i drift lenger enn til 31.12.2016. Dette betyr at me må oppgradera til ny versjon i 2016. Samla kostnad for oppgraderinga er stipulert til om lag 275.000 kroner. Det er ikkje midlar til denne oppgraderinga på det ordinære driftsbudsjettet. Finansiering av oppgraderinga er lagt inn som tiltak i rådmannen sitt budsjettframlegg. Oppgraderinga må gjerast parallelt for kommunane Fusa, Tysnes og Samnanger. Dei tre kommunane inngjekk i 2010/2011 felles avtale om kjøp av Agresso. Den noverande avtalen med Evry går ut sommaren 2017. Kommunane har opsjon på å forlenga avtalen med inntil 4 år. Det bør i løpet av 2016 takast stilling til om avtalen skal forlengast. I Samnanger er me nøgde med økonomi- og faktureringsdelen av Agresso. Løns- og personaldelen er me i mindre grad nøgde med, primært fordi lønnskøytingar m.m. har vore mykje meir arbeidskrevjande i Agresso enn i lønssystemet kommunen hadde tidlegare. Dette har gått ut over andre oppgåver ved løns- og personalkontoret. Det vil i 2016 verta prioritert å arbeida med effektivisering og kvalitetssikring av lønsarbeidet.

Driftsbudsjettet for økonomikontoret og løns- og personalkontoret ligg på same nivå som i 2015, men med justering for lønsauke. Både økonomikontoret og løns- og personalkontoret har dei siste åra hatt utfordringar med høg arbeidsbelastning, og i periodar har det vore mykje arbeid ut over ordinær arbeidstid.

Det har vore utskifting av personale i begge stillingane ved løns- og personalkontoret i 2015. Det er behov for noko kurs/opplæring for dei nyttilsette ved kontoret i 2016. I budsjettforslaget for 2016 er det foreslått same sum til opplæring til saman for økonomikontoret og løns- og personalkontoret som i 2015.

### **Mål for 2016 – sektor for organisasjon - stab**

- Gjennomføra oppgraderingsprosjekt for Agresso.
- Få på plass revidert system/rutinar for internkontroll.
- Bistå einingane i sjukefråværsarbeid, med målsetjing om å få redusert sjukefråværet i kommunen.
- Få på plass ein del nye rutinar på løns- og personalområdet.
- Arbeida for i større grad å frigjera leiarar til utviklingsarbeid.
- Revisjon av kommunen sin overordna opplæringsplan, lønspolitisk plan, personalvedtekter og økonomireglement.

### **Eining for sørvis**

#### *Politisk nivå og revisjon*

Framlegget er i hovudsak basert på same opplegg som i 2015. Det er sett på om endringane som er gjort i utvalsstrukturen (nedlegging av utvalet for oppvekst og omsorg, auke i talet på medlemmer i formannskapet og naturutvalet ) vil ha økonomiske konsekvensar. Samla sett vil desse endringane truleg ikkje ha særlege økonomiske konsekvensar, men det kan verta ei lita innsparing dersom formannskapet ikkje har fleire møte i 2016 enn i 2015.

Det er ikkje lagt inn meir midlar til opplæring enn i budsjettet for 2015 (30.000 kroner). På same måte som i 2015, legg rådmannen til grunn at mykje av opplæringa vil skje som tidlegare – intern



opplæring, KS og fylkesmann/ fylkeskommune.

Kommunestyret har bedt administrasjonen om ei utgreiing av kva økonomiske konsekvensar det vil få dersom kommunestyremøta vert flytta frå ettermiddag/kveld til dagtid. Denne utgreiinga vil verta lagt fram for kommunestyret 26.11.2015. Rådmannen sitt budsjettframlegg er basert på at kommunestyremøta framleis skal haldast på ettermiddag/kveld.

I rådmannen sitt budsjettframlegg vert det forslått å løyva 77.000 kroner til kjøp av nye nettbrett til folkevalde i 2016. Det kan kjøpast inn om lag 20 nettbrett for denne summen. Me kan då skifta ut nettbretta til dei noverande folkevalde som òg var folkevalde òg i kommunestyreperioden 2011 – 2015, og som fekk utlevert nettbrett i 2012. Nettbretta dei har i dag, vil i 2016 vera 4 år gamle og modne for utskifting.

Det vert i november 2015 kjøpt inn om lag 20 nettbrett til folkevalde. Desse nettbretta vil primært verta utleverte til dei som ikkje var folkevalde i kommunestyreperioden 2011 – 2015, og som derfor ikkje har hatt kommunalt nettbrett tidlegare.

På bakgrunn av behovet for innsparingstiltak på budsjettet for 2016, har rådmannen vurdert å foreslå å redusera eller kutta ut budsjettsummen til mat på politiske møte. Denne budsjettsummen er på 30.000 kroner. I ein del kommunar, for eksempel Fusa, vert det ikkje servert mat på politiske møte. Rådmannen har valt å ikkje ta med dette moglege innsparingstiltaket i budsjettforslaget sitt.

#### *Arkiv, postmottak, ekspedisjon, politisk sekretariat*

Omfanget av dokument som skal saksbehandlast og arkiverast/oppbevarast i kommunen vert stadig større. Sørvisssenteret har ei nøkkelrolle på dette området. Sørvisssenteret vart formelt oppretta i juni 2015, og har fått eit utvida ansvarsområde i forhold til den tidlegare ”fellestenesta”. Mellom anna har sørvisssenteret fått ansvar for saksbehandling av søknader om skjenkeløyve. Me vil i løpet av 2016 finna ut meir om forholdet mellom oppgåvemengda og ressursar ved sørvisssenteret.

Det har vore ei målsetjing at kommunen frå 01.01.2016 skal gå over til såkalla ”papirlaust arkiv” på ein eller fleire arkivdelar. Det er dessverre grunn til å tru at me av kapasitetsmessige årsaker ikkje klarar å nå denne målsetjinga.

Det er behov for utbetring av fleire av arkivlokala i kommunen, men rådmannen har ikkje funne å kunne prioritera dette i budsjettframlegget. Det er òg behov for å oppgradera nokre modular i kommunen sitt saksbehandlings-/arkivsystem, men heller ikkje dette har rådmannen funne å kunne prioritera.

#### *IKT*

Kommunen drifrar sjølv mange av datasystema/fagsystema våre. For å ivareta data-/ informasjonstryggleiken er det mellom anna nødvendig å ha ein moderne brannmur. Den noverande brannmurløysinga vår nærmar seg sterkt slutten av ”levetida” si, og må skriftast ut i 2016. Kostnaden for ny brannmur vil vera litt avhengig av kva løysing som vert valt. Den billigaste løysinga vil kosta om lag 150.000 kroner, men løysinga som IKT-kontoret tilrår vil kosta om lag 240.000 kroner. I tillegg vil det frå 2017 verta ein årleg tilleggskostnad (lisenskostnad) på om lag 50.000 kroner. Det er ikkje midlar på det ordinære



IKT-budsjettet til utskifting av brannmur. Ny brannmur må heilt eller delvis finansierast med ekstraløyving.

Oppgradering av ulike fagsystem, serverløyisingar/sørverlisensar, Microsoft-lisensar m.m. er ei økonomisk utfordring for kommunen. På den eine sida er det viktig å ikkje sløsa med midlar gjennom å oppgradera unødvendig ofte. På den andre sida er det lett å havna i ein situasjon der ein for å spara pengar vel å ”hoppa over” mange oppgraderingar, og som følgje av dette får eit stort ”etterslep”. Ein del kommunar har valt ei løysing med leigeavtale på for eksempel Microsoft Office. Dei betalar då ei årleg leige og er sikra å alltid ha tilgang til nyaste versjon. Samnanger har leigeavtale på nokre få produkt i dag, men ikkje på Microsoft Office. I løpet av økonomiplanperioden 2016 – 2019 vil det truleg vera behov for å gå over frå Microsoft Office 2007 (som kommunen brukar i dag) til ein nyare versjon. Kostnaden vil med dagens prisar vera om lag 450.000 kroner ved kjøp av lisensar, og om lag 95.000 kroner pr. år ved leige av leige. Det bør gjerast ei vurdering av IKT-samarbeid mellom Samnanger og andre kommunar, for eksempel Fusa og Kvam. Mellom anna bør det sjåast på om det kan vera faglege og økonomiske gevinstar med større grad av samarbeid/fellesløyisingar med andre kommunar på IKT-området.

### **Diverse fellesutgifter**

#### *Tilleggsøyving til forventa lønsauke i 2016*

I kommunesektoren skal det vera hovudoppgjær i 2016. I kommuneproposisjonen har regjeringa rekna med ein lønsvekst på 2,7 prosent i kommunesektoren i 2016. På bakgrunn av regjeringa sitt overslag (og justert for overheng frå 2015 til 2016 på ca. 6 prosent) foreslår rådmannen å setja av 3.000.000 kroner til forventa lønsauke i 2016. Dette skal dekkja både sentrale og lokale lønstillegg som vert gjevne i 2016.

#### *Konsulenttenester*

Det vert foreslått å budsjettera med same budsjettsum som i 2015, d.v.s. 45.000 kroner. Denne budsjettposten vert normalt brukt til konsulenttenester som det oppstår behov for i løpet av budsjettåret (og som er vanskeleg å budsjettera ute i det enkelte tenesteområdet), for eksempel juridisk bistand og innkjøpsrådgjeving.

#### *Konto for tilleggsøyving*

I rådmannen sitt budsjettframlegg er det ikkje avsett midlar til tilleggsøyvingar i 2016, med unnatak av midlar til forventa lønsauke.

#### *Verdibrev for ungdom*

2016 er det nest siste året det er aktuelt med utbetaling av verdibrev til unge i kommunen. 1982-kullet var det siste årskullet som fekk verdibrev frå kommunen. Verdibrevet, som er på 25.000 kroner, må innløyast før ein fyller 35 år. I 2015 er det til no innløyst 2 verdibrev. I 2014 vart det innløyst 3 verdibrev. Rådmannen foreslår at det vert budsjettert med innløyising av 2 verdibrev i 2016.

## **Mål for 2016 – sektor for organisasjon – eining for sørvis**

- God opplæring av dei folkevalde
- God kvalitet på dokumenthandtering, herunder overhalda svarfristar
- Meir aktiv bruk av sosiale arena med tanke på å få ut god og relevant informasjonen
- Arbeida mot ”papirlaust arkiv”
- Få utgreidd alternative måtar å drifta IKT på, herunder interkommunalt samarbeid
- Sikra tilstrekkeleg kompetanse av alle brukarane av sakshandsamingsverktøyet web-sak

## 6. Investeringsbudsjett

Samnanger kommune har eller er i ferd med å gjennomføra fleire store prosjekt. Mange av dei har vore under planlegging i lang tid, og for nokre prosjekt har gjennomføringa av ulike grunnar teke lenger tid enn planlagt. Døme på det er utvikling av Bjørkheimsområdet.

Samnanger kommune har så godt som ikkje fondsmidlar. Det var derfor ekstra gledeleg å få midlar knytt til tildeling av oppdrettskonsesjonar. Jmf. tidlegare diskusjon om desse midlane. Rådmannen har forsøkt å laga eit budsjett der minst mogleg av dette fondet vert nytta sidan det ikkje er gitt politiske føringar på bruken. I budsjettframlegget har me likevel enda på ein bruk på knapt 7 million kroner, men 2.8 millionar av dei er forskottering av tilskot (kunstgrasbana).

Det har vore utfordrande å få driftsbudsjettet i balanse. Me har ein del tiltak som etter regelverket skal førast i investeringsbudsjettet og som fylgje av det kan finansierast med kapitalfond og liknande. Dette gjeld tiltak innan IT og pensjon. Hadde økonomien vore betre ville me brukt driftsmidlar til desse utgiftene. Me meiner konsekvensane av dette - redusert driftsbudsjett med ytterlegare 1 mill. kroner – ville vore store, og me har derfor vald å finansiera det med midlar frå ”det nye fondet”. Ein annan grunn til at me kan forsvare det er at me i 2016 må dekke inn underskotet frå 2014 på vel 1.5 mill. kroner. Dette er belasta driftsbudsjettet.

Ut over dette har rådmannen brukt av det nye fondet til tiltak på sjukeheimen - avsett til reserve og inventar og utstyr – forskottering kunstgrasbana og utstyr til vegvedlikehald.

Oversikt over tiltak i budsjettet for 2015 er ikkje fullførte, nokre er ikkje starta opp og nokre treng meir midlar.

	2015	Merknad
<b>Bibliotek</b>	5 000 000	Total kostnad 14 mill. kroner. Etter avtale skal me ikkje betala noko av kostnaden før i 2017
<b>Rolvsvåg industriområde</b>	3 249 000	Tiltaket gjeld veg m.m. fram til øvre felt. Prosjektet er finansiert med tomtsal, Pr. har me inntekter på knapt 1.5 mill.
<b>Pumpestasjon</b>	1 000 000	Dette gjeld anlegg ved moloen på Gjerde. Noko er gjort i 2015, resterande vert gjort i 2016
<b>Bu- og aktivitetssenter</b>	1 2500 00	Summen vart tenkt til prosjektering. Arbeidet er ikkje starta opp. Sjå eigen merknad under om dette tiltaket
<b>Sjukeheimen</b>	87 460 000	Framdrift tilseier at det går ut meir midlar i 2015 enn budsjettet. Det er føreteke omdisponering frå 2016 til 2015. Ikkje heilt avklara om totalramma held.
<b>Prosjekt Bjørkheim</b>	5 614 905	Dette var hovudsakleg tenkt til veg. Det er i 2015 brukt kr 1.5 mill. til grunnkjøp. Dette var ikkje lagt inn i ramma, og løyvinga må oppjusterast tilsvarande
<b>Vassforsyning Bjørkheim</b>	2 000 000	Arbeidet er ikkje kome i gang m.a. pga. uavklara eigedomsforhold
<b>Avløp Bjørkheim</b>	5 500 000	Arbeidet er ikkje kome i gang.

I vedteken økonomiplan 2015 – 2018 er det få nye tiltak i perioden. I 2016 er det berre ført opp eit nytt tiltak – avløp til 1 mill. kroner.

### **Kort om tiltaka**

**Bibliotek** Det er inngått samarbeidsavtale med Bjørkheim eigedom som tilseier at kommunen kjøper delar av underetasjen til bibliotek. Det er snakk om eit lokale på 550 m<sup>2</sup>. I tillegg til biblioteklokale er det areal til kontor kultureininga og evt andre og forsamlingsrom/møterom. Bygginga vil starta i 2016, men kommunen skal ikkje betala før i 2017. Total kostnad er kr 14 mill. kroner. Det er rekna med at me får tilskot frå fylkeskommunen på 1 mill. kroner og at det skal brukast 1 mill. kroner av næringsfondet. Resterande kr 12 mill. er tenkt finansiert med lån. Det er dialog med fylkeskommunen med tanke på å få noko hjelp til innreising etc.

**Rolvsvåg industriområde.** Reguleringsplanen er no ferdig. Arealet er først tilgjengeleg når kommunen har fått etablert infrastruktur, dvs. få laga veg opp i området samt å få lagt ned vatn og avløp i denne vegen. Kor langt me skal gå i tilrettelegginga av sjølve tomtene er m.a. avhengig av kva som vert etterspurd. Det er seld ei større tomt i feltet (råtomt), og eigar vil gå i gang med tilrettelegging straks. Det betyr at kommunen må gjennomføra sin del av utbygginga straks. Kalkylane er usikre, og me vurderer f.t. på kva måte me kan gjennomføra utbygginga på. Det er truleg at den avsette summen ikkje er tilstrekkeleg. Me har likevel vald å oppretthalda same løyvinga som i 2015, og vil evt. koma attende med spørsmål om tilleggsløyving om det viser seg nødvendig. Pengane som vert lagt ned her skal koma inn att til kommunen gjennom inntekter frå tomtosal. Det er sjølvsagt vanskeleg å tidfesta når tomter vert seld, men det vert lagt til grunn at me får seld noko i 2016. Midlar til dette tiltaket vert å sjå på som forskottering av utgifter.

**Sjukeheim – reserve/tilleggsløyving og inventar og utstyr:** Total ramme er på kr 122 mill inkl.

moms. Budsjettet er stramt, og det er pr. d.d. usikkert om denne vert overskriden. Me har og fått noko mindre i tilskot frå husbanken, som må dekkast opp ved tilførsel av midlar. Me er fortsett i dialog med Husbanken, men det er lite truleg at me får auka tilskot. Det vert gjort framlegg om å setta av 2 mill. kroner til uføresett/dekking av mindre statstilskot. Det er ikkje sett av midlar til inventar og utstyr. Dette var noko me skulle koma attende til. Mykje skal brukast om att, men truleg er det nødvendig å løyva inntil 700.000 kroner (eks mva).

Rådmannen føreset at det vert utarbeidd ein oversikt over ønska inventar og utstyr som det vert teke stilling til før innkjøp vert gjort.



**Samnangerheimen i rute**

**Renovering av 95-bygget sjukeheimen:** Etter snart 20 år i drift er behovet for større vedlikehald klart til stades. Teknisk eining har stipulert kostnaden til rundt 4 mill. kroner. I 2015 vart det løyvd kr 875 000 inkl. moms. I tillegg kjem arbeid utført av eigne tilsette. Finansiering er næringsfondet og momskompensasjon. Det er mykje som ikkje vert gjort med denne avgrensa

løyvinga. Rådmannen har ikkje kunne prioritera tiltaket med ekstra midlar. Delar av renovering kan evt. utsettast dersom framlegget om å halda ei avdeling stengt får gjennomslag.

**Bu- og aktivitetssenter:** Kommunen har over fleire år sett behovet for å etablera eit felles bu- og aktivitetssenter for funksjonshemma. Me gir i dag 24-timars tilbod til 7 personar på Skottabakken. Bygningane på Skottabakken har ikkje plass til så mange, og dei mellombelse lokale er lite egna. Fleire heimebuande bankar på døra, og me må i løpet av nokre år ta hand om fleire. Me har planlagt ut frå eit behov for 24-timars tilbod til 12 personar – her av vert det 8 nye bustader. I tillegg er det ønskjeleg og økonomisk riktig og få etablert 1 – 2 plassar for avlasting for heimebuande. Dette vil vera i erstatning for kjøp av plassar utanføre kommunen. Etter mange rundar er det konkludert med at senteret bør etablerast på Skottabakken sjølv om tomta er knapp.

Bustaddelen av senteret vert finansiert med tilskot frå Husbanken og lån som vert betalt ned gjennom husleige frå leigetakarane. Når det gjeld aktivitetslokala/dagsenteret, vil dette vera ein kommunal kostnad, men der Husbanken kan gje tilskot.

Det absolutt beste alternativet både på kort og lang sikt er at me kan byggja både bustader og dagsenter. Dette kan både grunnjevast med økonomi - sambruk av personellet på bufellesskapet og på dagsenteret – og trivsel for brukargruppa ut over dei som bur på senteret. Me ser for oss eit senter der mange kjem innom, og der det kan vera ulike type arrangement som engasjerer både bebuarane, heimebuande funksjonshemma og folk i kommunen som har eit engasjement for denne brukargruppa.

Planen var å få prosjektert utbygginga i 2015 og starta bygging fram mot sommaren 2016. Dette er ikkje gjort. Me legg derfor til grunn tidlegare kalkylar som er basert på gjennomsnittstal, med byggestart i 2016 og ferdigstilling i 2017.

Alternativ 1: Bufellesskap: 8 bustader + 2 avlastingshusvære er kalkulert til 25 mill. kroner med maksimalt statstilskot på 11mill. kroner.

Alternativ 2: Bufellesskap og dagsenter. Bustad som i alternativ 1. Kostnad 15 mill, med forventa statstilskot på 6 mill. kroner.

I rådmannen sitt framlegg alternativ 1 vald. Den økonomiske situasjonen tilseier at dette er det einaste realistiske. Slik rådmannen ser det må det til tiltak allereie for dei som i dag har 24-timars tilbod, og fortsett mellombelse løysingar er ikkje tilrådeleg. I tillegg har me lenge vore i stuss om tomta er stor nok til eit samla senter.

**Bjørkheim VVA.** Total ramme på kr 12 mill eks moms på veg ca kr 1 mill, vedtak KS 31/14. Dette er fordelt på veg, avløp og vatn. Prosjektet er viktig med tanke på at dei private utbygarane kan ha framdrift på sine prosjekt. Finansiering er næringsfond, Sima-Samnanger fond, momskompensasjon veg og lån. Det er lite som er gjort i 2015, og me har i dag ikkje nye kalkylar for arbeidet. Me legg derfor til grunn at kostnaden vert som tidlegare rekna med.

**Avløp:** Det er i 2015 sett av 1 mill. kroner til utbetring av slamavskiljar på Gjerde. Dette arbeidet er i gang, og kan tenkjast å verta noko rimelegare. Det er imidlertid ein del andre mindre tiltak



som også må gjerast, og me legg derfor til grunn at midlane går med. I økonomiplanen er det sett av 1 mill. kroner til avløp i 2016. Teknisk drift har laga ein plan med status for tilstanden på VA-anlegga i kommunen. Det er her presentert ein omfattande trong for midlar til opprusting. Dette gjeld både vatn og avløp. I samband med budsjettdrøftingar for 2016 er det semje i administrasjonen at avløp Ytre-Tysse bør prioriterast. Kostnaden her er knapt 3 mill. kroner.

**Vatn:** Me har lagt 700.000 kroner til vassforsyning på Ytre-Tysse. Tiltaket er m.a. gjort for å få sikker vassforsyning i området.

**Veg.** Teknisk drift har utarbeidd ein omfattande tilstandsrapport for dei kommunale vegane. Denne viser eit enormt behov for ressursar for å halda ein akseptabel standard. Det er i dag vegar som ikkje kan brøytast dersom dei ikkje vert utbetra. Dette gjeld veg til Nyutløtræ og delar av vegen til Totræna. Her har verneombod gitt klar melding om at dei ikkje tek på seg arbeid slik situasjonen er.

Til formannskapet den 11.11.15 vert det lagt fram ei sak om privatisering av kommunale vegar.

**IT** Krava innan dette området er store ikkje minst for datasikkerheit. Systema me har vert og utdaterte og treng oppgradering. Me bestemmer ikkje alltid tempo i oppgradering då leverandørar t.d. sluttar å vedlikehalda eldre versjonar etc.

Innan rekneskap og løn har me eit system som heiter Agresso. Den versjonen som kommunen brukar i dag vert ikkje supportert etter 31.12.2016. I praksis betyr dette at me ikkje kan bruka denne versjonen av Agresso etter denne datoen. Saman med leverandøren Evry er det utarbeidd ein førebels tidsplan for oppgraderinga, med prosjektstart i februar/mars 2016 og driftssetjing i juni 2016. Prosjektet må gjennomførast samstundes i Fusa, Tysnes og Samnanger.

Kommunen har mykje informasjon som er sensitiv- lege, barnevern, sosial, pleie og omsorg -for å nemne dei mest omfattande. Supporten på systema innan fleire av desse områda gjekk ut i august 2015. Det er som følgje av dette behov for å flytta CosDoc, Acos Barnevern og Socio over på nye serverar. Flyttinga er slik IKT-avdelinga vurderer det heilt nødvendig for å sikra god og trygg drift av desse systema.

Kommunen driftar sjølv mange av datasystema/fagsystema våre. For å ivareta data-/informasjonstryggleiken er det mellom anna nødvendig å ha ein moderne brannmur. Den noverande brannmurløysinga vår nærmar seg sterkt slutten av levetida si, og må skriftast ut i 2016.

**Startlån:** pr oktober er det kr 2 mill i udisponerte lånemidlar i kommunen. Det vert ikkje foreslått å ta opp meir startlån i 2015. Kommunen betaler renter og avdrag på den delen av startlåna som ikkje er utdelt. Avdrag på startlån som er utlånt vert ført i investeringsrekneskapen og blir betalt av låntakarane.

**KLP eigenkapitaltilskot:** Eigenkapitaltilskot blir ført i investering og kan anten finansierast med overføring frå drift eller bruk av ubunde investeringsfond.

Følgjande prosjekt står i budsjettframlegget:

Tiltak	Sum	Finansiert med	Merknad
<b>Næringsareal Rolvsvåg</b>	3 125 000	Ubunde fond og sal av tomtar	Utsett frå 2015
<b>Avløp Ytre-Tysse</b>	3 000 000	Lån	
<b>Avløp generelt</b>	1 000 000	Lån	Overført frå 2015
<b>Vatn Ytre-Tysse</b>	700 000	Lån	
<b>VVA Bjørkheim</b>	13 073 055	Lån, momskomp, fond	Det er då lagt til grunn at grunnkjøp vert finansiert i 2015
<b>Veg utstyr vintervedlikehald</b>	375 000	Nytt bunde fond + mva	
<b>Kunstgrasbane</b>	5 250 000	Fond Sima-Samnanger, nytt bunde fond, mva	Kommunen sin del + forskottering av tippemidlar og tilskot – tredelt finansiering
<b>Bufellesskap</b>	12 467 500	Lån og mva	Resterande del 15 mill. ført i 2017
<b>Samnangerheimen</b>	35 301 000	Statstilskot + mva	Resterande del av 122 mill. Tilskotet vert først utbetalt når bygget er ferdig.
<b>Samnangerheimen – reserver</b>	2 000 000	Nytt bunde fond	Avsett til å dekke opp evt. redusert tilskot og evt. meirkostnad
<b>Samnangerheimen – inventar og utstyr</b>	875 000	Nytt bunde fond + mva	Plan for innkjøp skal godkjennast. Avsett løyving er inntil.
<b>IT-system agresso rekneskap og løn</b>	349 166	Nytt bunde fond + mva	
<b>IT – ny brannmur</b>	293 750	Nytt bunde fond + mva	
<b>IT – personsikkerheit</b>	192 500	Nytt bunde fond + mva	
<b>KLP eigenkapitaltilskot</b>	428 000	Nytt bunde fond	
<b>Avdrag startlån</b>	420 000	låntakar	
<b>Sal av tomt Lønnebakken</b>	300 000		Summen framstår som ein utgift sidan forventa inntekt vert sett av på næringsfondet i samsvar med vedtak
<b>Sum investeringar</b>	79 149 971		

<b>Sum investeringstiltak</b>	<b>79 149 971</b>
<b>Finansiert med :</b>	
- fond grøn konsesjon	-6 901 333
- Næringsfondet	-1 750 000
- Ubunde investeringsfond	-1 400 000
- Sima-Samnanger (tidl.vedteke)	-1 615 456
<b>Sum fond</b>	<b>-11 666 789</b>
- Lånemidlar, tidl.tatt opp	-22 083 978
- Tilskot (Husbanken)	-34 900 000
- Momskompensasjon	-10 499 204
<b>Sum finansiering</b>	<b>-79 149 971</b>

**Nokre av prosjekta som har vore vurderte**

I tillegg til finansiering/økonomi er det og viktig å vurdera kommunen sin kapasitet til å gjennomføra tiltaka. Det har vist seg kvart år at det er mange prosjekt som er fullfinansierte men som ikkje vert fullførte. Jmf. lista over. Sjølv om det meste på investeringssida vert gjort ved kjøp av tenester, fell ein god del på kommunen sine folk. Det vera seg i planlegging, innkjøp og oppfølging. Me bør få fullført igangsette tiltak før me starta på nye prosjekt. Det betyr ikkje at det ikkje er mange presserande behov som me burde ha funne løysingar på.

**Sjukeheimen 95-bygget** Teknisk eining har meldt inn behov for ytterlegare 1,5 mill. kroner. Dei viser til at bygget har vore i bruk tett på 20 år. Det er venta at dei med dei avsette midlane får malt ein del veggjar og skifta golvbelegg. Det var ønska å få til vassboren varme, men dette vil ikkje vera mogleg. Delar av det elektriske anlegget (varmeovnar, lyspunkt og stikkontaktar), nokre dører og kjøkkeninnreiing bør skiftast.

**Vegar.** Det er eit omfattande behov for å auka standarden på dei kommunale vegane. Det vert no fremja ei sak om omklassifisering av vegar. Vert det gjennomført vil kommunen etter kvart få frigjort midlar som kan bidra til at dei resterande vegane kan vedlikehaldast på ein betre måte. Slik situasjonen er no går mest heile budsjettet til vintervedlikehald. Maskinparken inkl. kjøretøy er gamal og til del nedslite.

**Barneskule.** Barneskulen har og etter kvart blitt nokre år og behovet for vedlikehald aukar. Det er og ein del manglar med oppvarminssystemet, nokre av dei har vore der sidan starten. M.a. er borehola ikkje djupe nok til at me hentar ut heile gevinsten med varmeoppvegget. Varmepumpa bør og skiftast ut. Det er foreslått tiltak frå eininga på 687.000 kroner.

**Uteområdet Dråpeslottet barnehage.** Det er meldt behov for oppgradering av uteområdet, først og fremst for å gjera den meir attraktiv for dei eldste borna. Det er derfor snakk om innkjøp av ein del leikeapparat. Kostnad er stipulert til 250.000 kroner.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
 Arkivnr: 2014/230-21  
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Saksframlegg

## Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	28/15	16.09.2015

## Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016

**Bakgrunn for saka:**

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

*§ 18. Budsjettbehandlingen*

*"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.*

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

Drøfting:

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på tre postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar, og ein post for planarbeid 2016. Det siste vil vera ein ekstra kostnad for 2016, då det er pålagt at kontrollutvalet skal utarbeide slike planar det første året i ny valperiode.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Om oppgåvene til kontrollutvalet:

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900, 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00  
 Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)  
 Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**"§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden."*

**"§ 13. Selskapskontroll**

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll."*

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. I starten av ny valperiode skal det, i tråd med regelverket, utarbeidast nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Det er lagt eigen post for dette i budsjettframlegget. Det bør og vera rom for å starte opp prosjekt innan forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll i løpet av 2016. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Samnanger kommune sin storleik.

Om ein ser på talkolonnene som kjem fram i budsjettforslaget (vedlegg til saka), finn ein at budsjett-tal for 2014 viser svært mykje lågare resultat i høve til oppsett budsjett. Dette skuldast at kontrollutvalet dette året, av ymse årsaker, ikkje kunne gjennomføra den aktiviteten ein hadde lagt opp til.

Ettersom det vert valt nytt kontrollutval hausten 2015, er det lagt inn midlar til folkevaldopplæring i 2016.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor. Jmf. avtale mellom Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune datert 05.01.2010. I 2014 hadde Hordaland fylkeskommune ein gjennomgang av grunnlaget for dagens timepris, for å sikre at fylkeskommunen ikkje kryss-subsidierar kommunane dei er sekretariat for. Prisjustering, omtalt i skriv til kommunen av 22.12.14, er teke omsyn til i budsjett for 2016.

For kostnad med revisjonstenester er det kun lagt inn konsumprisauke, her må ein vera merksam på at det kan koma endringar i kostandsnivå for haust-halvår på grunn av at ny avtale om revisjonstenester skal gjelda frå 01.07.16.

**Konklusjon:**

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2016.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid 2016 for Samnanger kommune

## Budsjettforslag for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016

Konto	Tekst	Budsjett 2014	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Merknad
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 000	kr -	kr 5 000	kr 10 000	
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 28 000	kr 26 765	kr 33 000	kr 27 625	Leiar kr. 14.625,- og medl. kr. 650,- pr.møte
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr -	kr -	kr 1 200	
	Delsum	kr 28 000	kr 26 765	kr 33 000	kr 28 825	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 5 502	kr 3 774	kr 5 358	kr 4 064	
	Delsum	kr 33 502	kr 30 539	kr 38 358	kr 32 889	
11001	Faglitteratur / abonnement	kr 500	kr 400	kr 500	kr 1 500	
11150	Matvarer/møtemat	kr 1 500	kr 795	kr 1 500	kr 1 500	
11400	Kunngjeringar	kr -	kr -	kr -	kr 500	
11501	Kurs/opplæring	kr 15 000	kr 15 860	kr 15 000	kr 10 000	Fagkonferansar
11501	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr -	kr -	kr 20 000	Folkevaldopplæring
11600	Skyss- og kostgodtgjering	kr 5 000	kr -	kr 5 000	kr 5 000	Reise ifm. Konferansar / folkevaldopplær.
11950	Kontingentar	kr 1 300	kr 1 300	kr 1 300	kr 1 400	Forum for Kontroll og Tilsyn
12700	Kons.tenester revisjon rekneskap	kr 165 201	kr 164 666	kr 170 700	kr 175 821	Konsumprisauke
12700	Kons.tenester revisjon forv.rev./s.ktr.	kr 170 201	kr 20 641	kr 170 201	kr 310 545	Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
12700	Planarbeid 2016	kr -	kr -	kr -	kr 144 921	
13300	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 99 000	kr 85 481	kr 103 000	kr 118 300	Inkludert konsumprisauke
13300	Sekretariatstenester kjøp revisjon	kr -	kr -	kr -	kr 33 800	
	Delsum	kr 457 702	kr 289 143	kr 467 201	kr 789 487	
14290	Meirverdiavgift	kr 128 400	kr 69 122	kr 128 400	kr 192 467	
17290	Moms-kompensasjon	kr -128 400	kr -69 122	kr -128 400	kr -192 467	
	Total budsjetttramme	kr 491 204	kr 319 682	kr 505 559	kr 822 376	

**PS 28/15 Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016**

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for

kontroll- og tilsynsarbeidet for 2016.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.09.2015**

**Handsaming i møtet:**

Budsjettpostar i forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vart gjennomgått og drøfta. Det kom ikkje forslag til endringar av budsjettpostar. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2016.



# **BUDSJETTFRAMLEGG 2016**

## **FOR**

### **SAMNANGER KYRKJESTYRE**



#### **INNHALD:**

**DRIFTSBUDSJETT FOR SAMNANGER KYRKJESTYRE 2016**  
Budsjett-tal.

**TODELT DRIFTSBUDSJETT FOR KYRKJA**  
Skilnad på budsjett for kyrkjestyret og for soknerådet

**LOVFORANKRING**  
Kva bestemmer kommunen og kva bestemmer kyrkjestyret?

**BAKGRUNN/ BUDSJETTGRUNNLAG**  
Vedlikehald, kyrkjegardsdrift, tenester, aktivitetsnivå, administrasjon, tilsette

**OM UTREKNING AV BUDSJETTGRAMMA**  
Ramme 2015 + kjende auka utgifter for 2016

**TRONG FOR UTVIDA RAMME**  
Fast vedlikehaldspott? Lån med rentekompensasjon?  
Nødvendige / ynskjelege vedlikehaldstiltak

**TILTAK PÅ KYRKJEGARDEN**  
Kyrkjestyret sitt tilsyn: Kva treng gjerast?

# Budsjettframlegg 2016

## Samnanger kyrkjestyre

Konto	Konto (T)	An-svar	Funksjon	2015		2016		Kommentarar
				Budsjett	Revidert budsjett	Budsjett	Budsjett	
<b>Administrasjon</b>								
30100	Fastløn	110	041	512 000	512 000	604 200	Lønn kyrkjevevje og sekretær.	
30508	Telefongodtgjersle	110	041	2 000	2 000	2 000		
30800	Møtegodtgjering folkevalde	110	041	60 000	60 000	40 000	Sokneråd og AU, valvakter 20 000	
30900	Pensjonsinnskott - KLP	110	041	84 700	84 700	100 000	16,55 %	
30950	Tr.pliktig forsikringsordning	110	041	1 500	1 500	2 000		
30990	Arbeidsgjevaravgift	110	041	89 800	89 800	104 900	14,10 %	
31000	Kontormateriell	110	041	10 000	10 000	10 000		
31200	Anna forbruksmaterieill	110	041	3 000	1 500	2 000		
31201	Matvarer	110	041	4 000	4 000	4 000	Mat til sokneråd og adm. møte	
31300	Post, bank, datalinje	110	041	25 000	25 000	20 000	Gebyr bedriftsbank, porto TOutsendingar	
31301	Telefon	110	041	12 000	12 000	12 000		
31400	Annonse, reklame, inform.	110	041	30 000	30 000	30 000		
31500	Opplæring/ kurs/stabsutvikling	110	041	10 000	10 000	30 000	Stabsutvikling, kurs sokneråd og tilsette (m.a. vidareutdanning kyrkjevevje)	
31600	Utg.godtgj., reise, diett, bil	110	041	8 000	8 000	8 000		
31850	Forsikring	110	041	10 000	10 000	12 000	Innbuforsikring ,	
31851	Forsikring av personar	110	041	12 500	12 500	13 500	Forsikring for alle tilsette + ansvarforsikring friv.	
31950	Avgifter, gebyr, lisensar m.m	110	041	52 000	52 000	52 000	KA ca17 000 kr Kirkeidata 8000 og Medarbeideren 3000.	
32000	Innbu og utstyr	110	041	10 000	10 000	14 000	Datautstyr 10 000, skapdørar pr.kont. 4000	
32200	Leige, leasing kjøp av maskiner	110	041	10 000	10 000	10 000	Kopimaskin, portomaskin	
32400	Serviceavtalar og reparasjonar	110	041	5 000	5 000	5 000	Agresso	
32401	Driftsavtaler	110	041	4 200	4 200	11 000	EDB lønn, gravlund	
32700	Konsulentteneste	110	041	6 500	6 500	7 000	Revisjon	
33900	Kalk.utg.ved komm.tenester	110	041	40 000	40 000	40 000	Rekneskap og drift/ brøyting	
34290	Mva - momskompensasjon	110	041	30 000	30 000	30 000		
35700	Overf.til investeringsrekneskapen	110	041	8 500	8 500	8 500	KLP (0.3% eigenkapitaltilskott)	
	<b>Sum utgifter</b>	<b>110</b>	<b>041</b>	<b>1 040 700</b>	<b>1 039 200</b>	<b>1 172 100</b>		
36200	Anna avg.fri sal av varer/tenester	110	041	-500	-500	-500	Telefon og kopiering	
37290	Momsrefusjon drift	110	041	-30 000	-30 000	-30 000		
37804	Overført frå trusopplæring	110	041	-15 000	-15 000	0	For lysingar, porto og kontormaterieill	
	Overført frå kyrkjegardskapitlet	110	041			-10 200	Godtgj. for administrasjon	
37900	Kalk.innt.ved komm.tenester	110	041	-40 000	-40 000	-40 000		
38000	Statleg tilskott	110	041	-29 000	-31 000	0	Tilskott til val	
38300	Kommunalt tilskott	110	041	-926 200	-922 700	-1 091 400		
	<b>Sum inntekter</b>	<b>110</b>	<b>041</b>	<b>-1 040 700</b>	<b>-1 039 200</b>	<b>-1 172 100</b>		
	<b>Resultat Administrasjon</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		
<b>Kyrkja på Ådland</b>								
				<b>2015</b>	<b>Revidert</b>			
30100	Fastløn	121	042	267 300	267 300	274 000	Løn kontor 25% og kyrkjetenar 40%	
30101	Helge/faste tillegg	121	042	27 200	27 200	26 500		
30200	Vikarer	121	042	20 000	20 000	20 000		
30300	Ekstrahjelp	121	042	5 000	5 000	5 000	Til helge-ringing	
30508	Telefongodtgjersle	121	042	1 000	1 000	1 000		
30600	Trekkpliktig godtgjersle	121	042	6 500	6 500	6 000	Skyss kontor	
30900	Pensjonsinnskott - KLP	121	042	52 900	52 900	54 000		
30950	Tr.pliktig forsikringsordning	121	042	1 500	1 500	2 000		
30990	Arbeidsgjevaravgift	121	042	52 600	52 600	53 500		
31200	Anna forbruksmaterieill	121	042	5 000	5 000	5 000	Blomar, reinhald	
31600	Utg.godtgj., reise, diett, bil	121	042	800	800	2 500		
31800	Energiutgifter	121	042	90 000	81 600	80 000		
31850	Forsikring	121	042	27 000	27 000	29 000		
31950	Avgifter, gebyr, lisensar m.m	121	042	3 700	3 700	4 000	Årsavgift brannalarm	
31951	Kommunale avgifter	121	042	8 500	8 500	10 000	Vassavgift, renovasjon	
32000	Innbu og utstyr	121	042	8 000	8 000	15 000	Salmebøker, barnemøblar	
32300	Vedlikehald og nybygg	121	042	20 000	20 000	25 000	Omlagging el.anl. NB treng 60 000 til brann-alarmlegg og 80-100 000 til sikringskåp sjå s 3	
32400	Serviceavtalar og reparasjonar	121	042	22 000	22 000	12 000	Brannsentra. Orgelsteming oddetalsår	
33803	Overført til SOR, klokkar	121	042	27 500	27 500	28 200	Løn, avgifter og tillegg	
34290	Mva - momskompensasjon	121	042	30 000	30 000	30 000		
35900	Avskrivningar	121	042	56 000	56 000	53 000		
	<b>Sum utgifter Ådland</b>	<b>121</b>	<b>042</b>	<b>732 500</b>	<b>724 100</b>	<b>735 700</b>		
37290	Momsrefusjon drift	121	042	-30 000	-30 000	-30 000		
38300	Kommunalt tilskott	121	042	-646 500	-638 100	-652 700		
39900	Motpost avskrivningar	121	042	-56 000	-56 000	-53 000		
	<b>Sum inntekter Ådland</b>	<b>121</b>	<b>042</b>	<b>-732 500</b>	<b>-724 100</b>	<b>-735 700</b>		
	<b>Resultat Ådland</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

	<b>Kyrkja på Haga</b>			<b>Budsjett 2015</b>	<b>Revidert bud. 2015</b>		
30100	Fastløn	122	042	231 200	231 200	262 000	Løn kontor 25% og kyrkjetenar 40%
30101	Helge/faste tillegg	122	042	22 200	22 200	22 400	
30200	Vikarer	122	042	10 000	10 000	10 000	
30300	Ekstrahjelp	122	042	5 000	5 000	5 000	Vakmeistartenester, ekstra vask
30900	Pensjonsinnskott - KLP	122	042	44 500	44 500	50 000	
30950	Tr.pliktig forsikringsordning	122	042	1 000	1 000	1 500	
30990	Arbeidsgjevaravgift	122	042	44 200	44 200	49 300	
31200	Anna forbruksmateriell	122	042	12 000	12 000	12 000	Lys, blommar, reinhaldsmateriell. Auka bruk av kyrkja.
31800	Energiutgifter	122	042	60 000	55 000	60 000	
31850	Forsikring	122	042	39 000	39 000	41 000	
31950	Avgifter, gebyr, lisensar m.m	122	042	3 700	3 700	4 000	
31951	Kommunale avgifter	122	042	18 000	18 000	25 000	Vass/ kloakk ca 11000 + Boss ca 14 000
32000	Innbu og utstyr	122	042	8 000	8 000	10 000	Bord
32009	Inventar utstyr prosjektinnsamling	122	042	0	0		Ikkje budsjettet. Går frå soknekassen
32300	Vedlikehald og nybygg	122	042	20 000	20 000	25 000	Utbetring dørar. El-anlegg NB Treng 80-150 000 til nye lysarmatur sjå s.3
32400	Serviceavtaler og reparasjonar	122	042	7 000	7 000	12 000	Kontroll alarm, pianostemming
32600	Reinhald, kjøp av tenester	122	042	1 000	1 000	1 000	Matter
33803	Overført til SOR, klokkar	122	042	27 500	27 500	28 200	Løn, avgifter og tillegg
34290	Mva - momskompensasjon	122	042	30 000	30 000	35 000	
35900	Avskrivningar	122	042	137 700	137 700	137 700	
	<b>Sum utgifter Haga</b>	<b>122</b>	<b>042</b>	<b>722 000</b>	<b>717 000</b>	<b>791 100</b>	
36300	Husleigeinntekter	122	042	-2 000	-2 000	-20 000	Leige dagsenter tom april, utleige privatpersonar
37290	Momsrefusjon drift	122	042	-30 000	-30 000	-35 000	
38300	Kommunalt tilskott	122	042	-552 300	-547 300	-598 400	
39900	Motpost avskrivningar	122	042	-137 700	-137 700	-137 700	
	<b>Sum inntekter Haga</b>	<b>122</b>	<b>042</b>	<b>-722 000</b>	<b>-717 000</b>	<b>-791 100</b>	
	<b>Resultat Haga</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
	<b>Kyrkjegarden</b>			<b>2015</b>	<b>Revidert</b>		
30300	Ekstrahjelp	130	043	3 000	3 000	0	Gravsteinar bolting og retting
30309	Lønn gravstell	130	043	18 400	18 400	19 000	Stell betalt av gravlegat, 27 graver
30900	Pensjonsinnskott - KLP	130	043	3 000	3 000	3 200	
30990	Arbeidsgjevaravgift	130	043	3 000	3 000	3 100	
31209	Utgifter til stell av graver	130	043	7 000	7 000	7 500	
31800	Energiutgifter	130	043	15 000	15 000	15 000	Kyrkjegardshus og tining av graver (veravhengig, store variasjonar)
31850	Forsikring	130	043	1 500	1 500	2 000	
31951	Kommunale avgifter	130	043	0	0		
32000	Innbu og utstyr	130	043	7 600	7 600	10 000	Hyller vatnekanner, reiskap Benkar NB treng 15 000 til nye lyskastarar sjå side 3
32300	Vedlikehald og nybygg	130	043	20 000	20 000	10 000	NB Trong for 50 000 til reparasjon av Bårehus sjå liste s3
33803	Overført til administrasjon	130	043	0	0	10 200	Kompensasjon for adm.utgifter kyrkjegard
34290	Mva - momskompensasjon	130	043	5 000	5 000	2 000	
35000	Renteutgifter	130	043	7 000	7 000	7 000	
35900	Avskrivningar	130	043	115 000	115 000	115 000	
	<b>Sum utgifter Kyrkjegarden</b>	<b>130</b>	<b>043</b>	<b>205 500</b>	<b>205 500</b>	<b>204 000</b>	
36000	Betaling for kyrkj.tenester	130	043	-10 000	-10 000	-10 000	Utanbygds graver, bolting og retting
36200	Anna avg.fri sal av varer/tenester	130	043	-33 500	-33 500	-35 000	Stell av graver, frå gravlegat
36301	Festeinntekter	130	043	-35 000	-35 000	-35 000	
37290	Momsrefusjon drift	130	043	-5 000	-5 000	-2 000	
39009	Renteinntekter gravlegat	130	043	-7 000	-7 000	-7 000	
39900	Motpost avskrivningar	130	043	-115 000	-115 000	-115 000	
	<b>Sum inntekter Kyrkjegarden</b>	<b>130</b>	<b>043</b>	<b>-205 500</b>	<b>-205 500</b>	<b>-204 000</b>	
	<b>Resultat Kyrkjegarden</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
	<b>Anna kyrkjeleg verksemd</b>			<b>2015</b>	<b>Revidert</b>		
31101	Konfirmantopplæring	140	044	40 000	40 000	40 000	
31104	Kyrkjemusikalsk arbeid	140	044	2 500	2 500	3 000	Permen - notar
31200	Anna forbruksmateriell	140	044	2 000	2 000	2 000	Velferdstiltak
31600	Utg.godtgj.,reise, diett, bil	140	044				
32000	Innbu og utstyr	140	044	6 000	6 000	25 000	30 stk. stykefrie kapper
32600	Reinhald , kjøp av tenester	140	044	4 000	4 000	0	Rens konfirmantkapper, ut med strykefrie
34290	Mva - momskompensasjon	140	044	4 000	4 000	4 000	
	<b>Sum utgifter anna kl. verksemd</b>	<b>140</b>	<b>044</b>	<b>58 500</b>	<b>58 500</b>	<b>74 000</b>	
36101	Innbetalt konfirmantopplæring	140	044	-27 600	-27 600	-27 600	23 konf x1200, fleire ikkje mdl.
37290	Momsrefusjon drift	140	044	-4 000	-4 000	-4 000	
38300	Kommunalt tilskott	140	044	-26 900	-26 900	-42 400	
	<b>Sum inntekter anna kl. verksemd</b>	<b>140</b>	<b>044</b>	<b>-58 500</b>	<b>-58 500</b>	<b>-74 000</b>	
	<b>Resultat anna kl. verksemd</b>			<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
	<b>Kommunalt tilskott til saman</b>			<b>-2 151 900</b>	<b>-2 135 000</b>	<b>-2 384 900</b>	
						-249 900	Auke i høve til 2015-budsjettet

# BUDSJETTFRAMLEGG 2016 - SAMNANGER KYRKJESTYRE

## TODELT DRIFTSBUDSJETT FOR KYRKJA

Dette er driftsbudsjett for **Samnanger kyrkjestyre**, (soknerådet som "fellesråd"). Det er den delen av kyrkjebudsjettet kommunen løyver midlar til. Budsjettet er delt opp i administrasjon, kyrkjer, kyrkjegard og anna kyrkjeleg verksemd. Kommunen sitt økonomiske ansvar er definert av kyrkelova § 15. (Sjå under)

Budsjett for **Samnanger sokneråd**, vert fremja og handsama som eiga sak i soknerådet. Soknerådsdelen av budsjettet skal ikkje fremjast for kommunen. Soknerådsdelen er avgrensa til forvaltning av offer, andre innsamla midlar og andre inntekter og utgifter knytt til kyrkjelydsarbeidet. Trusopplæringsarbeidet vert og ført i soknerådsdelen av budsjettet. Dette er finansiert av statstilskot gjennom prostiet og av innsamla midlar.

## LOVFORANKRING

Samnanger kyrkjestyre (soknerådet + ein kommunal representant) er fellesråd i Samnanger etter kyrkelova §14. Kyrkja i Samnanger er eiga forvaltningseining og eigen «juridisk person» på same måten som Samnanger kommune. Kyrkja er på denne måten ikkje ei kommunal eining slik som t.d. skulane. I fylgje kyrkelova er det **kyrkjestyret si oppgåve å fordela midlar på kyrkjebudsjettet. Kommunestyret skal bestemma kor stor ramma til kyrkja skal vera.**

Kommunen har etter kyrkelova økonomisk ansvar for drift av kyrkja. Utgiftene er spesifiserte i §15, og skal dekkja: drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardshus, gravplassar, driftsutgifter for fellesråd og sokneråd, utgifter til stillingar for kyrkjetenar, klokkar, organist/kantor og kyrkjevevje, utgifter til administrasjon konfirmasjons-opplæring og kontorhald for prestar. I tillegg skal fellesrådet sitt budsjettframlegg også omfatta utgifter til kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna, seier lova. «Utgiftsdekningen skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.»

Samnanger sokneråd/ Samnanger kyrkjestyre sine oppgåver er gjeve i kyrkelova §9 og §14.

## BAKGRUNN / BUDSJETTGRUNNLAG

Kyrkja kan ikkje redusera **aktivitetsnivået** på gudstenester, gravferder, vigslar og slike lovpålagde ting. Me er også pålagde frå kyrkja sentralt å driva trusopplæringsarbeid, på eit heilt anna nivå enn tidlegare. Me fekk i 2014 godkjend trusopplæringsplanen vår, og skal no ha trusopplæringstiltak for alle aldersgrupper frå 0-18 år.

Sjølv om me har fleire små stillingar som går på trusopplæring, må dette arbeidet for ein stor del baserast på frivillige medarbeidarar, og auka utgifter til trusopplæringsmaterieill går av soknerådet sitt budsjett. Men det utløyser også større behov for reinhald, meir administrasjon og høgare kontorutgifter som går over kyrkjestyrebudsjettet.

I kyrkja på Haga skjer det noko nesten kvar dag. Her har me no ein kyrkjetenar i 40% stilling, som i tillegg til å halda kyrkja rein og ryddig, også skal vera til stades på gudstenester og andre tilstellingar. 40% er knapt, så i tillegg brukar no kyrkjetenaren på Ådland ca. 10% av si stilling på Haga. Sjølv om behovet for reinhald vil gå ned litt når dagsenteret flyttar, legg me ikkje opp til å gå ned att til 32% kyrkjetenarstilling på Haga.

For kyrkja er det viktig å arbeida vidare med å få på plass ei god **forvaltning av lovpålagde oppgåver**. Dette gjeld både kyrkje og kyrkjegardsforvaltning, andre administrative oppgåver, gudstenester, andre kyrkjelege handlingar og ansvaret for det kristne arbeidet i kyrkjelyden. Me opplever at det er for små stillingar i høve til arbeidsoppgåvene, når det gjeld **administrasjon**. I KA sin brosjyre «kyrkje og kommune» side 15 står det: «*Fellesråda i dei store kommunane har ofte eigne fagstillingar innanfor for eksempel økonomi, eigedom og personal. I dei mindre kommunane vil ofte kyrkjevevja ha ansvaret for heile breidda av verksemda. Sjølv i dei små kommunane er det derfor ønskeleg at kyrkjevevjestillinga er på full tid. Det er kommunen sitt ansvar å løyve midlar til nødvendig kyrkjeleg administrasjon. Utgangspunktet ved etablering av Den norske kyrkja som*

*eigen forvaltningseining, var at administrative ressursar skulle vera på høgde med anna offentleg forvaltning.»* Kyrkjestyret ynskjer å utvida rammene til administrasjon for å auka både kyrkjeveerjstellinga og sekretærstillinga noko. Sidan kyrkjeveerja konstant jobbar meir enn dei 80% ho er løna for, meiner kyrkjestyret at ho i følge arbeidsmiljølova §14-4a har rett på 100% stilling. «*Deltidsansatte som de siste 12 måneder jevnlige har arbeidet utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid i denne perioden, med mindre arbeidsgiver kan dokumentere at behovet for merarbeidet ikke foreligger.*» Etter ynskje frå kyrkjeveerja vert det gjort framlegg om 10% utviding av kyrkjeveerjstellinga og 10% utviding av sekretæren si stilling. Sekretæren vil då kunna avlasta kyrkjeveerja meir, og dessutan vil det vera rimelegare for kyrkjestyret enn ei 20% utviding av kyrkjeveerjstellinga.

### Stillingar i Samnanger sokn i 2015:

Løna av kyrkjestyrebudsjettet:	Kyrkjeveerje 80%
	Kantor 50%
	Kyrkjetenar på Ådland 40 % (Jobbar 10% på Haga)
	Kyrkjetenar på Haga 40 % (av dei 8% reinhald dagsenter)
	Sekretær 30%
	Timehjelp til vaktmeister-arbeid og ekstra reinhald.
Løna av soknerådsbudsjettet:	Kyrkjelydspedagog 50% - fram til 1.8 - står no vakant
	Barnearbeidar 40%
	Timehjelp til trusopplæring – kompis 15%
Løna av statlege midlar:	Sokneprest 100% stilling - Administrert av prostiet. (Gjer også teneste i Fusa)

Kyrkja har i tillegg rundt 70 frivillige medarbeidarar som gjer små og store tenester i gudstenester, diakoniarbeid og trusopplæring.

### Tenesteyting

Kommunen tek seg av rekneskapsføring og lønnskøyting for kyrkja. Dei brøyter ved kyrkjene og i 2012 vart kyrkja også tilknytt kommunen si IKT – teneste. Desse **tenestene** skal synleggjerast i budsjettet, og har gjennom mange år lege inne med 40 000 kr som «kalkulerte utgifter ved kommunale tenester». Denne summen burde vore justert. Me skal kunna kjøpa tilsvarende tenester andre stader for det som står her, og det er tvilsamt og me kan kjøpa alle desse tenestene til den prisen. Sidan kyrkjestyret ikkje har arbeidd med å henta inn prisar på desse tenestene, står tenesteytinga likevel ujustert i år også.

**Drifta av kyrkjegarden** er overteken av driftseininga ved Samnanger kommune. Kyrkja har framleis ansvar for administrasjon, bygningane og gravlegata med stell av graver. Dei har også etter lova tilsynsansvaret. Det vert i budsjettet ikkje gjeve kommunalt tilskot til kapitlet, men det kan diskuterast om dette bør førast på ein annan måte. No ser det ut som drift av kyrkjegardhusa vert finansierte med inntekt frå festing av graver, medan reelle utgifter til administrasjon av kyrkjegarden ikkje kjem fram. I budsjettet vert overskotet på kapitlet ført over til administrasjon, men summen tilsvorar slett ikkje tida som går med til oppgåver knytt til kyrkjegarden.

Tenesta kommunen gjev soknerådet ved drift av kyrkjegarden, skal også setjast ein pris på. Dette må gjerast i samarbeid med kommunen, og er ikkje sett inn i dette framlegget. Dette vil ikkje påverka ramma, då dei vert førde både som inntekt og utgift innanfor budsjettet.

## OM UTREKNING AV BUDSJETTRAMMA

Ramma for 2016 er rekna ut på grunnlag av ramma for 2015.

- Det er lagt til lønsauken etter tariffoppgjeret i 2015 inkl. avgifter og pensjon. Auken er sett i høve til budsjettet for 2015.
- Auke i administrasjonsstillingane er lagt inn i budsjettet, sidan dette er ein rett i følge arbeidsmiljølova. (Sjå under «forvaltning av lovpålagde oppgåver»)
- Budsjettet er justert for meirkostnader t.d. avgifter, i samsvar med rekneskapen for 2014 og kjend auke i utgifter for 2015 og 16.
- Vedlikehaldspostane i budsjettet, held berre til vanleg, mindre vedlikehald. Dei store tiltaka kjem med i spørsmål om utviding av ramma.

**Utrekninga av ramma:**

Ansvar		
110	Kommunalt tilskot 2015	2 135 000
110	Auka lønsutgifter for 2015 - iflg. tariffoppgjer mai 2015 og lønsforhandl. kyrkjeverje	69 300
110	Auke lønsutgifter stillingsutviding administrasjon iflg. AML §14,4a	103 200
110	Auke kurs/utdanning tilsette og sokneråd, stabsutvikling	20 000
110,121,122	Auke gebyr/ driftsavtaler, service	12 400
Alle	Auke forsikring	7 000
121,122	Auke vedlikehald kyrkjene	10 000
110,121,122	Auke utstyr	4 500
121,122	Auke kommunale avgifter kyrkjene	8 500
140	Auke grunna innkjøp konfirmantkapper	15 000
	<b>Ramme for budsjettframlegg 2015</b>	<b>2 384 900</b>

**TRONG FOR UTVIDA RAMME****Fast vedlikeholdspott til kyrkja?**

Kyrkja har små rammer i det ordinære budsjettet til utstyr, inventar og vedlikehald. Kyrkja treng difor tilleggsøyvingar for å kunna gjennomføra tiltak med større kostnad. Det som hadde vore ynskjeleg, var at ramma vart fast utvida med ein større sum til vedlikehald. Så kunne ein gjennom eit vedlikehaldsprogram, veksla mellom nødvendige, store vedlikehaldsprosjekt på dei ulike bygga. Midlar som ikkje vert brukte eit år, måtte då kunna setjast av til seinare bruk. Slik kan ein spara opp til store tiltak som måling av kyrkjene. Då vil kyrkjestyret på ein langt betre måte kunna administrera vedlikehald av bygga dei har ansvar for, og kommunen vil også ha ei meir stabil overføring til kyrkja. Ei slik auke må vera på minst 100 000 kr i året. Saman med budsjetterte vedlikehaldsmidlar, vil ein då ha 160 000 kr. til vedlikehald årleg.

**Me har til neste år store, nødvendige ting me bør gjera. Desse postane ligg ikkje inne i kyrkja sitt budsjettframlegg for 2015, og krev utvida budsjetttramme frå kommunen for å verta realiserte.**

Det finst midlar i Husbanken øymerkt vedlikehald av kyrkjer, der ein får **rentekompesasjon**. Verneverdige kyrkjer har høg prioritet, men me har også fått slike midlar til kyrkja på Haga tidlegare. Kyrkjestyret vil be kommunen vurdere å ta opp slike lån, om dei ikkje finn råd til å få gjort nødvendig vedlikehald på kyrkjene for 2016. Den utvendige brannalarmen og sikringskapet i kyrkja på Ådland er tiltak ein kunne fått slik støtte til.

**Prioritert liste over tiltak, vedlikehald og utstyr som det vert søkt om utvida ramme til:**

- 1 Reparasjon av tak på bårhuset. Rotne lekter, lause heller.  
Taket må takast ned, det må bytast lekter og papp for så å leggja hellene opp att.  
**DETTE ER EI HASTESAK. Ein vinter med mykje snø og is, kan få hellene til å ramla og folk kan få heller i hovudet når dei går forbi huset.** 50 000
- 2 Montering av utvendig brannalarm på kyrkja på Ådland  
Det har tidlegare vore sett av midlar til montering av utvendig brannsikring av kyrkja på Ådland. 40% av alle kyrkjebrannar er påsette, og kyrkja på Ådland ligg utsett til ved ein trafikkert veg. Då me søkte om godkjenning for montering av alarmen, påla riksantikvaren /bispedømet oss å montera to sløyfer med deteksjonskabel i staden for ei. Prisen vart då tilsvarende høgare, og me hadde ikkje midlar til å få gjort det. Pris 2013: 66 267 eks. mva. Me har vel 10 000 på fond til dette, og 10 000 i støtte frå banken. 60 000
- 3 Planlegging av ombygging til handikaptalett i bårhuset. Teikningar for anbud.  
V. herretolett og gammalt reiskapsrom. 20 000
- 4 Utsifting av lysarmatur i kyrkja på Haga.  
Ca 20 lampar er øydelagde, og armaturen må skiftast. Er forelda, difor må ein skifta heile felt, for at dei skal verka saman med lysstyringa. Pris alt etter kor mange me skiftar ut. 80-150 000

5	Nye lyskastarar til flaumlysa på Ådland. Dei gamle er dårlege, ustabile og vanskelege å få til å lysa og brukar 1000W pr. lampe. Me har 5 stk, men har ikkje brukt meir enn 3 for å spara straum. Dei nye lampane vil vera på 400 W sjølv om dei er like lyssterke som dei gamle. Pris for 5 stk.	15 000
6	Nytt sikringsskåp i kyrkja på Ådland. Det gamle er fullt, der er ikkje råd å få plass til fleire kursar. Det er fullt av gamle og nyare system, og er ikkje etter dagens standard. Skal me byta, må me byta heile skåpet, for det går ikkje an å festa dei nye systema i det gamle skåpet iflg. elektrikar. Varmepumpe eller andre nye installasjonar, kan ikkje setjast i drift, før me har fått dette på plass.	80-100 000
7	Lakking av golv i kyrkja på Ådland	40 000
8	Ringjeanlegg på Ådland. Trappene opp til tårnet er ikkje godkjende for arbeidstakarar å bruka. Det er berre folk med opplæring i å ringja med tau som kan vera vikar for kyrkjetenaren. Ringing er tungt arbeid, og me treng to personar til å ringja når det er helgeringing. Desse skal ha løn med helgetillegg for to timar. Ved eit automatisk ringjeanlegg kan ein ringja, kima, slå bedeslag og opna luker berre ved å trykka på ein knapp. Det er også fjernstyring for bruk på kyrkjegarden under gravferder.	150 000
	<b>Sum alle tiltak</b>	<b>495 -585 000</b>

## TILTAK PÅ KYRKJEGARDEN

Sidan kyrkjestyret framleis har overordna ansvar og tilsyn med kyrkjegarden, vil me peika på noko som bør gjerast der også, sjølv om dette ikkje lenger kjem inn under vårt budsjett.

Me vil rå til at det vert løyvd pengar til :

- Å sjekka opp i endringar i vasstrykk, som gjer at den utvendige brannslangen ikkje verkar som før.
- Å reparera gjerdet ved den nye gravplassen. Dette sig ut og treng måling.
- Å laga ei grøft langs vegen ved felt 7, der det er mykje vatn i grunnen.
- Å laga ei grøft på oppsida av kyrkja, ved inngangen, for å få vekk vatnet som står der. Fleire graver kan ikkje nyttast, og me har opplevd at vatnet går inn i kyrkjekjellaren under våpenhuset. Her bør også takvatnet leggjast i grøfta. (Nedløp frå takrenner går rett på bakken.)
- Å leggja takvatnet/ nedløpsvatnet i grøft på nedsida av kyrkja. Her er fleire renner som sprutar vatnet ned langs kyrkjemuren og ned på bakken. Særleg om vinteren er dette uheldig, då dammane frys og vegen kan verta glasert.
- Å laga ein finare vasspost og hyller for kanner.
- Å byrja utskifting av benkane på kyrkjegarden. Desse er dårlege og stygge. ( Om det skulle verta meir inntekter på kyrkja sitt kyrkjegardsbudsjett enn budsjettet, kan dei brukast til slike ting.)



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
07.10.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/12986  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### STATSBUDSJETTET 2016 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2016.

I brevet betyr ”kommunane” primærkommunane, det vil seie ikkje kommuneforvaltninga samla.

#### Det økonomiske opplegget for 2015

I revidert nasjonalbudsjett var det ein berekna skatteauke for kommunane i år på 4,6 prosent. Dei berekna skatteinntektene for inneverande år er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) var i revidert nasjonalbudsjett 2,9 prosent. Av dette var berekna lønsvekst 3,2 prosent. Berekna pris- og lønsvekst er ikkje endra frå revidert nasjonalbudsjett til no.

#### Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2016

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2015 til 2016 med 7,4 prosent.

Skatteøyret for kommunane er i 2015 11,35 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,8 prosent for 2016. Årsaka til framlegget om auken i det kommunale skatteøyret frå 2015 til 2016 er at skattedelen av kommunane sine inntekter er redusert i 2015, som følgje av skattekompensasjonen i revidert nasjonalbudsjett i rammetilskotet, jf. målsetjinga om ein skattedel på 40 prosent av inntektene.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,7 prosent. Av dette utgjer pårekna lønsvekst også 2,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

#### Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2016. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2014. I høve til dette grunnlaget er det justert for berekna skatteutvikling i 2015 og 2016.



I berekning av skatteprognose for 2016 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2014 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2014. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2016 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2015 til 2016 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- endra kriteriedata og befolkning
- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Endra kriteriedata, til dømes talet på psykisk utviklingshemma eller eldre, og befolkning er særleg viktig.

Prisjustering frå 2015 til 2016 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

### Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2015 til 2016 på 4,2 mrd. Denne veksten er no den same både om ein reknar vekst frå inntektsnivået i år i revidert nasjonalbudsjett eller frå noverande pårekna inntektsnivå i år, då dette er det same 2015-nivået. Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2016 - kroner kjem som eit tillegg.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2015 til 2016 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 1,7 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Samla meirutgifter knytte til befolkningsutviklinga er pårekna å utgjere kr. 2,1 mrd. Heile denne utgiftsveksten er for primærkommunane.
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til om lag kr. 0,8 mrd.

Auken i pensjonskostnadene har samanheng med lønsutviklinga, låg rente, auka levealder og redusert amortiseringstid for premieavvik.

3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:

-Kr. 400 mill. til auka satsing innan rusomsorg. Fordeling etter delkostnadsnøkkel for sosialhjelp i inntektssystemet.

-Kr. 200 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta. For 2016 vil tilskotsnivået med dette kome opp i samla kr. 667,7 mill. Fordelt mellom kommunane etter talet på innbyggjarar 0 - 19 år, minst kr. 100.000,- per kommune.

-Kr. 400 mill. til meir fleksible barnehageopptak. Det er heilårsverknaden i 2016 av kompensasjon frå 2015. Utgjer for heile året opp mot kr. 750 mill. Fordeling etter delkostnadsnøkkel for barnehage i inntektssystemet.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2015 til 2016 med 4,3 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande berekna inntektsnivå i år. Med berekna prisvekst i kommunesektoren på 2,7 prosent, svarar det til ein realauke på 1,6 prosent i frie inntekter for kommunane samla i landet frå 2015 til 2016.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for oppgåveendringar både for kommunane samla og kvar for seg, blant anna i vedlagt tabell. Endringar i rammeoverføring i denne samanheng inngår med andre ord ikkje i den utrekna prosentveksten.

Det vil også omfatta innlemming i rammetilskotet av øymerka tilskot, til dømes innlemming i 2016 i samband med døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong.

### **Tiltakspakke for auka sysselsetjing**

Regjeringa legg fram ein særskilt tiltakspakke for auka sysselsetjing. Som ein del av denne tiltakspakken er det framlegg om eit eige øymerka eingongstilskot til kommunane for 2016 på til saman kr. 500 mill. Tilskotet skal nyttast til vedlikehald og rehabilitering av skular, sjukeheimar og omsorgsbustader. Tilskotet vil bli fordelt mellom kommunane med eit likt kronebeløp per innbyggjar utan søknad, om lag kr. 96,- per innbyggjar.

Tilskotet kjem i tillegg til den signaliserte veksten i inntektene i framlegget frå 2015 til 2016.

Prosjekt som blir finansierte av tilskotet må bli gjort ferdig i 2016. Tilskot vil berre bli gitt for arbeid på bygg som er eigd av kommunen eller kommunale føretak (KF).

Kommunane må gi ei kort rapportering med omsyn til bruken av inntektene. Rutinane for rapportering vil bli avklart nærare.

### **Barnehagar og skule**

#### Barnehagar

Frå 2016 vil dei ikkje - kommunale barnehagane få den same finansieringa som kommunale barnehagar, det vil seie 100 prosent av tilskot kommunale barnehagar. Kommunane blir kompenserte med samla kr. 180 mill. i auke i rammetilskotet.

Det blir gjort endring i forskrift om finansieringa av ikkje - kommunale barnehagar for å gi betre samsvar mellom reelle utgifter og tilskot frå kommunane. Det blir teke omsyn til at dei private barnehagane samla har lågare pensjonsutgifter enn dei kommunale. På den andre sia har dei private samla høgare kapitalutgifter enn dei kommunale. Det er rekna at dette gir ei netto innsparing samla på om lag kr. 338 mill. for kommunane som blir trekt ut av rammetilskotet.

### Ny naturfagtime

Det er framlegg om å auka timetalet i naturfag med ein veketime på 5. - 7. trinn frå hausten 2016. Kommunane blir kompenserte gjennom ein auke i rammetilskotet samla for 2016 med kr. 77,6 mill.

### Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2016. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2016 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 1,5 mrd.

Heile investeringsramma for perioden frå 2009 på kr. 15 mrd. blir med dette nytta.

Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken.

## **Helse og omsorg**

### Døgnopphald - hjelp

Det blir ei plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for hjelp med ein gong. Det har vore ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane skulle få tid til å bygge opp tenesta.

2015 er det siste året i opptrappingsplanen over fire år. Finansieringa har vore delt mellom halvdel som øyremerka tilskot og halvdel frå dei regionale helseføretaka når tilbodet var etablert.

I 2016 blir både det øyremerka tilskotet og bidraga frå helseføretaka innlemma i rammetilskotet. Finansieringa av tenesta kjem med andre ord frå 2016 gjennom rammetilskotet til kommunane, til saman om lag kr. 1,2 mrd. Tilskotet blir fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg i inntektssystemet.

### Dagtilbod demente

Regjeringa vil kome med framlegg til endring av helse- og omsorgstenestelova slik at kommunane frå 01. januar 2020 får plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Det er framlegg om øyremerka tilskot i 2016 på til saman kr. 71,3 mill. for å leggje til rette for 1200 plassar i 2016. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.

### Sjukaheimsplassar og omsorgsbustader

For 2016 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukaheimsplassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i underkant av kr. 3,0 mill. (kr. 3,4 mill. i pressområde) i 2015. Dette grunnlaget blir prisjustert til 2016 - kroner.

I 2015 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimsplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2016 som i 2015.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

#### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øymerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2016 er basert på direkte lønsutgifter i 2015 knytte til tenestemottakarar.

Det er innarbeidd ei pårekna auke i det samla øymerka tilskotet frå saldert budsjett 2015 til budsjettframlegget for 2016 med kr. 1,2 mrd., til i underkant av kr. 9,3 mrd. i 2016 (faktisk utbetaling kan bli høgare).

Det er lagt opp til følgjande for 2016:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1043.000,- til kr. 1081.000,- for netto utgifter i 2015. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr. 10.000,- utover prisjustering.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2016 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2015. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen for det same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammetilskotet, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øymerka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

#### **Inntektssystemet i 2016**

Det vil kome eit høyringsnotat om inntektssystemet før jul. Inntektssystemet vil bli vurdert nærare i kommuneproposisjonen for 2017.

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjon, for kommunar med lågt skattenivå, er 35 prosent av skilnaden mellom kommunen sitt skattenivå og 90 prosent av skattenivå for landsgjennomsnittet.

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- per innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øymerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriedata, bortfall av småkommunetilskot og nedgang i distriktstilskot.

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga som grunnlag for rammeoverføring i 2016 vil vere 01.07. i år. For inntektsutjamninga i 2016 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2016. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2015 for rammeoverføring i 2016.

#### Småkommunetilskot

Kommunar med under 3200 innbyggjarar får eit småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå er under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt dei siste tre åra.

Det er ikkje lagt opp til å prisjustera småkommunetilskotet frå 2015 til 2016. Det vil seie at det er same nominelle tilskotsbeløp i 2016 som i 2015.

#### Veksttilskot

Det er lagt opp til ein auke i det samla veksttilskotet til kommunane. Dette blir gjort ved å redusera minstenivået for å få tilskot frå 1,6 prosent til 1,5 prosent. Kommunane må ha hatt, på same måte som for 2015, ein årleg gjennomsnittleg folkevekst i dei siste tre åra over minstenivået for å få tilskot.

Tilskotet blir for kvar innbyggjar utover dette minstenivået prisjustert frå kr. 55.000,- i 2015 til kr. 56.485,- i 2016.

Kommunane må ha eit skattenivå under 140 prosent av landsgjennomsnittet, i årleg gjennomsnitt dei siste 3 åra, for å få veksttilskot.

#### Distriktstilskot

Distriktstilskot for Sør - Noreg blir gitt med ein sats per kommune og ein sats per innbyggjar, begge delar differensiert etter distriktsindeks. Jo lågare indeks, jo større distriktsmessige utfordringar. Kommunane må ha distriktsindeks mellom 0 og 46 for å få tilskot.

Kommunane må ha eit skattenivå under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i årleg gjennomsnitt dei siste 3 åra, for å få distriktstilskot.

#### Endring arbeidsgivaravgift

Frå 01.juli 2014 blei 31 kommunar i landet tilbakeførte frå sone 1 til sone 2 for arbeidsgivaravgift. I Hordaland omfatta det kommunane Tysnes, Jondal og Kvinnherad. Desse kommunane har i 2015 fått eit trekk i rammetilskotet lik utrekna reduksjon i arbeidsgivaravgift. Det er lagt opp til at dette trekket i rammetilskotet blir trappa ned over fem år frå og med 2016.

#### Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda grunngevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2016 til kommunane.

Kr. 400 mill. i årleg skjønstilskot blei innført frå og med 2011 til kommunar som årleg taper meir enn kr. 100,- per innbyggjar på endringane i inntektssystemet frå det same året. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har gjort utrekning med fordelinga av

tilskot mellom kommunane. Det kjem i tillegg til Fylkesmannen si fordeling av skjønstilskot. Fordelinga ligg fast med same årlege tilskotsbeløp til neste revisjon av kostnadsnøkklane i inntektssystemet.

### **Flyktningar og integrering**

Det er for 2016 framlegg om å styrka integreringstilskotet med kr. 50 mill. i ekstratilskot til kommunar ved busetjing av flyktningar. Kriteriet for å få dette tilskotet er at kommunen i 2016 buset fleire enn det dei blei oppmoda om i 2015. Tilskot blir gitt med kr. 50.000,- for kvar person kommunen buset utover dette i 2016.

Det er framlegg om å styrka det særskilte tilskotet for busetjing av einslege, mindreårige flyktningar med kr. 25 mill. Tilskot blir utbetalt til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar blir busett. Det er framlegg om å auka tilskotssats frå kr. 191.300,- i 2015 til kr. 207.000,- i 2016.

Regjeringa vil leggje fram ein tilleggsproposisjon for 2016 - budsjettet i haust som følgje av det høge talet på asylsøkjjarar.

### **Kommunereform**

Vi har i vårt brev av 19. mai d.å. om kommuneproposisjonen omtalt dei økonomiske verkemidla i reformperioden. Det er ikkje lagt opp til endringar når det gjeld dette.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Vedlegg

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Tone Ramsli	<b>Arkivkode:</b> FE-143
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/867	<b>Løpenr:</b> 15/7788
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	038/15	TR

## ØKONOMIPLAN 2016 - 2019

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2016 – 2019 vert vedteken.

**Dokument som er vedlagt:**

økonomiplan 2016 - 2019

**Kva saka gjeld:**

I fylgje kommunelova §44 skal alle kommunar ha ein økonomiplan for dei komande 4 åra.

**§ 44. Økonomiplan.**

1. Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.
2. Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.
3. Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.
4. I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.
5. Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.
6. Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.
7. Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.
8. Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.

Første året i økonomiplanen er lik komande års budsjett. Dersom det ikkje er spesielle tilhøve i det første året evt. at me er kjend med endringar i løpet av dei komande 4 åra eller at det er fatta politiske vedtak om endra prioriteringar, vil som oftast driftsbudsjettet i heile planperiode vera lik det første året (dvs. i dette høve framlegg til årsbudsjett for 2016). Strukturelle endringar som har direkte innverknad på dimensjoneringa av kommunen sitt tenestetilbod vil t.d. vera tal elevar (innverknad på tal klasser) og tal eldre (innverknad på tal sjukeheims plassar). I rådmannen sine merknader til budsjett for 2016 er det presentert ein del vurderingar om standardar t.d. i skule, barnehage og sjukeheim. Det er viktig med ein politisk avklaring om slike spørsmål, og rådmannen vil førebu sak om dette i god tid før budsjetthandsaminga for 2017 startar.

Framlegg til økonomiplan for 2016 – 2019 inneber om lag same driftsrammene for einingane i heile perioden. Det er ikkje rekna med auke i driftsinntekter noko som gjer at det ikkje er grunnlag for å ta inn i budsjettet mange av dei vel grunngjevne ønska. Skal det kunne skje må me foreta ei ytterlegare omfordeling mellom dei ulike tenestene, og dette har me ikkje hatt tid til å vurdere ut over det som er gjort for 2016.

Ofte er det investeringsbudsjettet som får den største merksemda i arbeidet med økonomiplan. I planperioden er det ikkje gjort framlegg om store løft om me ser bort frå investeringane i 2016 og fullføring av dei. Utfordringane me har framover er først og fremst innan VVA. Når det gjeld vatn og avløp, er det tiltak som kan og bør løysast ved brukarbetaling. For veg er dette kostnad som må dekkjast av kommunen. Utfordringane her går både på standard på veg og veglys og på utstyret. Kostnadsutviklinga vil m.a. vera avhengig av kommunestyret si haldning til omklassifisering av vegar. Det vert her vist til eige sak. Det er likevel også slik at bygningsmassen krev eit fortløpande vedlikehald, og fleire av bygningane våre er av ein slik alder at det er snakk om oppgradering som er å sjå på som investeringar.





**Samnanger kommune**  
*der du vil leva og bu*



# **Økonomiplan 2016 - 2019**

## **Rådmannen sitt framlegg**

## Drift

-	2016	2017	2018	2019
Over-/underskudd konsekvensj. budsjett	7 198 237	9 121 240	9 741 590	10 318 757
Totale driftskostnader fra investeringsbudsjett	-126 266	500 968	1 241 218	1 313 468
Valgte driftstiltak	-7 071 971	-9 622 208	-10 982 808	-11 632 225
Over-/underskudd budsjettversjon	0	0	0	0

Valgte tiltak				
Totale driftskostnader fra investeringsbudsjett	-126 266	500 968	1 241 218	1 313 468
<i>Rådmannen sitt framlegg 2016-2019</i>	-126 266	500 968	1 241 218	1 313 468
Rådmannen	-7 071 971	-9 622 208	-10 982 808	-11 632 225
9001 Minimumsavdrag 2016	-1 000 000	0	0	0
9002 Dekking av underskot i 2014 kr 1 587 388,94	1 587 389	0	0	0
kutt på ungdomsskolen	-265 000	-265 000	-265 000	-265 000
kutt på skule felles:	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
kutt på barnehage	-748 000	-748 000	-748 000	-748 000
kutt på barneskulen	-595 000	-595 000	-595 000	-595 000
kutt på kultur	-26 000	0	0	0
til kutt på reinhald	-355 000	-398 856	-398 856	-398 856
kutt på sjukeheimen	-4 050 000	-6 058 387	-6 058 387	-6 058 387
3000 psykolog	199 675	199 675	199 675	199 675
sal av ledige plassar på sjukeheimen	-700 000	0	0	0
Øyremarka tilskot til vedlikehald av omsorgsbustader	-236 000	0	0	0
1400 auka konsesjonskraft 2016-2019	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
3100 overgang frå kjøpte plassar til VTA plassar	-140 000	-140 000	-140 000	-140 000
3120 reduserte tenester praktisk bistand	-154 035	-308 070	-308 070	-308 070
5315.1002 Konsekvensjustert tiltak. Stortingsval 2017 og kommunestyreval 2019	0	80 256	0	100 384
4202 Senke innnetemperaturen i bygg	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
5200.1800 Kutt. Avvikling av kommunale økonomiske seniortiltak	-150 000	-200 000	-250 000	-300 000
22-* - skule - konsekvensjustert tiltak, klasseendring i økonomiplanperioden	0	0	0	0
3110 ØH-senger frå 01.01.2016 kr 600 000 .	300 000	300 000	300 000	300 000
Sal av plassar på sjukeheimen	0	-1 000 000	-2 000 000	-2 700 000
Avsett til Sima-Samnanger	0	251 174	20 830	21 029

# Investeringar

	2016	2017	2018	2019
Netto investering i konsekvensjustert budsjett	0	0	0	0
Sum investeringer fra nye tiltak	79 149 971	35 726 250	1 861 000	1 867 000
Sum fond	-11 666 789	-1 021 000	0	0
Sum bruk av driftsmidler	0	-428 000	-428 000	-428 000
Sum lån	-22 083 978	-18 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sum tilskudd	-34 900 000	-1 000 000	0	0
Sum annet	-10 499 204	-15 277 250	-433 000	-439 000
Netto finansiering	0	0	0	0
Sum andre driftskonsekvenser	-126 266	500 968	1 241 218	1 313 468
Netto driftskonsekvenser	-126 266	500 968	1 241 218	1 313 468

Valgte tiltak				
Videreførte tiltak fra siste økonomiplan	35 721 000	426 000	433 000	439 000
1602.2610 Sjukeheim 2011-2016 2015	35 301 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
3200. Konsekvensjustert Formidling husbanklån.	420 000	426 000	433 000	439 000
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0

Usorterte tiltak	0	14 171 000	0	0
Økonomiplan 1501 Nytt bibliotek i 2017	0	14 171 000	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	78 000	481 350	533 700

Rådmannen sine prioriteringar	43 428 971	21 129 250	1 428 000	1 428 000
9001 konsekvensjustert KLP EK-tilskot. Alternativ finansiering med ubunde investeringfond kr 428 000	428 000	428 000	428 000	428 000
Andre driftskonsekvenser	0	428 000	428 000	428 000
5100 konsekvensjustert: Oppgradering av agresso. Alternativ finansiering ubunde inv.fond kr 276 223	349 166	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	3 734	7 468	7 468	7 468
5310 Ny brannmur, Alternativ finansiering med ubunde fond.	293 750	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	50 000	50 000	50 000
5310.1205. Flytting av server/fagsystem i sikker sone (CosDoc, Barnevern, Socio)	192 500	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
3110 ny sjukeheim inventar og utstyr	875 000	0	0	0

Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2016 - 2019

<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>4201 Prosjekt Ytre Tysse avløp</b>	<b>3 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>Økonomiplan 4201 avløp 2016 - 2019</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>4201.3450 Vatn, alternativ til sjøledning</b>	<b>700 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>4203 utstyr vintervedlikehold</b>	<b>375 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>Pri 1 - Forskot spelemidler til kunstgrasbane</b>	<b>5 250 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>Økonomiplan Prosjekt Bjørkheim VVA</b>	<b>13 073 055</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>4202.3251-3320-3530. VVA Industriområde Øvre Rolvsvåg.2015.pri.1. 2015</b>	<b>3 125 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>4202 Ny sjukeheim, auka ramme</b>	<b>2 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0
<b>4202. Bufellesskap Skottabakken</b>	<b>12 467 500</b>	<b>18 701 250</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	<b>-130 000</b>	<b>-169 000</b>	<b>160 450</b>	<b>177 900</b>
<b>Økonomiplan: Utskifting av eldre bilar på teknisk 2017</b>	<b>0</b>	<b>1 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	106 500	113 950	116 400
<b>4202 sal av tomter på Lønnebakken</b>	<b>300 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Andre driftskonsekvenser</i>	0	0	0	0

<b>Rådmannen sitt framlegg. Driftsbudsjett</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>143: 9001 Minimumsavdrag 2016</b>
Beskrivelse	<p>Kommunen må betale minimumsavdrag på lån. Minimumsavdraga vert berekna i forhold til avskrivningar, anleggsmidlar og lånegjeld. Nye lån vil ikkje påverka kravet om minimumsavdrag på same måten som når me startar med avskrivningar. Dvs nye lån bør bli tatt opp med avdragsfrihet i heile byggeperioden.</p> <p>Når det gjeld eksisterande lån kan me vedta/ søke om avdragsutsettelse. I vedtaket må det stå om løpetida skal forlengast. For 2016 vil me kunne berekne nøyaktig minimumsavdrag når rekneskapen 2015 er avslutta, men foreløpige berekningar viser at rekneskapen legg opp til å betale ca 1,1 mill meir enn kravet om minimumsavdrag. me bør likevel ha litt margin. Kan legge inn kr 1 mill, men det bør reknast på når 2015 er avslutta. NE</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Renter og avdrag (9001)				
Sum utgifter	-1 000 000	0	0	0	-1 000 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-1 000 000	0	0	0	-1 000 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-1 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-1 000 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>139: 9002 Dekking av underskot i 2014 kr 1 587 388,94</b>
Beskrivelse	<p>jfr § 48 i Kommuneloven skal eit underskot dekkast inn så snart som mogeleg. Dersom det ikkje kan dekkast inn første året , dvs i 2015, kan det førast opp til dekking i det fylgjande året (2016). Under særlege forhold kan kommunestyret vedta at underskotet skal dekkast over inntil ytterlegare to år. Dersom det skjer vil kommunen automatisk vere på ROBEK lista (register om betinget godkjenning og kontroll). Nye lånevedtak må m.a godkjennes av fylkesmannen.</p> <p>Pr oktober 2015 er det 50 kommunar på lista. 29.10.2015 NE</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Interne finansieringstransaksjonar (9002)				

<b>Sum utgifter</b>	<b>1 587 389</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 587 389</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>1 587 389</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 587 389</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>1 587 389</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 587 389</b>

Tiltak	135: Rådmannen sitt framlegg til kutt på ungdomsskolen
Beskrivelse	1)Kuttar 2 veketimar i to-språkleg fagopplæring kr 70 000 2)Kutt på 4 veketimar på særskilt norskopplæring kr 140 000 4) Hausten 2016 har 10.trinn 22 elevar. Det er kutta 0,75 veketime i kroppsøving. (Me har igjen 1 delingstime til bading.) kr 27 000 5) Hausten 2016 kutt av 5 veketimar på assistent på nye 8.trinn. Dette er me svært usikker på følgende av, då me ikkje kjenner elevane, men behovet er meldt frå SBS. kr 28 000 sum totalt kr 265 000

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Samnanger ungdomsskule (2230)				
<b>Sum utgifter</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-1 060 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-1 060 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-265 000</b>	<b>-1 060 000</b>

Tiltak	102: Rådmannen sitt framlegg til kutt på skule felles:
Beskrivelse	Oppheving av vedtak OL §5-1 2020.1.3500: Gjeld gjesteelev. Anna form for grunnskuleopplæring. 200.000,- Konsekvens vurdert: Ok.

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Skule felles (2000)				
Sum utgifter	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-800 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-200 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-800 000</b>

Tiltak	133: Rådmannen sitt framlegg til kutt på barnehage
Beskrivelse	Det er færre born i barnehagen enn den er bemanna for. Barnehagen må foreta tilpassingar mellom bemanning og barnetal. Det vert truleg gjort ved å stenga ei avdeling på Dråpeslottet. Det vert ikkje lenger høve til fortløpande opptak. Stengt romjul. Personalmøte på kveldstid er fjerna i konsekvensjustert budsjett Ca kutt kr 700 000

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Barnehage (2040)				
Sum utgifter	-748 000	-748 000	-748 000	-748 000	-2 992 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-748 000	-748 000	-748 000	-748 000	-2 992 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-748 000</b>	<b>-748 000</b>	<b>-748 000</b>	<b>-748 000</b>	<b>-2 992 000</b>

Tiltak	134: Rådmannen sitt framlegg til kutt på barneskulen				
Beskrivelse	Reduksjon i ass.stilling på skule og barnehge og redusert opning på sfo. totalt 595 000				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Samnanger barneskule (2210)				
Sum utgifter	-595 000	-595 000	-595 000	-595 000	-2 380 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-595 000	-595 000	-595 000	-595 000	-2 380 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-595 000</b>	<b>-595 000</b>	<b>-595 000</b>	<b>-595 000</b>	<b>-2 380 000</b>

Tiltak	136: Rådmannen sitt framlegg til kutt på kultur				
Beskrivelse	Nytt bibliotek i 2017. Kutt på arrangement og nye bøker i 2016. kr 15 000 på bokbudsjettet og kr 8000 på arrangement og kr 3000 på annonser Totalt kr 26 000				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Bibliotek (1501)				
Sum utgifter	-26 000	0	0	0	-26 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-26 000	0	0	0	-26 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-26 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-26 000</b>



Tiltak	137: Rådmannen sitt framlegg til kutt på reinhald
Beskrivelse	<p>Sjukeheimen vert ferdig i mars 2016. Effektivisering av arbeidet gjennom ny reinholdsplan og dialog med brukarane av bygget ma at nattevakt kan sette på vaskemaskin i vaskeriet. (brukeravtalen). Dette kan gje ein innsparing på 50 % stilling. Innsparing 10 mnd kr 220 000 i 2016</p> <p>Kutter vikarlønn, og arbeidet vert dekkja opp ved totalt mindre reinhald. Prioriterte bygg er sjukeheim og barnehage. Utnytte fleksibiliteten og renholdsplanen optimalt. :</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Reinhold (4204)				
Sum utgifter	-355 000	-398 856	-398 856	-398 856	-1 551 568
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-355 000	-398 856	-398 856	-398 856	-1 551 568
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-355 000</b>	<b>-398 856</b>	<b>-398 856</b>	<b>-398 856</b>	<b>-1 551 568</b>

Tiltak	132: Rådmannen sitt framlegg til kutt på sjukeheimen
Beskrivelse	<p>Forslag frå sektorleiar om å vente med å opne post 1. dei tilsette kan då brukast på oppgåver der me i dag kjøper tenester frå vikarbyra. Er aktuelt frå april.</p> <p>Det er i dag 20 pasientar på sjukeheimen. på 1 posten er det plass til 6 pasientar, Dvs framleis rom for å ta inn 5 til. Det er budsjettert med inntekt frå 25 pasientar i konsekvensjustert budsjett. Me må og forventa endring i behovet for kjøp av vikarbyråtenester og at tal pasientar aukar opp evt. sal av plassar. Sjå eige tiltak. NE</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Omsorgstenesta (3110)				
Sum utgifter	-4 050 000	-5 358 387	-5 358 387	-5 358 387	-20 125 161
Sum inntekter	0	-700 000	-700 000	-700 000	-2 100 000
Sum netto	-4 050 000	-6 058 387	-6 058 387	-6 058 387	-22 225 161

<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-4 050 000</b>	<b>-6 058 387</b>	<b>-6 058 387</b>	<b>-6 058 387</b>	<b>-22 225 161</b>
-------------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------	--------------------

<b>Tiltak</b>	<b>131: Rådmannen sitt framlegg.ansvar 3000 psykolog</b>				
Beskrivelse	Det er eit aukande behov for psykolog. Dagens ordning med avtale med ein psykolog fungerer bra, men behovet er større enn den timeressursen me har. Regjeringa har oppretta ei ordning der ein kan søkje om tilskot til psykologstillingar. I rammetilskotet er det lagt inn midlar til styrking av helsestasjon. Me legg til grunn at me bruker 200.000 av eigne midlar og søker om statstilskot slik at me får utvida tilbod om psykolog med min. 50% stilling.				

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Helsestasjon (3300)				
Sum utgifter	199 675	199 675	199 675	199 675	798 700
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	199 675	199 675	199 675	199 675	798 700
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>199 675</b>	<b>199 675</b>	<b>199 675</b>	<b>199 675</b>	<b>798 700</b>

<b>Tiltak</b>	<b>144: Rådmannen: sal av ledige plassar på sjukeheimen</b>				
Beskrivelse	Sjukeheimen har 20 pasientar pr 29.10.15. Kapasitet i ny sjukeheim når post 1 ikkje vert opna, er 25 plassar. Det er budsjettert med inntekt frå 25 pasientar. Det har kome spørsmål frå nabokommunar om me har ledig kapasitet. Når me ikkje har full sjukeheim, må me entan ta ned inntektene og lønsutgiftene eller selge plassar. Legg inn sal av 1 plass i snitt for 2016 kr 700 000.NE				

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Omsorgstenesta (3110)				
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-700 000	0	0	0	-700 000
Sum netto	-700 000	0	0	0	-700 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-700 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-700 000</b>

Tiltak	138: Rådmannen: Øyremerka tilskot til vedlikehald av omsorgsbustader
Beskrivelse	Regjeringa legg fram ei særskild tiltakspakke for auka sysselsetting. Som ein del av tilskotet er det framlegg om eit øyremerka eingongstilskot til kommunane i 2016 på kr 96 pr innbyggjar = kr 236 000 for Samnangar. Det må rapporterast på tiltaket og arbeidet må vera ferdig i 2016. Omsorgsbustadane på Skjervo har behov for vedlikehald. Denne summen vil i realiteten vera med å hindra at bygningsvedlikehaldet samla vert halde på 2015-nivå.

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Eigedom (4202)				
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-236 000	0	0	0	-236 000
Sum netto	-236 000	0	0	0	-236 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-236 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-236 000</b>

Tiltak	149: 1400 auka konsesjonskraft 2016-2019
Beskrivelse	<p>Dei siste prognosane for perioden 2016 – 2020 viser at kraftprisane vil vera låge dei neste åra med ein forsiktig auke utover i perioden. Det er budsjettert med 2 mill kroner i 2016 og aukar til 2,5 mill kroner i 2019.</p> <p>Ny informasjon 2.11.15. Me kan forventa litt høgare prisar dei neste åra. Estimat 2016 er no 2,5 mill, DVs kr 500 000 meir enn det som er lagt inn i konsekvensjustert budsjett. NE</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Næringsføremål (1400)				
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	-2 000 000

<b>Sum netto</b>	<b>-500 000</b>	<b>-500 000</b>	<b>-500 000</b>	<b>-500 000</b>	<b>-2 000 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-500 000</b>	<b>-500 000</b>	<b>-500 000</b>	<b>-500 000</b>	<b>-2 000 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>148: 3100 overgang frå kjøpte plassar til VTA plassar</b>				
Beskrivelse	Kommunen betaler i dag for mange VTA plassar der nokre av brukarane klart har restarbeidsevne til å fylla ein statleg finansiert VTA plass. Det ser no ut til at me vil få tilgang til fleire statleg finansierte plassar, og slik økonomien er vil første prioritet vera å få ført brukarar over frå betal plass. Kommunen betalar kr 180.000 pr. plass mot kr 35.000 som eigendel for statleg finansiert plass. Me legg til grunn at me får minst ein plass.				

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Open omsorg (3100)				
<b>Sum utgifter</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-560 000</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-560 000</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-140 000</b>	<b>-560 000</b>

<b>Tiltak</b>	<b>150: 3120 reduserte tenester praktisk bistand</b>				
Beskrivelse	I Samnanger er hovudregelen at dei som får praktisk bistand - hjelp til reinhald etc - får tildelt 1,5 timar anna kvar veke. Me ser at det er mogleg å redusera denne noko utan at det får store negative konsekvensar. Det vert gjort framlegg om å redusera tilbodet til 1.5 t pr 3.de veke. Innsparinga er ca 60& assistentstilling. Ordninga vert gradvis innført og me reknar med halv effekt i 2016.				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Heimetenester (3120)				
<b>Sum utgifter</b>	<b>-154 035</b>	<b>-308 070</b>	<b>-308 070</b>	<b>-308 070</b>	<b>-1 078 245</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>-154 035</b>	<b>-308 070</b>	<b>-308 070</b>	<b>-308 070</b>	<b>-1 078 245</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-154 035</b>	<b>-308 070</b>	<b>-308 070</b>	<b>-308 070</b>	<b>-1 078 245</b>

Tiltak	151: 5315.1002 Konsekvensjustert tiltak. Stortingsval 2017 og kommunestyreval 2019
Beskrivelse	<p>Det vert arrangert val annakvart år. Det må derfor budsjetterast med midlar til gjennomføring av val annakvart år.</p> <p>I 2016 og 2018 er det ikkje val. I 2017 er det stortingsval og i 2019 er det kommunestyre- og fylkestingsval. Kommunen har litt større kostnader ved gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval enn stortingsval, primært på grunn av kostnader til trykking av stemmesetlar til kommunestyrevalet.</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Politisk nivå og revisjon (5315)				
Sum utgifter	0	80 256	0	100 384	180 640
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	80 256	0	100 384	180 640
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>80 256</b>	<b>0</b>	<b>100 384</b>	<b>180 640</b>

Tiltak	153: 4202 Senke innetemperaturen i bygg
Beskrivelse	Senke temperatur i alle bygg til 21 grader. Dette er godt tiltak for å spare energi og det vil gi bedre inne miljø.EK.

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Eigedom (4202)				
Sum utgifter	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000	-160 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000	-160 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-40 000</b>	<b>-40 000</b>	<b>-40 000</b>	<b>-40 000</b>	<b>-160 000</b>

Tiltak	129: 5200.1800 Kutt. Avvikling av kommunale økonomiske seniortiltak
Beskrivelse	<p>Dei økonomiske tiltaka i kommunen sin seniorpolitiske plan (lønstillegg og tilretteleggingstilskot) har ein årleg bruttokostnad på 400.000 - 500.000 kroner (ref. evaluering/gjennomgang som vart gjort i 2014). I den økonomiske situasjonen kommunen er i, bør det vurderast å avvika desse tiltaka. I praksis vil det ta ca. 12 månader å avvika tiltaka heilt, dersom slik avvikling vert vedteken. Det er realistisk å spara ca. 150.000 kroner i 2016. I åra deretter vil det verta ei gradvis auka innsparing, etter kvart som tilsette som i dag har seniortillegg går av med pensjon.</p> <p>Dei økonomiske seniortiltaka er budsjettert i einingane sitt budsjett. For å spara arbeid, er heile innsparinga i tiltaket lagt inn på budsjettkonto 14902.5200.1800. Dersom tiltaket vert vedteke, må innsparinga fordelast på einingane. JEB 30.10.2015.</p>

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Diverse fellesutgifter (5200)				
Sum utgifter	-150 000	-200 000	-250 000	-300 000	-900 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-150 000	-200 000	-250 000	-300 000	-900 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>-150 000</b>	<b>-200 000</b>	<b>-250 000</b>	<b>-300 000</b>	<b>-900 000</b>

Tiltak	140: 22-* - skule - konsekvensjustert tiltak, klasseendring i økonomiplanperioden
Beskrivelse	<p>2210 SBS: 15/16-11 kl, 16/17-11 kl, 17/18-11 kl, 18/19-12 kl, 19/20-11 kl, 20/21-11 kl  2230 SUS: 15/16-04 kl, 16/17-04 kl, 17/18-04 kl, 18/19-03 kl, 19/20-04 kl, 20/21-04 kl</p> <p>Sjølv om tal klassar endrar seg på begge skulane i 18/19, så vil tal klassar i perioden 15/16 - 20/21 vera permanent, 15 klassar.</p> <p>Med atterhald om at små endringar i elevtal (til- og fråflytting) kan få konsekvensar for tal klassar. H.R.</p> <p>Berekning frå 2014 viser at 1 klasse på barneskulen kostar kr 335 000 og på ung.skulen kr 520 000. Når det aukar på barneskulen og blir redusert på ungdomsskulen vert det ein liten reduksjon hausten 2018 ca pris 80 000 og våren 2019 kr 113 000. NE</p>

<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	154: 3110 Døgnopphald frå 01.01.2016 kr 600 000 .				
Beskrivelse	Det blir plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med akutt behov for hjelp. Dette er frå 2016 lagt inn i rammetilskotet for kommunen med kr 624 000. Me forventar at dette vil koste kommunen kr 600 000. Det vert finansiert med auka skatteanslag med kr 300 000. I tillegg kom det 2.11 informasjon om betre prisar på kraft og kr 500 000 meir i inntekt enn estimert. NE				
	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Omsorgstenesta (3110)				
Sum utgifter	600 000	600 000	600 000	600 000	2 400 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	600 000	600 000	600 000	600 000	2 400 000
Sted	Ansvar: Skatt og rammetilskot (9000)				
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-1 200 000
Sum netto	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-1 200 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>300 000</b>	<b>1 200 000</b>

Tiltak	155: Økonomiplan. Sal av plassar på sjukeheimen				
Beskrivelse	Sjukeheimen har plass til 31 pasientar. Pr oktober er det under 20 pasientar på sjukeheimen. Det er kome inn forspørrel frå nabokommunar om å selje plassar. Me har i dag ein bemanning som er tilpassa 31 plassar. Når det er mange ledige senger vil det vera eit godt alternativ å selje plassar. På den måten kan me og unngå å redusere bemanninga. Me får ca 7-800 000 pr plass. Det vert lagt inn sal av 1-2 plassar i 2017 og 2-3 i 2018 og 3 i 2019. NE				

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Omsorgstenesta (3110)				
Sum utgifter	0	0	0	0	0
Sum inntekter	0	-1 000 000	-2 000 000	-2 700 000	-5 700 000
Sum netto	0	-1 000 000	-2 000 000	-2 700 000	-5 700 000
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>-1 000 000</b>	<b>-2 000 000</b>	<b>-2 700 000</b>	<b>-5 700 000</b>

Tiltak	156: Økonomiplan: Avsett til Sima-Samnanger
Beskrivelse	For å få balanse på økonomiplanen vert overskot sett av til fond Sima- Samnanger. Det vart lånt av dette fondet for å finansiera utviding av e-skatt (1,58 mill) og midlane skal førast tilbake så snart det er økonomi til det. NE

	2016	2017	2018	2019	Totalt
Sted	Ansvar: Interne finansieringstransaksjonar (9002)				
<b>Sum utgifter</b>	<b>0</b>	<b>251 174</b>	<b>20 830</b>	<b>21 029</b>	<b>293 033</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum netto</b>	<b>0</b>	<b>251 174</b>	<b>20 830</b>	<b>21 029</b>	<b>293 033</b>
<b>SUM NETTO TILTAK</b>	<b>0</b>	<b>251 174</b>	<b>20 830</b>	<b>21 029</b>	<b>293 033</b>



**Vedlegg – Oversikt over tiltak som ikkje er valde – drift og investeringar**

<b>Rådmannen</b>				
9002 Avseting til rentefond 2016-2020	250 000	250 000	0	0

<b>Sektor for samfunn og utvikling</b>				
4201 3450 Myra Vassverk- inngjerding. 2016.pri.1. 2015	200 000	0	0	0
4201 3450 Utskifting av ventiler. 2016.pri.1. 2016	30 000	30 000	30 000	30 000
4201.3450 Overspenningsvern 2016.pri.1. 2016	100 000	0	0	0
4202 2223 U skule. drenering skråning. 2016.pri.1. 2016	100 000	0	0	0
4202. (alle bygg) Byggvedlikehald 2016.pri.1 2016	400 000	400 000	400 000	400 000
4202.1300. K-hus. Rømningsveg 2016.pri.3. 2016	150 000	0	0	0
4202.2212 Vassloppa, utskift PCB vindu. 2016.pri.3. 2016	120 000	0	0	0
4202.2221. Barneskulen, p.plass.2016.pri.3. 2016	100 000	0	0	0
4202.2223 U-skule. El.anlegg. og styringssystem for lys og varme.2016.pri.1. 2016	300 000	0	0	0
4202.2228. Ny takteking symjehall. 2016.pri.1. 2016	300 000	0	0	0
4202.2323. Oppgradering ventilasjon kokekjøkken.pri.2.	53 000	0	0	0
4202.3201 Lagerbygg Frøland.2016.pri.3.. 2016	200 000	0	0	0
4202.3391 Brannstasjon - varmpumpe. 2016.pri.2. 2016	29 000	0	0	0
4202.3391 Brannstasjon- kontordel. 2016.pri.2. 2016	40 000	0	0	0
4202.3391 Nye porter i Brannstasjon. 2016.pri.3. 2016	120 000	0	0	0
4202.3810 Hagabotnen - løpebane. 2016.pri.3. 2016	800 000	0	0	0
4203 3320 Asfalt- komm. vegar. 2016.pri.1. 2016	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
4203 3320 Bruer - sikring. 2016.pri.1. 2016	1 200 000	0	0	0
4203 3320 Gatelys- utskifting/fjerning. 2016.pri.2. 2016	0	2 000 000	2 000 000	2 000 000
4203- 3320 Rep. av veg til ungdomsskulen. 2016.pri.1. 2016	150 000	0	0	0
4203.3309. Rolvsvåg kai - asfaltering. 2016.pri.3. 2016	200 000	0	0	0
4203.3320. Bygdavegen 2016.pri.1. 2016	1 500 000	0	0	0
4203.3320. Gamlehusvegen. 2016.pri.3. 2016	100 000	0	0	0
4203.3320. Lønnebakken 2016.pri.3. 2016	1 200 000	0	0	0
4203.3320. Nyutløræ. 2016.pri.1. 2016	1 050 000	0	0	0
4203.3320. Raunekleivsvegen. 2016.pri.2. 2016	75 000	0	0	0
4203.3320. Steinslandsfeltet. 2016.pri.3. 2016	500 000	0	0	0
4203.3320. U skulen - fjellsikring. 2016.pri.1. 2016	120 000	0	0	0
4203.3320. Vågabygdsvegen. 2016.pri.2. 2016	280 000	0	0	0
4203.3320.Hagabakkane 2016.pri.3. 2016	2 000 000	2 000 000	0	0
4203.3320.Liavegen. 2016.pri.1. 2016	1 000 000	500 000	500 000	500 000
4203.3320.Salteutstyr for stor traktor.2016.pri1. 2016	55 000	0	0	0
4203.3320.Utstyr til vedlikehald av bruer.2016.pri.1. 2016	300 000	0	0	0
4203.3350 Kai Ytre Tysse, reperasjon isgang. 2016. pri.3. 2016	200 000	0	0	0

4203.3930 Kyrkjegard, ny dreneringsgrøft 2016.pri.1. 2016	30 000	0	0	0
4203.3930.Nye kyrjegard monterer steinmur.2016.pri.3. 2016	250 000	0	0	0
Befalskurs - Brannbefal	0	0	0	0
Krisehåndteringskurs - brannvesen	0	0	0	0
4203.3320 Salteutstyr til pickup.2016. pr.1.	100 000	0	0	0

<b>Sektor for organisasjon</b>				
1201.1201 Oppgradering av Agresso - frå versjon 5.5.3 til Milestone	276 223	7 500	7 500	7 500
1201.1204 Brannalarm i bortsettjingsarkiv	20 000	10 000	10 000	10 000
1201.1204 Sikring av daglegarkivet ved sørvissenteret	0	0	0	0
1201.1205 ACOS Websak - fase 3 i oppgradering til versjon 6.8	92 000	0	0	0
1201.1205 Abonnement på kontaktregister for digital kommunikasjon med innbyggjarar	24 500	18 000	18 000	18 000
1201.1205 Acos Innsyn	0	15 000	0	0
1201.1205 Ny brannmur (delfinansiering)	220 000	50 000	50 000	50 000
1201.1205 Nytt bacupsystem (delfinansiering)	0	70 000	0	0
1201.1205 Oppgradering av Microsoft Office - kjøp av lisensar	0	450 000	0	0
1201.1205 Oppgradering av Microsoft Office - leige av lisensar	0	95 000	95 000	95 000
1201.1205 m.fl. Oppgradering/flytting av server/fagsystem i sikker sone (CosDoc, Barnevern, Socio)	154 000	0	0	0
5200.1800 Kutt Oppseiing av KF Bedre Styring	0	-70 000	-70 000	-70 000
5200.1800 Kutt Oppseiing av KF Delegeringsreglement	-13 500	-13 500	-13 500	-13 500
5200.1800 Kutte budsjetsum til velferdstiltak	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
5310. 2331. Kutt Tilskudd private	0	0	0	0
5310.1205 Dataprogram/system for e-handel	316 000	33 000	33 000	33 000
5310.1205 Kutt Oppseiing av KF Nasjonal tjenestekatalog	0	-31 000	-31 000	-31 000
5310.1205 Kutt Oppseiing av KF Delegeringsreglement	0	0	0	0
5310.1205. Kutt Oppseiing av abonnement på Infoskjermen.no	-7 500	-7 500	-7 500	-7 500
5310.1205. Kutt Oppseiing av abonnement på Varsling24.	-7 500	-7 500	-7 500	-7 500
5315. 1000. Kutt Inventar	0	0	0	0
5315. 1000. kutt Kunngjeringar.	0	0	0	0
5315. Kutt Oppseiing av abonnement på Kommunal rapport	-14 000	-14 000	-14 000	-14 000
5315.1000. Kutt Kontorrekvisita	0	0	0	0
5100.1201 Utgåande EHF-faktura	39 000	5 000	5 000	5 000

<b>Sektor for helse og omsorg</b>				
3100 Dagtilbod funksjonshemma	554 207	1 334 371	0	0

<b>Sektor for skule, barnehage og kultur</b>				
--	--	--	--	--

1500 - Kulturkontoret - 2 - Inventar Stolpane skulehus - 15 000	15 000	0	0	0
1500 - Kulturkontoret - 3 - Bygdekino - 29 833	29 833	29 833	29 833	29 833
1500 - Kulturkontoret - Kutt 1 - Kulturmidlar til kulturminne	-35 000	-35 000	-35 000	-35 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 11 - Reduksjon av folkehelse - 10 000	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 12 - Reduksjon av midlar til barne- og ungdomsaktivitetar - 50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 2 - Midlar til oppfølging av kulturminneplanen - 15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 3 - Kulturmidlar til kunstformidling - 20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 5 - Øvrige kulturmidlar - 15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 6 - Kulturmidlar til idrett - 70 000	-70 000	-70 000	-70 000	-70 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 7 - Kultur for eldre - 30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
1500 - Kulturkontoret - Kutt 8 - Kulturmidlar til barne- og ungdomsarbeid - 65 000	-65 000	-65 000	-65 000	-65 000
1501 - Samnanger folkebibliotek - Kutt 10 - Reduksjon av bokbudsjettet - 40 000	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
1501 - Samnanger folkebibliotek - Kutt 9 - Arrangement på biblioteket - 8 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000
1502 - Samnanger kulturskule - 1 - 2 timer ekstra undervisning per år i perioden - 45 307 (2016)	45 307	90 613	135 919	181 226
1502 - Samnanger kulturskule - Kutt 3 - Dirigentstøtte til Samnanger skulemusikklag - 100 854	-100 854	-100 854	-100 854	-100 854
1502 - Samnanger kulturskule - Kutt 4 - Dirigentstøtte til Samnanger skulemusikklag - 61 690	-61 690	-61 690	-61 690	-61 690
2000 - felles - kutt 2 - Kurs/opplæring - 190.000,-	-190 000	0	0	0
2000 - felles - kutt 3 - styrka tiltak bhg - 50.000,-	-53 525	0	0	0
2000 - felles - kutt 4 - vaksenopplæring - 67.000,-	-67 000	0	0	0
2040 Barnehageeininga kutt i driftsbudsjettet - kr 184 000 ( ferie, internkjøp og overtid)	-168 333	0	0	0
2040 2011 inventar Dråpeslottet barnehage kr 25 000	25 000	0	0	0
2040 Barnehageeininga Stenge ein småbarnsavdeling på Dråpeslottet. Kutt 780 000	-781 585	0	0	0
2040. 2012 Vassloppa Informasjonsskjerm ved inngangparti .2 stk kr 25.000	25 000	0	0	0
2210 - SBS - Kutt 1 - Assisitent - kr. 550.000,-	0	0	0	0
2210 - SBS - Kutt 2 - Assistent, sfo - kr. 218.350,-	0	0	0	0
2210 - SBS - Kutt 5 - Ass.sfo - kr. 55.000,-	0	0	0	0
2210 - SBS - Kutt 4 - Ass. skule - kr. 110.000,-	0	0	0	0
2210 - SBS - Kutt 6 - Feriopen sfo - kr. 20.000,-	0	0	0	0
2210 - SBS - Pri 9 - Konretiseringsmateriell - kr. 7.700,-	7 700	0	0	0

2210 - SBS - Pri. 11 - Utsyr kroppsøving - kr. 5.000,-	5 000	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 12 - Velferdstiltak - kr. 3.000,-	3 000	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 3 - Lekseefri skule - kr. 15.000,-	15 000	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 4 - IKT - kr. 275.000,-	275 000	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 5 - 100% Sfo -leder - kr. 480.000,-	0	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 6 - Gebyrar/lisensar - kr. 25.000,-	50 000	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 7 - Lærebøker - kr. 30.000,-	30 000	0	0	0
2210 - SBS - Pri. 8 - Kontormateriell - kr. 12.000,-	12 000	0	0	0
2210 - SBS -Pri. 10 - Bibliotek - kr. 5.000,-	5 000	0	0	0
2210 --SBS - Pri 2 - Inspektør - kr. 73.000,-	83 324	0	0	0
2210 . SBS - Kutt 3 - Ass. skule - kr. 228.800,-	0	0	0	0
2210- SBS - Pri 1 - Sekretærstilling - kr. 81.715,-	93 237	0	0	0
2230 Ung.skule Kutt 1: Tospråkleg fagopplæring kr 70 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Kutt 2: Særskilt norskopplæring kr 140 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Kutt 3: Valfag kr 52 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Kutt 4: 10.trinn delingstimar h- 2016 kr 26 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Kutt 5: Assistent kr. 52 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Kutt 7: Lærarstilling kr 250 000.	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 1: Stolar kr 35 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 2: Rektorutdanning	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 3: Leksehjelp kr 70 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 4: Formingsavd. kr 55 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 5: Lisens på digitale lærebøker kr 30 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 6: Høgtalaranlegg kr 25 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 7: IKT/Smartboard	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 8: Utsmykking / interiør kr 80 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri. 9: Mediatek kr 10 000	0	0	0	0
2230 Ung.skule Tiltak Pri.10: Aktivitetsutstyr / gym kr 60 000	0	0	0	0
2230 Ung.skuleTiltak Pri.11: IKT - ansvarleg på ung.sk kr 31 000	0	0	0	0

<b>Andre tiltak</b>				
Eigedomsskatt på bustad og fritidseigedomar	0	0	0	0
Politisk tiltak - Tour des Fjords - 100 000	100 000	0	0	0
9002 Avsetning til fond Sima-Samnanger	280 000	0	0	0

<b>Videreførte tiltak fra siste økonomiplan</b>				
9001 konsekvensjustert. KLP egenkapitaltilskot	428 000	428 000	428 000	428 000
Andre driftskonsekvenser	428 000	428 000	428 000	428 000

<b>Andre tiltak</b>				
4202.1300 K-hus, ventilasjon/ varme. 2016.pri.3. 2016	3 000 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4203.3320 Vedlikehold og opprusting vegar . 2016. 2016 pri.2	1 000 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	4 500	12 000	16 000	26 105
4202.2610, Vannbåren varme 95 bygge.pri.3. 2016	1 800 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4203.3320. Utskiftig av traktor.pri.1. 2016	800 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4203.3320.Utskifting av snø fres til traktoren. pri.1.	152 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4202 Dagsenter funksjonshemma	15 000 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4202.2610 Opprusting av 1995-bygget.pri.2. 2016	1 592 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4203.3320 Utskifting av lastebil. 2017	1 650 000	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
2040 leikeplass Dråpeslottet barnehage	0	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0
4202. barneskulen varmpumpe og borehull	687 500	0	0	0
Andre driftskonsekvenser	0	0	0	0



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FA-M00
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/866	<b>Løpenr:</b> 15/7772
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	039/15	HLV

**VEDTEKTER FOR SAMNANGER KOMMUNE - STANDARD ABONNEMENTSVILKÅR FOR VATN OG AVLØP**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Standardvilkår for vatn og avløp datert 11.11.15 vert vedtekne slik dei ligg føre.

**Dokument som er vedlagt:**

Standard abonnentsvilkår VA  
Standardvilkår sanitær

**Kva saka gjeld:**

Vedtekter for Samnanger kommune som regulerer abonnementsvilkår for vatn og avløp.

**Bakgrunn for saka:**

Det er i dag ein del situasjonar med påfylgjande diskusjonar mellom abonnent og kommune om kvar ansvaret ligg. Dette gjeld t.d. kor mykje av leidningsnettlet kommunen eig og kva som er abonnenten sin eigedom. Det er viktig å få avklara slike tilhøve og det er også viktig å få slått fast kva som er kommunen sitt ansvar og kva kan me påleggja abonnenten av t.d. standard og tetting av lekkasje.

Det er eit ønskje frå administrasjonen si side å få vedtekter der flest mogleg problemstillingar er avklara. Dette kan skje gjennom utarbeiding av vedtekter der vilkåra for å vera abonnent er slått fast.

**Vurdering:**

## 255 av 289

KS har utarbeidd ein standard på dette området som mange kommunar nyttar. Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup består av administrative og tekniske bestemmingar gjevne ut i kvart sitt hefte. Dei administrative bestemmingane tek føre seg juridiske og forvaltningsmessige forhold, medan dei tekniske bestemmingane fastlegg krav til teknisk utføring.

Vilkåra sine formål er å ivareta det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enskilde abonnent i samband med tilknytning til offentleg vass- og avlaupsanlegg, og å sikra trygg utføring av sanitærinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg.

Rådmannen rår til at standard abonnementsvilkår som vist i vedlegg vert gjort gjeldande for Samnanger kommune.

**Standard abonnentsvilkår  
for vatn og avlaup**

**Samnanger kommune**



**Administrative bestemmingar**



## Innhald

Innleiing .....	3
1. Generelt	
1.1 Formål .....	4
1.2 Verkeområde/ heimel .....	4
1.3 Definisjonar .....	7
1.4 Plikt til å overhalda bestemmingane .....	10
1.5 Brot og handheving .....	13
1.6 Endringar .....	13
1.7 Dispensasjonar .....	15
1.7.1 Iverksetjing. Oppheving av tidlegare bestemmingar .....	15
2. SØKNAD OG GOKJENNING AV TILKNYTING M.M. ....	15
2.1 Søknad om tilknytning til offentleg vatn og avlaupsanlegg .....	15
2.2 Søknad om endringar .....	16
2.3 Tinglyste erklæringar .....	17
2.4 Godkjenning av søknad om tilknytning .....	17
2.5 Kontroll og synfaring av anlegg og installasjonar under utføring .....	17
2.6 Prøving .....	18
2.7 Krav til materiell og utføring .....	18
2.7.1. Separatsystem .....	18
3. ANDRE BESTEMMINGAR .....	18
3.1 Anleggs- og vedlikehaldsutgifter .....	18
3.2 Funksjonskrav og tekniske krav .....	19
3.3 Eksisterande offentleg vatn- og avlaupsanlegg .....	19
3.4 Bygging nær offentleg vatn- og avlaupsanlegg .....	19
3.5 Opphør av tilknytning .....	20
3.6 Stenging av offentlege leidningar .....	20
3.7 Synfaring og kontroll av eksisterande anlegg og installasjonar .....	21
3.8 Kontroll og innskrenking av vassforbruk .....	22
3.9 Vasskvalitet og trykk .....	22
3.10 Vidaredistribusjon av vatn- og avlaupstenester .....	22
3.11 Ekstraordinære vassuttak/ påslepp .....	23
3.12 Påsleppa si karakter .....	23
3.12.1 Generelt .....	23
3.12.2 Forureiningsforskrifta.....	24
3.12.3 Eksempel på uønska væsker, stoff, gassar eller produkt .....	24
3.13 Utskiljarar og reinseanlegg .....	25
3.14 Ansvarsforhold .....	25

## Innleiing

Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup består av administrative og tekniske bestemmingar gjevne ut i kvart sitt hefte. Dei administrative bestemmingane tek føre seg juridiske og forvaltningsmessige forhold, medan dei tekniske bestemmingane fastlegg krav til teknisk utføring.

Vilkåra sine formål er å ivareta det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den einskilde abonnent i samband med tilknytning til offentleg vass- og avlaupsanlegg, og å sikra trygg utføring av sanitærinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg.

Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup bør verta vedteke av den einskilde kommune for at dei skal ha tilstrekkeleg gyldigheit. Vilkåra er utforma slik at dei uforandra kan verta vedtekne av kommunen. Det er også mogleg for kommunen å leggja inn egne særbestemmingar.

Bestemmingane vert i hovudsak gjevne av kommunen som eigar av hovudanlegga og leverandør av tenestene innanfor vatn og avlaup. Ein del bestemmingar er i tillegg direkte eller indirekte heimla i lover og forskrifter, som plan- og bygningslova (pbl) og teknisk forskrift (TEK). Den følgjande teksten er meint å utdjupa og konkretisera bestemmingane i eksisterande lovverk og gje ei kortfatta og lett tilgjengeleg samanfating av dei krava som gjeld. Det er likevel ikkje meininga å presentera informasjon som finst andre stadar om dette ikkje er naudsynt for samanhengen i desse vilkåra. Det vert vist til aktuelt lovverk der det er naturleg.

Denne revisjonen har teke omsyn til endra krav og bestemmingar og nye utfordringar som kommunane står overfor, m.a. når det gjeld klimaendringar.

Både huseigarar, profesjonelle aktørar og kommunalt tilsette skal kunna ha nytte av å bruka desse abonnementsvilkåra.

## 1 Generelt

### 1.1. Formål

Formålet med desse bestemmingane er å;

- Fastsetja kva for leveringsbestemmingar og vilkår kommunen som eigar av offentleg vass- og avlaupsanlegg og leverandør av tenestene stiller for tilknytning til og bruk av offentleg vass- og avlaupsanlegg. Dette omfattar også det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den einskilde abonnent som er eller vert knytt til offentleg vass- og avlaupsanlegg.
- Stilla krav til aktørar slik at dei private vass- og avlaupsanlegg som knytast til kommunalt nett, vert utført på ein forsvarleg måte med omsyn til funksjonssikkerheit og anleggs- og utstyrskvalitet.

### 1.2. Verkeområde/ heimel

Abonnementsvilkåra omfattar private vass- og avlaupsanlegg knytte til offentleg vass- og avlaupsanlegg. Dei gjeld både for eksisterande og nye abonnentar, og uavhengig av om abonnenten har skrive under ein erklæring om å overhalda vilkåra eller ikkje.

For eksisterande abonnentar på vedtekingstidspunktet i den einskilde kommune gjeld dei administrative bestemmingane fullt ut, med unntak for søknadsplikta for eksisterande anlegg der det ikkje vert gjort vesentlege endringar, jfr. Pkt. 2.2, og kravet til avstandsgrense på 4 meter for eksisterande busetnad, jfr. Pkt. 3.4.

For eksisterande abonnentar på vedtakingstidspunktet i den einskilde kommune gjeld dei tekniske bestemmingane knytte til oppføring av anlegg berre for fylgjande punkt:

- Krav til overhøgde mellom topp hovudleidning og lågaste innvendige avlaupsopning, jfr. Pkt. 3.5 i tekniske bestemmingar.
- Krav om sikring mot forureining for å hindra tilbakesug frå privat leidningsnett, jfr. Pkt. 2.4 i tekniske bestemmingar.

*Kommentar:* Dette er sjølvstykkt ikkje til hinder for at kommunen handhevar andre lover og reglar om anlegg/ bygning/ installasjonar som er oppført i strid med gjeldande bestemmingar på oppføringstidspunktet. Eksempel på dette kan vera oppføring av bygningar og installasjonar som er i strid med gjeldande kommunale vedtekter, normer etc., eller i strid med servituttlovens alminnelege bestemmingar om korleis eigaren av ein eigedom med kommunen som leidningseigar/ servitutthavar pliktar å opptre.

Elles gjeld dei tekniske bestemmingane krav i tilknytning til drift og vedlikehald av anleggene fullt ut så langt dei passer.

*Kommentar:* Om ein vassleidning lek, vil det utgjera eit brot på dei tekniske bestemmingane som kan fylgjast opp med eit pålegg om utbetring, uavhengig av når leidningen vart lagt. Abonnementsvilkåra for vass- og avlaupsanlegg gjeld, så langt dei passar, også for påslepp til kommunal leidning frå offentleg veg, plass m.m. Abonnementsvilkåra for vatn- og avlaup er gjevne av kommunen som eigar av hovudanlegga og leverandør av vass- og avlaupstenester. Ein del vilkår er i tillegg direkte heimla i lover og forskrifter.

*Kommentar:* Private vass- og avlaupsanlegg utan offentleg tilknytning omfattast ikkje av abonnementsvilkåra, med mindre pålegg om tilknytning til offentleg vass- og avlaupsanlegg er gjevne etter plan- og bygningslovas bestemmingar.

#### *Tilvisingar til lover og forskrifter.*

Vass- og avlaupsanlegg er omfatta av eit betydeleg regelverk som det er viktig å ha kjennskap til og fylgja. Plan- og bygningslova, med rettleiing til teknisk forskrift (VTEK), gjev rammevilkåra for planlegging og utforming av særinstallasjonar og vass- og avlaupsanlegg. I tillegg kjem einskilde lover med tilhøyrande forskrifter som normalt vil ha noko å seia for den einskilde kommunes vass- og avlaupsabonnentar. Det gjerast merksam på at lover og forskrifter kan endra seg over tid:

- Plan- og bygningslova med m.a. fylgjande forskrifter:
  - Forskrift om krav til byggverk og produkt til byggverk (teknisk forskrift-TEK). Det vert vist til kapittel 9-5 Sanitæranlegg og kapittel 11 Vassforsynings- og avlaupsanlegg.
  - Forskrift om sakshandsaming og kontroll i byggesaker (SAK)
  - Forskrift om godkjenning av føretak for ansvarsrett (GOF)
- Lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) med m.a. fylgjande forskrift:
  - Forskrift om avgrensing av forureining
- Lov om matproduksjon og mattryggleik (matlova) og Lov om helseteneste i kommunane med m.a. fylgjande forskrift:
  - Forskrift om vassforsyning og drikkevatn.
  - Forskrift om miljøretta helsevern.
  - Forskrift om badeanlegg, bassengbad, badstu m.m.
- Lov om vassdrag og grunnvatn
- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter med m.a. fylgjande forskrifter:
  - Forskrift om avgrensing av forureining, kapittel 16 om kommunale vass- og avlaupsgebyr.
  - Kommunens forskrift om vass- og avlaupsgebyr.

#### *Nettbaserte kjelder*

Det finst også eit stort tal rettleiingar, normer, standardar, detaljblad, rapportar etc. som har tyding for den som arbeider innanfor vass-, avlaups- og sanitærområdet. For nærmare

oversikt over gjeldane regelverk og anna nyttig informasjon viser me m.a. til fylgjande nettbaserte kjelder:

[www.lovdatabasen.no](http://www.lovdatabasen.no)

Lovdata gjev den komplette oversikt over lover og forskrifter m.m. i Noreg.

[www.norskvann.no](http://www.norskvann.no)

På Norsk Vann sine heimesider finner ein informasjon om regelverk, rapportar, rettleiingar og anna fagstoff på VA- området.

[www.norskvann.no/Regelverk](http://www.norskvann.no/Regelverk) innan VA

På Norsk Vann sine regelverksider vert det lagt ut fortløpande info om nytt regelverk på vass- og avlaupsområdet. Norsk Vanns regelverkshjelp inneheld m.a. fylgjande databasar:

- Regelverkdbasen: database med lover, forskrifter og rettleiingar på VA- området med lenker til nedlastbare versjonar på Lovdata og andre nettsider.
- VA-jusdbasen: tematisk database ulike juridiske problemstillingar på VA- området som vert drøfta i lys av regelverk og rettspraksis.
- VA –norm

[www.rorsenter.no](http://www.rorsenter.no)

Norsk Rørsenter AS er eit kurs og kompetansesenter innan vass- og avlaupsteknikk og har prosjektleiinga for NKF og Norsk Vanns VA/ Miljø-blad og for Norsk Vanns VA-norm.

( [www.va-norm.no](http://www.va-norm.no))

[www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no)

Regelhjelp.no er eit tilbod om bransjevise oversikter over regelverket. Bak nettstedet står Statens forurensingstilsyn, Mattilsynet, Direktoratet for arbeidstilsynet, Næringslivets sikkerhetsorganisasjon og Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap.

[www.be.no/Byggeregler](http://www.be.no/Byggeregler)

Databasen til Statens byggtekniske etat over lover, forskrifter, rettleiingar, blankettar m.m.

[www.standard.no](http://www.standard.no)

Standard Norges heimesider, der ein m.a. kan finna oversikt over standardar på VVS- og VA- området.

### 1.3.Definisjonar

Kommentar: Standard abonnementsvilkår omhandlar forholdet mellom abonnent og kommunen som leverandør av tenestene, og for betre presisering er det difor valt å avvika noko frå den terminologien innan vatn og avlaup som vert nytta i lov og forskrift.

*Avlaupsanlegg:*

- Med avlaupsanlegg meinast leidningar og andre anlegg både for sanitært avlaupsvatn (spillvatn), industrielt avlaupsvatn og overvatn. ( Avlaupsanlegg omfattar ikkje drensleidningar).

*Offentleg vass-og avlaupsanlegg:*

- Hovudanlegg for vatn og/ eller avlaup som kommunen eller anna offentleg rettsleg organ har bygd eller overteke ansvaret for.  
Stikkledning for vatn og avlaup frå offentleg bygg vert i desse vilkåra rekna som privat vass- og avlaupsledning.

*Privat vass- og avlaupsanlegg:*

- Private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg som er knytt til offentleg vass- og/ eller avlaupsanlegg. Som privat anlegg reknas eitkvart anlegg som kommunen eller anna offentlegrettsleg organ sjølv ikkje har bygt, ikkje har overteke ansvar for etter plan- og bygningslova sine reglar eller ikkje på annan måte har påteke seg ansvar for gjennom skriftleg erklæring eller ved sin handlemåte/ åtferd. Om ikkje anna er angitt eller avtalt, er grensa mellom det private og det offentlege vass- og avlaupsanlegget i tilkoplingspunktet på offentleg ledning.

*Sanitær- Installasjonar:*

- Røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg som er knytt til vass-og/eller avlaupsanlegg.

*Abonnet:*

- Eigar av eigedom med vass- og/eller avlaupsinstallasjonar som enten er knytte til offentleg vass- og avlaupsanlegg, eller som har fått pålegg om tilknytning etter plan- og bygningslova.

*Godkjent føretak:*

- Godkjent føretak er i desse vilkåra føretak som er godkjent i samsvar med forskrift om godkjenning av føretak for ansvarsrett innanfor relevant fagområde. Føretaket skal i tillegg dokumentera at personellet som utførar det har fylgjande minimumskvalifikasjonar for det relevante arbeidsområdet, svennebrev som røyrleggjar, samt S-ADK1- eller ADK1- sertifikat, eller fagbrev innan veg- og anleggsfaget, eller anleggsmaskinførarfaget, samt ADK1- sertifikat.

**1.4 Plikt til å overhalda bestemmingane**

Abonnetten er ansvarleg for at sin private vass- og avlaupsanlegg til einkvar tid er i samsvar med forskriftene, og at dei til einkvar tid gjeldande bestemmingar om bruk av anlegget vert følgt, jfr.pkt. 1.2,1.5, 2.5 og 3.7 i desse bestemmingane. Abonnetten

er også ansvarleg for at husstanden sin, leigebuarar og andre som nyttar han sitt anlegget, overheld abonnementsvilkåra.

Godkjent føretak er ansvarleg for at dei private vass- og avlaupsanlegga vert planlagt utført i samsvar med gjeldane lov- og regelverk. Alle arbeid på private vass- og avlaupsanlegg og sanitærinstallasjonar skal utførast av godkjent føretak i samsvar med pkt. 1.3 med mindre kommunen, som eigar av hovudanlegga, i det einskilde tilfelle har godkjent ein annan utførande.

### **1.5 Brot og handheving**

Abonnementsvilkåra for vatn og avlaup skal handhevast av kommunen eller den kommunestyret gir delegert mynde til, med mindre noko anna går fram av desse bestemmingane.

Kommunen kan krevja anlegg reparert, utbetra, omlagd eller fjerna dersom dei er i strid med dei administrative eller tekniske bestemmingane i desse abonnementsvilkåra, eller med plan- og bygningslova med tilhøyrande teknisk forskrift (TEK). Dette gjeld uavhengig av den mynde som kommunen er tillagt etter forureiningsloven og plan- og bygningsloven når det gjeld krav om reparasjon av anlegg.

Kommunen kan etter varsel på førehand få arbeidet utført for abonnenten si rekning dersom slikt pålegg ikkje vert etterkome. Arbeid som ikkje kan utsetjast, kan kommunen få utført utan å gje varsel på førehand.

*Kommentar:* Handheving av desse abonnementsvilkåra regulerast av privatrettslege reglar og vert i utgangspunktet ikkje rekna som utøving av offentleg mynde. I den grad eit vilkår er stilt med heimel i kommunens private rådvelde som eigar over eige vass- og avlaupsanlegg, ligg det difor ikkje føre formell rett til å klaga til nokon overordna instans. Dette gjeld om kommunen har funne det sikrast å nytta eigarrådvelde som heimelsgrunnlag, sjølv om det også skulle vera ein mogleg alternativ heimel for pålegget i lovverket. Eit eksempel på dette kan vera ved krav om utbetring av utette vassleidningar, kor det kan vera uklart i kva grad ein også kan heimla vedtaket i plan- og bygningslova §31-3. Om kommunen nyttar gjeldande lovverk som heimel for pålegg, gjeld forvaltningsloven sine bestemmingar.

Viss ein minneleg ordning med den aktuelle abonnenten ikkje kjem i stand, skjer handhevinga ved at søksmål vert reist for dei ordinære domstolane med krav om dom for at abonnenten pliktar å etterkoma eit nærmare gjeve pålegg eller må unnlata å foreta ein nærmare bestemt handling. Kommunen kan eventuelt krevja å få dekka utgiftene til slikt arbeid i samband med pkt. 1.5 andre og tredje ledd. På same

vis kan abonnenten reisa sivil søksmål for domstolane om han ikkje godtek abonnementsvilkåra.

I den grad bestemmingane i abonnementsvilkåra også har heimel i sentrale lover eller forskrifter og handhevast i tråd med desse, jfr. Pkt. 1.2, kan sanksjonsbestemmingane i dette lovverket nyttast.

Kommunen kan også ved vesentleg misleghald av abonnementsvilkåra stengja vasstilførselen til eigedomen og halda den stengt til forholda er retta. Kommunen skal utvisa skjønn i slike saker, særleg når det gjeld vasstilførsel til private bustader. Ein eventuell stenging må ikkje truga liv og helse eller kunne medføra brannfare. Kommunen kan nekta godkjent føretak som ikkje overheld dei til einkvar tid gjeldande abonnementsvilkår å utføra arbeid på slike anlegg om forholda ikkje vert ordna innan rimeleg tid. Det same gjeld om krav til utføring etter plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter ikkje vert overhalde.

#### **1.6 Endringar**

Kommunestyret kan vedta endringar i dei administrative bestemmingane. Kommunestyret, eller den kommunestyret gjev delegert mynde, kan vedta endringar i dei tekniske bestemmingane.

#### **1.7 Dispensasjon**

Når særskilte grunner talar for det, kan kommunestyret eller det organ som kommunestyret har delegert mynde til gje dispensasjon frå desse abonnementsvilkåra.

##### **1.7.1 Iverksetjing. Oppheving av tidlegare bestemmingar**

Abonnementsvilkåra for vatn og avlaup trer i kraft frå den dato kommunestyret bestemmer. Frå same tidspunkt opphevast tidlegare vedtekne sanitærreglement eller tilsvarende bestemmingar om private vass- og avlaupsanlegg knytte til kommunalt nett.

## **2 Søknad og godkjenning av tilknytning m.m.**

### **2.1 Søknad om tilknytning til offentleg vass- og avlaupsanlegg**

I tillegg til naudsynte søknader i samband med plan- og bygningslova skal kommunen som eigar av vass- og avlaupsanlegga ha søknad om tilknytning til offentleg vass-avlaupsanlegg. Søknadsskjema får ein hos kommunen.

Søknad om tilknytning skal underskrivast av abonnenten og godkjent føretak. Søknad skal vera godkjent før arbeidet startar, med mindre kommunen tillet noko anna.



Kommunen kan også krevja at andre enn abonnenten, som leigetakarar, festarar o.a., underskriv ein slik søknad.

Vert eit arbeid overdrege til eit anna godkjent føretak under utføringa, skal det sendast ny søknad. For eit arbeid som ikkje er påbegynt innan 3 år etter at tillatinga vart gjeve, fell godkjenninga bort.

Godkjent føretak skal syta for at det ligg føre situasjonsplan som viser privat vass- og avlaupsanlegg så snart anlegget er ferdig. Situasjonsplan skal sendast kommunen for oppbevaring.

*Kommentarar: Andre søknader*

Tiltak som oppføring, endring eller reparasjon av vass- og avlaupsanlegg er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Mindre tiltak som ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgjevnadane eller allmenne interesser, til dømes lokal drenering og reparasjon ved røyr- og leidningsbrot, kan verta unntatt frå søknadsplikta. Uavhengig av om eit tiltak er søknadspliktig, skal bestemningar i plan- og bygningslova og teknisk forskrift ivareta kast av tiltakshavar.

Når det gjeld søknad om utslepp av avlaupsvatn som inneheld olje, vert det vist til forureiningsforskrifta kap. 15, jfr. Pkt. 3.12.2. Kommunen kan også krevja søknad om påslepp av feitthaldig avlaupsvatn.

## **2.2 Søknad om endringar**

Seinare reparasjonar og utbetringar av sanitærinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg som fører til vesentlege endringar i vassforbruk eller utsleppsmengder, krev tillating frå kommunen.

Det krevjast alltid tillating ved installasjon av sprinkelanlegg mot brann, snøkanonar eller liknande. Det same gjeld ved omlegging, rehabilitering eller opphør/ stenging av private vass- og avlaupsanlegg. Søknad om endringar skal underskrivast av abonnenten og godkjent føretak som skal utføra arbeidet. Kommunen kan også krevja at andre enn abonnenten, som leigetakarar, festarar etc., underskriv slik søknad. Elles gjeld dei same krava til søknaden som under pkt. 2.1, og det skal nyttast same søknadsskjema (*vedlegg –standard skjema – Sanitærabonnt*).

## **2.3 Tinglyste erklæringar**

Ved søknad om tilknytning kan det krevjast vedlagt tinglyst erklæring for fylgjande forhold:

- At det er innhenta tillating til å leggja, drifta/ vedlikehalda og skifta ut privat vass- og avlaupsanlegg på andres eigedom.

- At fleire eigarar er solidarisk ansvarleg for at gjeldande villkår i samband med felles privat vass- og avlaupsanlegg vert følgt.
- At seinare utvida bruk av etablert felles privat vass- og avlaupsanlegg vert godkjent av alle brukarar/ eigarar.

Også elles kan det krevjast framlagt tinglyste erklæringar når det er naudsynt for sikra nokon sin rett. Dei tinglyste erklæringane skal i naudsynt utstrekking vera påført at dei ikkje kan avlysast utan kommunen sitt samtykke.

#### **2.4 Godkjenning av søknad om tilknytning**

Vilkåra som skal gjelda for godkjenning av søknad om tilknytning, vert fastsett av kommunen i kvart einskild tilfelle, også ved eventuell påsleppsavtale i samband med forureiningsforskrifta. Godkjent søknad inneber at eit arbeid må utførast i samsvar med gjeldande abonnementsvilkår, lover og forskrifter, med mindre skriftleg dispensasjon er gjeve. Godkjent søknad om tilknytning skal sendast ansvarleg, godkjent føretak og abonnenten.

#### **2.5 Kontroll og synfaring av anlegg og installasjonar under utføring**

Kommunen har når som helst, utan varsel på førehand, rett til å kontrollera/ undersøkje særinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg under utføring i den grad desse kan ha noko å seia for drift og vedlikehald av offentlege vass- og avlaupsanlegg. Kontrolløren skal utan oppfordring legitimera seg. Kommunen overtar med sin kontroll ikkje noko ansvar overfor abonnent, utførande godkjent føretak eller tredjemann. Kommunen kan gje pålegg om reparasjon, utbetring og ev. omlegging av private vass- og avlaupsanlegg under utføring om arbeida ikkje er i samsvar med abonnentsvilkåra sine administrative og tekniske bestemmingar.

#### **2.6 Prøving**

I samband med kontroll etter pkt. 2.5 kan kommunen krevja dokumentasjon av trykk og tettleiks- og funksjonsprøving av sanitærinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg.

#### **2.7 Krav til materiell og utføring**

Det vert vist til abonnentvilkåra sine tekniske bestemmingar når det gjeld krav til materiell og utføring av arbeidet. Det vert også vist til plan- og bygningslova med tilhøyrande teknisk forskrift. Det skal utarbeidast drifts- og vedlikehaldsinstruks for installasjonar og materiell, og denne skal oppbevarast av abonnenten.

##### **2.7.1 Separatsystem**

Kommunen kan krevja at stikkleidningane vert lagd som separatsystem i område kor kommunen sine leidningar er som kombinertsystem.

### 3 Andre bestemmingar

#### 3.1 Anleggs- og vedlikehaldsutgifter

Alle omkostingar i samband med etablering og drift av private vass- og avlaupsanlegg betalast av abonnenten. Kummar, stengeventilar m.m. som med kommunens tillating monterast på offentleg vass- og avlaupsanlegg som del av det private anlegget, skal belastast i sin heilskap av abonnenten. Utstyr og vedlikehaldsansvar kan etter søknad overtakast av kommunen.

#### 3.2 Funksjonskrav og tekniske krav

Abbonnten er ansvarleg for at funksjonskrava og dei tekniske krava i tekniske bestemmingar, og i plan- og bygningslova med tilhøyrande teknisk forskrift, vert overhaldne i heile levetida til anlegget. Dette gjeld også krav om at det private vass- og avlaupsanlegget til einkvar tid skal vera tett, og at dei til einkvar tid gjeldande krav til overhøgde mellom innvendig topp hovudleidning i forgreiningspunktet og lågaste avlaupsopning i bygnad ( t.d. sluk i kjellar) vert oppfylte. Om avlaupsvatnet pumpast, gjeld tilsvarande høgdekrav målt til det høgaste punktet (gravitasjonspunktet) på pumpeleidningen.

I den grad ein bygning på eit tidlegare tidspunkt er sett opp med lågare overhøgde enn dagens krav, skal det setjast i verk tiltak for å kompensera for dette, t.d. ved installasjon av tilbakeslagsventil eller pumpestasjon etter dispensasjon frå kommunen for å motverka tilbakeslag. Abonnenten pliktar å vedlikehalda slike installasjonar regelmessig.

#### 3.3 Eksisterande offentlege vass- og avlaupsanlegg

Abbonnten godtek ved tilknytning til kommunen sitt nett at eventuelle eksisterande offentlege vass- og avlaupsanlegg på abonnenten sin grunn har rett til å verta liggjande uavhengig av om denne retten er tinglyst eller ikkje, og uavhengig av abonnenten si kunnskap om leidningen på tidspunktet eigedomen vert overteke.

#### 3.4 Bygging nær offentleg vass- og avlaupsanlegg

Offentlege vass- og avlaupsanlegg skal ikkje overbyggjast. Ny utbygging, inklusiv garasjar og støttemurar, skal ikkje plasserast slik at den er til hinder/ ulempe for drift og vedlikehald av offentlege vass- og avlaupsanlegg.

Slik utbygging skal ha ein avstand til offentleg vass- og/ eller avlaupsanlegg på minst 4 meter. Det kan gjevast dispensasjon frå denne bestemminga etter søknad viss utbyggar sikrar drift og vedlikehald av offentlege leidningar med anlegg av varerør, kulvert eller tilsvarande, eller om tiltakshavar/ abonnent står for omlegging av hovudleidningane etter servituttløvas reglar.

Eigar av offentlege vass- og avlaupsanlegg skal sjå til at dei nemnde krava vert ivaretekne i samband med, og så langt som mogleg parallelt med, den ordinære byggesakshandsaminga av tiltaket etter plan- og bygningslova. Handheving av denne bestemminga skjer i tråd med pkt. 1.5 i desse bestemmingane.

### **3.5 Opphøyr av tilknytning**

Når privat vass- og/eller avlaupsanlegg skal setjast ut av drift, skal abonnenten syta for at leidningen vert stengd ved tilknytning på hovudleidning eller der kommunen anviser. Kommunen kan i samband med dette også krevja at private installasjonar på hovudleidningen vert fjerna. Kommunen kan foreta oppgraving og stenging for eigars rekning om dette ikkje vert utført av eigar av privat vass- og avlaupsanlegg.

### **3.6 Stenging av offentlege leidningar**

Alle planlagde stopp i vassforsyninga eller avlaupshandteringa som skuldast arbeider på kommunale leidningar, skal gjerast kjent i rimeleg tid på førehand for dei abonnentane det gjeld. Ved direkte stenging av vassforsyning grunna akutt arbeid på kommunens vassleidningar, varslar kommunen abonnentane det gjeld så snart som mogleg om når vassforsyninga vil verta gjenoppretta.

Stenging av offentleg vassleidning grunna tilknytning, opphør eller omlegging av privat stikkleidning, kan berre utførast av kommunen etter bestilling frå ansvarleg utførande. Tidspunkt for stenging av kommunale vassleidningar avtalast med kommunen. Ansvarleg utførande plikter å varsle abonnentar som vert råka av stenginga.

### **3.7 Synfaring og kontroll av eksisterande anlegg og installasjonar**

Kommunen har når som helst, og utan føregåande varsel, rett til å synfara/ kontrollera særinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg i den grad desse kan ha noko å seia for drift og vedlikehald av offentleg vass- og avlaupsanlegg. Dette gjeld også kontroll av vassforbruket hos abonnentar som har vassmålar. Vedkommande kontrollør skal utan oppfordring legitimera seg. Det er berre kommunens eigne mannskap, ansvarleg utførande eller andre med løyve frå kommunen som kan utføra synfaring og kontroll av offentleg vass- og avlaupsanlegg.

Kommunen kan gje pålegg om reparasjon, utbetring og omlegging av sanitærinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg som ikkje er i samsvar med abonnementsvilkåra sine administrative og tekniske bestemmingar, eller gjera andre kompensierende tiltak. Dette gjeld i den grad forholdet kan ha noko å seia for drift og vedlikehald av offentleg vass- og avlaupsanlegg.

*Kommentar:*

- Lekkasjar
- Ulovleg påslepp på offentleg avlaupsanlegg, herunder feitt og miljøskadelege stoff.
- Manglande overhøgde mellom topp hovudledning og lågaste vasslås i bygning
- Manglande tilbakestrømmingsbeskyttelse i abonnenten sitt vassleidningsnett, jfr. Pkt. 2.4 i abonnentsvilkåra sine tekniske bestemmingar.

### **3.8 Kontroll og innskrenking av vassforbruk**

Abbonnten pliktar å ikkje sløsa med vatn. Under vassmangel eller når andre forhold krev det, kan kommunen innføra restriksjonar på vassforbruk til særskilde føremål, t.d. hagevatning. Kommunen kan i slike situasjonar også innføra andre restriksjonar. Eventuelle restriksjonar som kommunen finn det naudsynt å gjennomføra under vassmangel eller når andre forhold tilseier det, gjev ikkje rett til å krevja erstatning eller prisavslag.

### **3.9 Vasskvalitet og trykk**

For vasskvalitet gjeld drikkevassforskrifta sine bestemmingar i § 12(jfr §5) som minimumskrav. Kommunen kan, med Mattilsynet si godkjenning, avvika frå drikkevassforskrifta sine krav til vasskvalitet for ein avgrensa periode, dersom krava ikkje kan oppfyllest før utbygging av nytt vasshandsamingsanlegg eller liknande er gjennomført. Kommunen skal informera abonnentane om slike avvik frå drikkevassforskrifta sine krav til vasskvalitet.

Næringsabonntar med særskilde behov kan inngå avtale med kommunen om kva kvalitetsavvik dei vil verta varsla om. Vasstrykket skal vera minimum 2bar ved tilknytingspunktet på den kommunale vassleidningen. Dersom vasstrykket inne i bygningen ikkje er tilfredsstillande, og dette ikkje skuldast manglande trykk på kommunens ledning, må abonnenten dekkja kostnaden og installera trykkforsterkingsanlegg. Kommunen kan krevja installering av reduksjonsventil på vassinnlegget dersom vasstrykket inne i bygning overstiger 6 bar. Kommunen pliktar å varsla abonnentane ved vesentlege endringar i vasstrykk eller vasskvalitet.

*Kommentar:* I den grad vasskvalitet og/ eller trykk utgjer ein mangel etter forbrukskjøpslova §16, kan abonnenten etter nærare regler krevja prisavslag og/ eller erstatning, jfr. Forbrukerkjøpslova § 26.

### **3.10 Vidaredistribusjon av vass- og avlaupstenester**

Utan kommunen sitt samtykke må det ikkje takast, leiest bort eller seljast vatn frå ein eigedom som er knytt til offentleg vassanlegg på ein slik måte at uttaket i mengde overstiger eit normalt hushaldningsabonnement eller vassforbruket den aktuelle

typen verksemd normalt har. Det same gjeld for tilførte avlaupsmengder frå den einskilde abonnenten til offentleg avlaupsanlegg.

### **3.11 Ekstraordinære vassuttak/ påslepp**

Ved unormalt store eller støyttvise vassuttak eller unormalt store eller støyttvise påslepp av avlaupsvatn, t.d. ved bruk til klimakjøling, sprinkelanlegg, jordvatning eller ved tømning av basseng og oppfylling av tankar som overstiger det som er godkjent etter pkt. 2.1, 2.2 og 2.4 må særskilt fullmakt hentast inn frå kommunen. Kommunen kan som vilkår for slik fullmakt stilla krav om installering av vassmålar.

### **3.12 Påsleppa sin karakter**

#### **3.12.1 Generelt**

Til offentleg avlaupsanlegg må det ikkje førast væsker, stoff, gassar eller produkt som kan vera brann- eller eksplosjonsfarlege, miljø- eller helsefarlege eller skadelege for offentleg avlaupsanlegg. Dette betyr at abonnentar som er knytte til offentleg avlaupsanlegg, må visa aktsemd ved bruk av sine sanitærinstallasjonar for å unngå at slike væsker, stoff, gassar eller produkt førast ut med avlaupsvatnet via vaskar, sluk eller toalett. T.d. skal farleg avfall leverast til godkjent mottak, legemiddelrestar skal leverast til apotek og hygieneprodukt gjennom avfallsinnsamlinga. Kommunen må straks varslast om farlege eller skadelege væsker, stoff, gassar eller produkt ved uhell vert ført til offentleg avlaupsanlegg.

Kommunen kan stilla krav til påslepp av overvatn til offentleg avlaupsanlegg, m.a. innhald, mengd, sandfang, fordrøyingsbasseng m.m.

#### **3.12.2 Forureiningsforskrifta**

Forskrift om avgrensing av forureining har ei rekke bestemmingar som regulerer påslepp av avlaupsvatn frå verksemder og hushald til offentleg avlaupsanlegg. Dei viktigaste i denne samanheng er:

- Utslepp av oljehaldig avlaupsvatn, herunder påslepp til offentleg avlaupsanlegg, er regulert i forureiningsforskrifta kap. 15. Det skal m.a. sendast søknad til kommunen ved etablering av nye utslepp eller vesentleg auke av eksisterande utslepp av oljehaldig avlaupsvatn.
- Påslepp av oppmalt matavfall til offentleg avlaupsanlegg frå verksemder og hushald er regulert i forureiningsforskrifta kap. 15A. Slike påslepp er forbode med mindre kommunen i forskrift gjev unntak frå forbodet.
- Ingen kan setja i verk eller auka utslepp av fotokjemikaliehaldig eller amalgamhaldig avlaupsvatn utan at utslepp, herunder påslepp til offentleg avlaupsanlegg, etablerast og drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta si §15A -5 til 15A-7.
- Kommunen kan i einskilde vedtak eller i forskrift fastsetja krav til verksemders påslepp av avlaupsvatn til offentleg avlaupsanlegg, jfr. Forureiningforskrifta §

15A-4. Krava kan fastsetjast ut frå omsynet til det offentlege avlaupsanlegget sitt utsleppskrav, for å unngå skade på offentleg avlaupsanlegg, for å sikra at drifta av avlaupsanlegget og slamhandsaminga ikkje vanskeleggjerast, for å sikra kvaliteten på avlaupsslammet eller sikra helsa til personell som arbeider med offentleg avlaupsanlegg. Krava vil koma i tillegg til eventuelle krav som statleg forureiningsmynde har stilt i verksemda si utsleppsløyve.

### **3.12.3 Eksempel på uønska væsker, stoff, gassar eller produkt**

Me nemner her nokre eksempel på kva som vert å sjå som væsker, stoff, gassar eller produkt som kan vera brann- eller eksplosjonsfarlege, miljø- eller helsefarlege eller skadelege for offentleg avlaupsanlegg, jfr. Pkt. 3.12.1.

Det gjeld m.a. bensin, reinsevæsker, løysingsmiddel, måling, lakk, sprøytemiddel, legemiddel, tjære, feitt, olje, sement, kalk, mørtel, sot, asfalt, karbid, presskaker, cyanidforbindelsar, sulfater, sulfider, kadmium, kvikksølv, amalgam, bly, koppar, nikkel, sink, krom, ammonium og magnesiumsulfater. Andre eksempel er vaskefiller og hygieneprodukt som bind, bleier, tamponger og Q-tips. Denne opplistinga er ikkje uttømmende.

### **3.13 Utskiljarar og reinseanlegg**

Ettersyn, tømning og vedlikehald av private oje- og feittutskiljarar, slamavskiljarar/ septiktankar og andre reineanordningar knytte til offentleg avlaupsanlegg må utførast i samsvar med gjeldane forskrifter, utsleppstillatingar og eventuelle andre vilkår som er satt.

Om slike anlegg ikkje drivast tilfredsstillande, kan kommunen gje pålegg om utbetring eller stenging, eller overta drifta midlertidig for abonnenten og/ eller leigetakar si rekning. Eigaransvaret for dei aktuelle anlegga ligg til abonnenten/ leigetakar. Eigar er pliktig til å setja utskiljar og reinseanlegg ut av drift og føra avlaupet direkte til offentleg avlaupsanlegg når kommunen krev det, jfr. Forureiningslova §26.

### **3.14 Ansvarsforhold**

Kommunen har ansvaret for bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale leidningar for vatn og avlaup. Abonnenten har tilsvarende ansvar for bygningen sine sanitærinstallasjonar og private leidningar for vatn og avlaup. Kommunen er utan ansvar for ulemper eller skader hos abonnenten (som leigetakar, fester og liknande) eller på private vass- og avlaupsanlegg eller sanitærinstallasjonar som skuldast svikt i vasstilførsel eller i avlaupssystemet, som tilbakeslag frå offentleg avlaupsanlegg, med mindre svikten skuldast forsetteleg eller aktaust forhold frå kommunen si side.

Kommunen er utan ansvar om private vass- og avlaupsanlegg eller sanitærinstallasjonar, grunna arbeider på det offentlege hovudnettet, forureinast eller tilstoppast av rust, slam eller andre stoff, eller får skader. Det same gjeld ved manglande vatn til brannsløkking/ sprinkling og for skader som skuldast forhold som er forklart i pkt. 3.9 g 3.10.

*Kommentar:* Det visast til teknisk forskrift, forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn §5-4 og NKF og Norsk Vanns VA/ Miljø- blad nr. 82.

Så lenge kommunen si aktløyse ikkje kan sjåast som grov, gjeld den same ansvarsavgrensinga for svikt i form av tilbakeslag/ overfløyning frå offentleg avlaupsanlegg som skuldast nedbør/ flaum som er større enn det avlaupsanlegget er dimensjonert for, eller om det private avlaupsanlegget eller sanitærinstallasjonane ikkje er i samsvar med abonnentsvilkåra si administrative eller tekniske bestemmingar.

Kommunen er heller ikkje ansvarleg for skader etter overfløyning i kjellar/ lagerlokale, andre næringslokale eller bustadareal som skuldast leidningsbrot, kloakkutslepp eller kapasitetsproblem når skadetilfella omfattar:

- Bygnadsmessig innreiing, innbu og lausøre i rom som nyttas til varig opphald (Bustadformål) og /eller næringsverksemd, og som manglar naudsynt godkjenning av bygningsmyndigheitene til slik bruk.
- Gjenstandar som grunna si verdi eller andre forhold er uvanleg eller aktlaust å oppbevare på slike stader.
- Varer som er lagra under lagringshøgde 100 med mer over golv.
- Skader som skuldast manglande vedlikehald og tilsyn av tilbakeslagsordning.

Abonnenten er ansvarleg for skade eller ulempe han ved forsett eller aktløyse påfører offentleg vass- og avlaupsanlegg. Abonnenten svarer også for skade eller ulempe som personar som nyttar hans sanitærinstallasjonar påfører offentleg vass- og avlaupsanlegg.

Har fleire eigedomar felles leidningar, er alle eigarar solidarisk ansvarleg for pliktene desse bestemmingane legg på abonnenten. Det vert elles vist til pkt. 1.2 og 2.3 i desse bestemmingane.



## Sanitærabonnement

 **SØKNAD** om nytt abonnement til offentlig vann-/avløpsanlegg

- 
- Som vedlegg til byggesøknad
- 
- 
- Egen søknad/melding

 **MELDING** om reparasjon/endring/supplerende tiltak i bestående sanitæranlegg i boligeiendom og fritidsbebyggelse samt enkle installasjoner innenfor en bruksenhet eller branncelle

## Søknaden / meldingen gjelder

 Abonnement til offentlig vannforsyning

 Abonnement til offentlig avløp

## Eiendom/byggested

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
Adresse					Postnr.	Poststed

## Abonnementet / tilkoblingen omfatter:

Bygningens art

- 
- Boligbygg
- 
- Fritidsbolig
- 
- Industribygg
- 
- Forretnings-/kontorbygg
- 
- Landbrukseiendom
- 
- 
- Annen bygning, beskriv:

Type installasjon / ledning

- 
- Vann utvendig
- 
- Spillvann utvendig
- 
- Overvann utvendig
- 
- 
- Vann innvendig
- 
- Spillvann innvendig
- 
- Overvann innvendig
- 
- 
- Annet, beskriv:

## Vannforsyning

Antatt vannmengde l/s	Dim.	Materiale	Trykkklasse
Utstyr som skal monteres			
<input type="checkbox"/> Reduksjonsventil	<input type="checkbox"/> Trykkforsterkningspumpe	<input type="checkbox"/> Sil/filteranlegg	<input type="checkbox"/> Sprinkleranlegg
<input type="checkbox"/> Vannmåler	<input type="checkbox"/> Vannmålerkonsoll	<b>NBI! Henviser til kommunens norm for vannmåler</b>	
<input type="checkbox"/> Ikke vannmåler, oppgi bruksareal m <sup>2</sup>			
<input type="checkbox"/> Tilbakestrømningssikring	Kategori: 1 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>
	4 <input type="checkbox"/>	5 <input type="checkbox"/>	
Hvis annet utstyr, hva slags?			
Vedlegg ved sprinkleranlegg: Ledningskart/skisse og hydraulisk beregning			<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Ønsket vannmengde/trykk (maks):			

## Avløp - spillvann

Antatt spillvannmengde l/s	Dim.	Materiale	Trykkklasse
----------------------------	------	-----------	-------------

## Avløp - overvann

- 
- Føres til terreng      Beskriv:

 Føres til kommunalt nett

 Uten fordrøyning      Beskriv:

 Dokumentasjon/vedlegg

 Med fordrøyning      Beskriv:

 Dokumentasjon/vedlegg

Antatt overvannmengde l/s

Dim.

Materiale

Trykkklasse

## Avløp - fellesledning

Antatt avløpsmengde l/s	Dim.	Materiale	Trykkklasse
-------------------------	------	-----------	-------------

Avløpskomponenter				
Vannklosett	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
Slamavskiller kobles ut	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
Slamavskiller monteres	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Hvis ja, volum i m <sup>3</sup>	
Minirensesanlegg	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Hvis ja, volum i m <sup>3</sup>	Anleggstype:
Overvannskum	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
Drenskum	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
Stakekum	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
Oljeutskiller	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Hvis ja, volum i m <sup>3</sup>	Eventuelt eget vedlegg <input type="checkbox"/>
Fettutskiller	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Hvis ja, volum i m <sup>3</sup>	Eventuelt eget vedlegg <input type="checkbox"/>
Pumpekum	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Hvis ja, volum i m <sup>3</sup>	Beskriv:
Tilbakeslagsventil	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei		
Andre komponenter	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei	Beskriv:	

Tinglyste erklæringer - avtaler		
Berører vann-/avløpsledning andres eiendom?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Hvis ja, foreligger tinglyst rettighet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Har eiendommen felles vann-/avløpsledning med andre eiendommer?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Hvis ja, foreligger tinglyst rettighet?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei

Vedlegg	
<input type="checkbox"/>	Situasjonsplan som viser stoppeventil, tilkoblingssted, stoppekranskilt, kummer mv. nøyaktig målsatt, herunder beskyttelse mot tilbakeslagsfare i hovedledning. Rørdimensjoner skal påføres, også for private fellesledninger.
<input type="checkbox"/>	Tinglyste erklæringer / avtaler
<input type="checkbox"/>	Sprinkleranlegg - ledningskart/skisse og hydraulisk beregning
<input type="checkbox"/>	Andre vedlegg, beskriv:
<input type="checkbox"/>	Andre vedlegg, beskriv:

Erklæringer	
<p>Installasjonsarbeidene vil bli utført i henhold til gjeldende lover, forskrifter og reglementer, eventuelt med de lempninger som måtte bli gitt ved dispensasjon. Som eier av anlegg/eiendom (tiltakshaver) forplikter jeg meg til å overholde de til enhver tid gjeldende sanitær- og avgiftsbestemmelser. Jeg er videre inneforstått med at det må søkes bygningsmyndigheten om installasjonstillatelse for angjeldende sanitæranlegg i henhold til plan og bygningslovens bestemmelser.</p>	

Tiltakshaver/Eier			
Tiltakshaver - navn			Org.nr.
Adresse		Postnr.	Poststed
E-postadresse		Telefon	Mobil
Dato	Signatur		Kontaktperson (skrevet med blokkbokstaver)

Ansvarlig foretak			
Foretakets navn			Org.nr.
Adresse		Postnr.	Poststed
E-postadresse		Telefon	Mobil
Dato	Signatur		Kontaktperson (skrevet med blokkbokstaver)

## Frakobling av vann- og eller avløpsledning

 Som vedlegg til byggesøknad

 Egen søknad/melding

Gjelder			
<input type="checkbox"/> Privat	<input type="checkbox"/> Offentlig	<input type="checkbox"/> Vann	<input type="checkbox"/> Avløp

Eiendom/byggested						
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
Adresse				Postnr.	Poststed	

Frakobling		Permanent <input type="checkbox"/>	Midlertidig <input type="checkbox"/>
Årsak, beskriv:		Dato for frakobling:	
<input type="checkbox"/> <b>Vann</b> Frakobling av vannledning skal utføres i tilknytningspunktet på hovedledning og plugges. Ved felles private stikkledninger skal frakobling skje på T forgrening.			
<input type="checkbox"/> <b>Avløp</b> Kryss av for ledningstype: <input type="checkbox"/> Spillvann <input type="checkbox"/> Overvann <input type="checkbox"/> Fellesledning Frakobling av avløpsledning skal utføres i tilknytningspunktet på hovedledning og plugges. Ved felles private stikkledninger skal frakobling skje på forgrening.			

Tilleggsopplysninger

Dokumentasjon og vedlegg
Frakobling(er) skal merkes og innmåles på ledningskart/situasjonskart og vedlegges. Ved frakobling av vannmåler leveres denne eventuelt til kommunen. Det henvises til kommunens norm for vannmåler.

Erklæring/underskrift
-----------------------

Tiltakshaver/Eier			
Tiltakshaver - navn			Org.nr.
Adresse		Postnr.	Poststed
E-postadresse		Telefon	Mobil
Dato	Signatur		Kontaktperson (skrevet med blokkbokstaver)

Ansvarlig foretak			
Foretakets navn			Org.nr.
Adresse		Postnr.	Poststed
E-postadresse		Telefon	Mobil
Dato	Signatur		Kontaktperson (skrevet med blokkbokstaver)

## Registrering av vannmåler

NB! Det fylles ut ett skjema pr. vannmåler!

Kommunens saksnr.:

Eiendom/byggested						
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
Adresse					Postnr.	Poststed

Tilkoblingen omfatter:	
Bygningens art	
<input type="checkbox"/> Boligbygg	<input type="checkbox"/> Fritidsbolig
<input type="checkbox"/> Annen bygning, beskriv:	<input type="checkbox"/> Industribygg
	<input type="checkbox"/> Forretnings-/kontorbygg
	<input type="checkbox"/> Landbrukseiendom
Tiltakets art	
<input type="checkbox"/> Nytt	<input type="checkbox"/> Utskifting, gammel målerstand:
	<input type="checkbox"/> Annet, beskriv:

Vannforsyning	
Dimensjon	Annen informasjon, beskriv:
Utstyr som skal monteres	
<input type="checkbox"/> Vannmåler	<input type="checkbox"/> Vannmålerkonsoll
<input type="checkbox"/> Horisontalt montert	<input type="checkbox"/> Fjertelleverk
	<input type="checkbox"/> Vertikalt montert
NB! Henviser til kommunens norm for vannmåler	

Vedlegg
<input type="checkbox"/> Beskrivelse av plassering av vannmåler og innvendig hovedstoppekran inntegnet på plantegning.
<input type="checkbox"/> Annet, beskriv:

Erklæringer
Installasjonsarbeidene vil bli utført i henhold til gjeldende lover, forskrifter og reglementer.

Ansvarlig foretak			
Foretakets navn			Org.nr.
Adresse		Postnr.	Poststed
E-postadresse		Telefon	Mobil
Dato	Signatur	Kontaktperson (skrevet med blokkbokstaver)	

Fylles ut av kommunen			
Type:	Vannmålemr.:	Dim.:	Målerstand
Utleveringssted:		Plombering: <input type="checkbox"/> Ja	
Utlevert dato	Signatur	Saksbehandler (skrevet med blokkbokstaver)	



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Tone Ramsli	<b>Arkivkode:</b> FA-F21
<b>Arkivsaksnr:</b> 11/271	<b>Løpenr:</b> 15/7787
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	040/15	TR

## DELTAKING I STATLEG FORSØKSPROSJEKT OMSORGSTENESTENE

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune søker om å ta del i forsøk med statleg finansiering av omsorgstenestene. Delar av meirinntektene vert nytta til å finansiera ei deltidsstilling ved forvaltningskontoret.

<https://helsedirektoratet.no/Documents/Omsorgstjenesten%20invitasjon%20til%20deltagelse%20i%20forsøk%20med%20statlig%20finansiering.pdf>

**Kva saka gjeld:**

Regjeringa inviterer alle kommunane til å søkja om å få vera med i eit forsøk med statleg midlar for finansiering av omsorgstenestene. I 2016 starter dei eit forsøk med statlege kriteria og finansiering av omsorgstenester.

Prosjektet har m.a. som formål å skapa auka likskap og kvalitet i tildelinga av omsorgstenestene. Forsøket omfattar alle omsorgstenestene og brukargruppene.

Regjeringen ønsker at staten skal ta eit større ansvar for å auka kvaliteten i omsorgstenestene samt sikra kompetanse og kapasitet i helse- og omsorgssektoren. Formålet med forsøksordninga er å sikra at dei eldre sine behov vert dekkja på ein betre måte enn i dag og sikra eit meir likeverdig tilbod på tvers av kommunane for alle tenestemottakarane.

I forsøket skal det prøvast ut om statlege tildelingskriteria og statleg sette budsjetterrammer gir auka likebehandling på tvers av kommunegrensar og om det gir eit rettare behovsdekning. Forsøket skal gjennomførast i eit utval norske kommunar og vara i tre år frå og med 01.05.16.

To ulike modellar skal prøvast ut:

**Modell A**

Kommunar innan modell A skal tildela tenester etter statlege tildelingskriteria, statleg finansiering og prismodell. Det vert gitt eit inntektspåslag tilsvarende 4 prosent av netto driftsutgifter til omsorgstenesta avgrensa til 25 mill. kroner per år for ein kommune.

**Modell B**

Kommunar innan modell B skal tildela tenester som tidlegare. Midlene til sektoren vert øyremerkja gjennom eit statleg tilskot og det vert gitt eit inntektspåslag på 4 prosent av netto driftsutgifter til omsorgstenester, avgrensa til 25 mill. kroner per år pr kommune.

Kommunane kan ikkje sjølv velja kva modell dei vil å delta i.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Eit viktig moment for rådmannen med ny organisering har vore å få skilt tildeling av tenester (forvaltning) frå utføring av tenesta. Det har vore ei utfordring for oss at det er dei same personane som handsamar søknader om hjelp og som utfører hjelpa og som gjerne må gi hjelpa innan ei gitt økonomiske ramme. Dette gir utfordringar om likehandsaming og for rettstryggleiken for søkjaren. Slik sett vil det vera interessant for Samnanger kommune å delta i dette forsøket. Det passer og godt inn i tid sidan me no skal endra rutinane og arbeidsmetodane våre. Rådmannen vurderer det slik at sjølv om me med dagens ressursar såg for oss å leggje ein god del av forvaltningsoppgåvene til rådmannsgruppa og staben, er det ikkje tilstrekkeleg ressursar til å klara det fullt ut. Med ein viss tilførsel av midlar frå den auka overføringa, vil me kunne jobba godt i eit slikt prosjekt.

Det er litt usikkert kva som kan reknast inn i grunnlaget for inntektspåslaget. Legg me til grunn at det er heile pleie og omsorg sitt budsjett, vil 4 % vera om lag kr 1,9 mill.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Erdal	<b>Arkivkode:</b> FE-203
<b>Arkivsaksnr:</b> 12/722	<b>Løpenr:</b> 15/7750
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.11.2015	041/15	NE

### VEDTEKTER FOR SAKKUNNIG NEMND FOR EIGEDOMSSKATT OG KLAGENEMND

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til nye eigedomsskattevedtekter vert vedteke slik det ligg føre. Dei nye vedtektene erstattar eigedomsskattetakstvedtektene som vart vedtekne 07.05.2014 og vil gjelda frå 01.12.2015

#### Dokument som er vedlagt:

Vedtekter for sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnd frå 01.12.2015

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Eigedomsskattelova, forvaltningsloven, likningsloven og skatteloven.

#### Kva saka gjeld:

Det vart vedtatt nye vedtekter for sakkunnig nemnd og klagenemnd i mai 2014 i samband med at takstnemnd vart omgjort til sakkunnig nemnd. Det vart ikkje gjort endringar som gjeld klagenemnda. Endringane som er foreslått i vedtektene gjeld klagenemnd. Det er i tillegg korrigert litt på språket.

#### Vurderingar og konsekvensar:

Det har i perioden 2011 – 2015 vore 6 medlemmer i klagenemnda. Det er eit minimumskrav at det må vera 3 medlemmer i klagenemnd og at det i tillegg skal vera same tal varamedlemmer. Tal medlemmer har vore diskutert på møte i klagenemnda. Dei ser fordelene ved å vera fleire enn 3, men ynskjer å vera 5 i staden for 6 personar som det er no.

Tal medlemmer i klagenemnda har ikkje vore spesifisert i vedtektene. Det vert no gjort framlegg om å ta inn at det skal veljast 5 medlemmer (leiar, nestleiar og 3 medlemmer). Det skal i tillegg veljast 3 varamedlemmer.

I tillegg til denne endringa er det skreve litt tydlegare om klagenemnda si handsaming. Det er ikkje krav om synfaring ved klagehandsaming, men klagenemnda må vurdera dette i kvar einskild klagesak.



**EIGEDOMSSKATTEVEDTEKTER FOR SAMNANGER KOMMUNE**

Takstvedtekter gjeld frå 01.12.2015

**1 SAKKUNNIG NEMND OG FELLES KLAGENEMND****1.1 Sakkunnig nemnd**

I medhald av eigedomsskattelova (eskl) § 8 A-3 (4) vel kommunestyret ei sakkunnig nemnd til å verdsetja eigedommar i Samnanger kommune på bakgrunn av forslag frå synfaringsmenn som er engasjerte av kommunen. Unnateke er vasskraftanlegg (jf. skattelova (sktl.) § 18-1 (2) a).

Den sakkunnige nemnda skal vera sett saman av tre medlemmer (leiar, nestleiar og medlem). I tillegg skal det veljast tre varamedlemmer.

Nemnda fattar vedtaka sine i fellesskap. Dersom det er usemje om eit særskilt spørsmål, kan nemnda avgjera usemja ved røysting.

Nemndleiaren har til oppgåve å planleggja og leia takseringsarbeidet, og syta for at framdrifta i takseringa går etter planen. Dersom nemndleiaren har forfall, overtek nestleiar i nemnda oppgåvene til nemndleiaren.

**1.2 Klagenemnd**

Kommunestyret vel ei felles klagenemnd til å handsama både klager over sakkunnig nemnd sine takstvedtak (overtakst) og klager over eigedomsskattekontoret sine utskrivingsvedtak, jf. eskl. §§ 19 og 20.

Klagenemnda skal vera sett saman av fem medlemmer (leiar, nestleiar og tre medlemmer). I tillegg skal det veljast tre varamedlemmer.

Klagenemnda fattar vedtaka sine i fellesskap. Usemje vert avgjort ved røysting. Ved likt røystetal har leiaren av klagenemnda dobbelrøyst.

Klagenemndleiaren har til oppgåve å planleggja og leia klagehandsaminga, i tillegg til å syta for ei forsvarleg framdrift i sakshandsaminga. Dersom klagenemndleiaren har forfall, tek nestleiar i klagenemnda over oppgåvene til nemndleiaren.

**1.3 Kven kan veljast, oppnemning av nye nemndmedlemmer og fråtreding**

Medlemmene av sakkunnig nemnd og klagenemnda vert oppnemnde av kommunestyret som òg vel leiar og nestleiar for kvar nemnd. Dei som er pliktige til å ta imot val til kommunestyret, er valbare og pliktige til å ta imot val til takstnemndene. Dette gjeld ikkje faste medlemmer av formannskapet, jf. eskl. § 21.

Valperioden følgjer kommunevalperioden.

Kommunestyret kan ved behov setja ned fleire sakkunnige nemnder som får ansvar for kvart sitt geografiske område i kommunen. Det skal berre vere éi klagenemnd.

## **1.4 Ugildskap**

Reglane om habilitet i forvaltningslova (fvl.) § 6 gjeld for nemndene.

Ein medlem er ugild til å delta i handsaming av ei sak når medlemmen:

- a) Sjølv er eigar, panthavar eller leigetakar til eigedomen,
- b) Er i slekt eller svogerskap med ein som er nemnt i pkt a) i opp- eller nedstigande line eller sideline så nær som søsken,
- c) Er eller har vore gift, partner eller trulova med, eller er fosterfar eller fostermor eller er eit fosterborn til eigar,
- d) Er verje for person som er nemnt under pkt a),
- e) Er styrar eller medlem av styret for eit selskap, foreining, stifting eller offentleg innretning som er eigar, panthavar eller leigetakar til eigdommen.

Likeeins er ein medlem ugild når andre særeigne tilhøve som er eigna til å svekka tilliten til gildskapet til medlemmen ligg føre.

Nemnda avgjer sjølv om ein medlem er ugild utan at medlemmen deltek.

## **1.5 Møteplikt**

Medlemmene i den sakkunnige nemnda og klagenemnda har plikt til å møta i alle møte, med mindre vedkomande har gyldig forfall.

Ved forfall skal medlemmen så snart som råd varsla eigedomsskattekontoret, som innkallar varamedlemmen. Når ein medlem ikkje møter, har varamedlemmen møteplikt.

## **2 EIGEDOMSSKATTEKONTORET**

### **2.1 Eigedomsskattekontoret**

Eigedomsskattekontoret er lagt til økonomikontoret i kommunen.

### **2.2 Eigedomsskattekontoret sine oppgåver**

Eigedomsskattekontoret skal skriva ut eigedomsskatten på grunnlag av den sakkunnige nemnda sine takstar og kommunestyret sine vedtekne satsar.

Eigedomsskattekontoret skal vidare fungera som sekretariat for sakkunnig nemnd og klagenemnd. Kontoret skal leggja til rette for arbeidet til sakkunnig nemnd ved å syta for alt administrativt og kontormessig arbeid for nemnda.

### **2.3 Deltaking på møte i sakkunnig nemnd**

Eigedomsskattekontoret skal så langt det er ynskjeleg delta på nemndmøta for å leggja til rette for og støtta nemndene i arbeidet deira. Representanten for eigedomsskattekontoret har ikkje røysterett på møta, skal ikkje delta i sjølvve takseringsarbeidet og kan ikkje instruera nemnda.

### **2.4 Førebuing av takseringsarbeidet**

Eigedomsskattekontoret utarbeider lister over eigedommane i kommunen. Det bør lagast ei eiga liste over verk og bruk ein går ut frå finst i kommunen. Det skal òg lagast ei liste over

eigedommar som er fritekne etter eskl §§ 5 og 7. Rådmannen bestemmer om eigedommar som er fritekne etter § 7 skal takserast.

## **2.5 Innhenting av opplysningar frå skattytar og/eller brukarar av eigedomen**

Eigedomsskattekontoret førebur takseringa ved å skaffe tilgjengeleg informasjon om kvar einskild eigedom. Eigedomsskattekontoret kan påleggje eigaren (skattytaren) å utlevere opplysningar som har noko å seia for taksten, og både eigar (skatteytar) og brukar av eigedommen har plikt til å gje opplysningar som er nødvendige for utskriving av eigedomsskatten, jf. eskl. § 31.

Eigedomsskattekontoret kan setja frist for å gje opplysningar, jf. eskl. § 31 (3). Fristen skal ikkje vera kortare enn fire veker. Eigedomsskattekontoret kan samstundes varsle om at brot på opplysningsplikta gjev grunnlag for ei forseinkingssavgift, som vert sett på grunnlag av skattegrunnlaget for eigedommen i tråd med reglane i eskl. § 31 (4).

Kommunestyret kan gjera vedtak om at skatteetatens formuesgrunnlag for bustader skal brukast ved utskriving. Formuesgrunnlaget må då nyttast som det kjem frå Skatteetaten jfr reglane i eigedomsskattelova § 8 c-1. Bustadar utan formuesgrunnlag (inkludert våningshus) får fastsett takst av sakkunnig nemnd på same måte som andre skattepliktige eigedommar.

Eigedomsskattekontoret engasjerer synfaringsmenn i samråd med sakkunnig nemnd. Synfaringsmenn deltek ikkje i sjølve takseringa og har ingen røysterett. Det gjeld dei same reglane for habilitet som for medlemmene i nemndene.

## **2.6 Engasjement av sakkunnige for sakkunnig nemnd og klagenemnd**

Når ein finn det nødvendig, kan nemnda be eigedomsskattekontoret tilkalla sakkunnig hjelp til å gje rettleiande takstar og rettleiande fråsegner om særskilte tekniske eller juridiske spørsmål.

Ved taksering av større verk og bruk bør det engasjerast sakkunnig taksator med særskilt kompetanse på den typen verk og bruk som det er aktuelt å taksera.

Dei sakkunnige deltek ikkje i sjølve takseringa og har ingen røysterett. Det gjeld dei same reglane for habilitet som for medlemmene i nemndene.

# **3 TAKSERINGSARBEIDET**

## **3.1 Leiaren i sakkunnig nemnd sine oppgåver**

Det høyrer til nemndleiaren sine oppgåver, i samarbeid med eigedomsskattekontoret, å planleggja, leia arbeidet og avgjera når det skal haldast takst.

Eigedomsskattekontoret kallar inn til møte i samråd med nemndleiar. Leiaren av eigedomsskattekontoret vert kalla inn til alle møta i takstnemndene. Nemnda er vedtaksfør jamvel om representanten for eigedomsskattekontoret ikkje er til stades.

Nemnda vert kalla inn til så mange møte som er nødvendig for å gjennomføre takseringa.

## **3.2 Informasjon til dei andre nemndmedlemmene**

På det første møtet for nyutnemnd nemnd eller klagenemnd informerer nemndleiar og eigedomsskattekontoret om oppgåvene til nemnda, relevante lovreglar og kommunen sine skattetakstvedtekter. Til det første møtet vert også alle varamedlemmene kalla inn.

### **3.3 Møteprotokoll frå møte i nemndene**

Det skal først protokoll frå alle møta i sakkunnig nemnd. Takstprotokollen bør underskrivast av nemndmedlemmene ved slutten av kvart møte.

I protokollen skal alle vedtak først inn; kvar einskild eigedom som vert taksert, kva som inngår i taksten, kva for verdsetjingsprinsipp som er nytta, kva taksten er og korleis ein har kome fram til verdien av eigedommen.

### **3.4 Generelle prinsipp for takseringsarbeidet**

Sakkunnig nemnd skal verdsetja dei skattepliktige eigedommane etter reglane i eskl. § 8A-2, slik dei er tolka i rettspraksis.

Nemndene fastset taksten etter skjønn og kan ikkje instruerast av eigedomsskattekontoret, kommunestyret eller formannskapet i kommunen.

Verdsetjinga skal skje med utgangspunkt i det generelle prinsippet om likehandsaming som gjeld for eigedomsskatt. Sakkunnig nemnd skal utøva sitt skjønn etter beste evne. Alle eigedomar som ikkje er unnatekne frå eigedomsskatteplikt skal verdsetjast, og like tilfelle skal handsamast likt. Nemnda kan ikkje gjera andre frådrag eller reduksjonar i taksten enn det som er heimla i lova.

Alle takstar skal avrundast til næraste heile 1000 kroner.

Dersom det er ulik eigar for grunn og bygningar på ein fast eigedom, skal grunnen og bygningane normalt takserast kvar for seg.

Kommunestyret kan gjera vedtak om at skatteetatens formuesgrunnlag for bustader skal brukast ved utskriving. Formuesgrunnlaget må då nyttast som det kjem frå Skatteetaten jfr reglane i eskl § 8 c-1. Bustadar utan formuesgrunnlag (inkluder våningshus) får fastsett takst av sakkunnig nemnd på same måte som andre skattepliktige eigedomar.

### **3.5 Vedtak av retningsliner og sjablongar, verdsetjingsprinsipp**

Før ein tek til med den alminnelege takseringa, drøfter nemnda eller nemndene i fellesskap alminnelege retningsliner for takseringa for å sikra mest mogeleg einsarta vurderingar. Ved behov kan prøvetaksering finna stad.

Sakkunnig nemnd kan gjera vedtak om sjablongar til bruk i takseringa. Sjablongane er eit hjelpemiddel for å koma fram til takstverdien av eigedommen og skal ta høgde for at tilstanden til eigedommen (innretninga), brukseigenskap og lokalisering/lægje kan verka inn på verdien, jf. esktl. § 8A-2 (1).

Den sakkunnige nemnda er i samarbeid med eigedomsskattekontoret ansvarleg for å gje synfaringsmenna informasjon og rettleiing om praktisering av nemnda sine retningsliner ved taksering. Det er viktig å syta for einsarta praksis.

Verk og bruk skal som hovudregel verdsetjast til substansverdien av anlegget.

Nemnda skal utarbeida rammer og retningslinjer for taksering som skal vera eit arbeidsdokument undervegs i takseringsarbeidet og som skal vedtakast endeleg når takseringsarbeidet er avslutta.

For bustadar med formuesgrunnlag skal formuesgrunnlaget nyttast ved utskriving når dette er bestemt av kommunestyret.

### **3.6 Synfaring**

Eigedommar, med unntak av bustad med formuesgrunnlag når dette er bestemt, skal synfarast, med mindre noko anna er avtala med skattytaren. Det følgjer av langvarig praksis at det normalt ikkje er synfaring ved taksering av kraftliner og nettanlegg. Synfaring kan gjerast av synfaringsmenn, takstmenn og/ eller sakkunnig nemnd.

Eigaren (skattytar) skal varslast i god tid om at eigdommen skal takserast og at den vil verta ei synfaring.

Eigedomsskattekontoret står for varslinga. Varsel kan gjevast ved å be skatteytar gje eller stadfesta opplysningar om eigdommen innan 4 veker, jfr eskl §31 (1), sjå vedtektene pkt. 2.5. Eigedomsskattekontoret kan setja ein frist for eigar og brukar si medverknad til at synfaring kan la seg gjennomføra, jf. eskl. § 31 (3).

I einskilde tilfelle vil det vera eit krav om at eigar er tilstades og medverkar under synfaring jfr eskl § 31 (2). Dette vil særskilt gjelda verk og bruk.

Ved brot på plikta kan eigedomsskattekontoret påleggja eigaren (skattytaren) ei forseinkingssavgift, jf. eskl. § 31 (4). Avgifta vert avgjort på grunnlag av skattegrunnlaget for eigdommen. Avgift skal ikkje påleggjast når fristen er gått ut på grunn av sjukdom, alderdom, eller annan orsakingsgrunn.

### **3.7 Fotografering**

Eigedomsskattekontoret, sakkunnig taksator, sakkunnig nemnd, klagenemnd og synfaringsmenn har rett til å ta fotografi av eigdommen til bruk for takseringa.

### **3.8 Fastsetjing av takst**

I samband med takseringa skal sakkunnig nemnd blant anna ta stilling til:

- kva for eigedommar som er skattepliktige innanfor det verkeområdet kommunestyret har definert, jf. eskl. § 3.
- grensesnittet mellom kraftanlegg og overføringsanlegg, jf. sktl. § 18-1 (2) a.
- kva for eigedommar som er unnatekne frå eigedomsskatt, jf. eskl. § 5, og kva for eigedommar som er fritekne, jf. eskl. § 7.
- kva for eigedommar som er ”verk og bruk”, jf. eskl. § 4 andre ledd andre setning.
- kva for bygningar og driftsmiddel som er ein del av eit verk og bruk, jf. eskl. § 4 andre ledd tredje og fjerde setning, samt eskl. § 8A-2 (2).

Ved taksering der ein går ut frå at det dreier seg om verk og bruk, bør takstforslaget innehalda dei opplysningane som er naudsynte for at den sakkunnige nemnda skal kunna ta stilling til om eigdommen kvalifiserar som verk og bruk . Viss maskiner og tilbehør er med i takstforslaget i

medhald av eskl § 4 andre ledd tredje og fjerde setning, samt eskl § 8A-2 (2) , bør takstforslaget gjera greie for kvifor vilkåra for dette er oppfylte.

Den sakkunnige nemnda fastset takstane i møte på bakgrunn av dei forslaga som er utarbeidd av synfaringsmenn og takstmenn. Synfaringsmenn / takstmenn skal ikkje delta i den sakkunnige nemnda si fastsetting av takst, men kan møta i nemnda for å presentera sine forslag til takst.

Det skal gjevast ei kort grunngjeving for taksten som ikkje kan vera kortare enn at det blir mogeleg for skatteytar å forstå korleis taksten er fastsett. Grunngjevinga skal innehalda prinsippa for verdsetjing, samt kva kriterium og grunnlag som er lagt til grunn for den einskilde eigedom. Grunngjevinga kan gjevast på eit skjema som viser kva faktiske opplysningar om eigedommen og kva sjablongverdiar som er brukt. For verk og bruk vil det ofte vera behov for ei grundigare grunngjeving.

### **3.9 Teieplikt**

Medlemmene av sakkunnig nemnd og klagenemnd har plikt til å teia om informasjon dei får tilgang til gjennom verva sine, jf. eskl. § 29, jf. likningsloven § 3-13.

Medlemmene av nemndene skal skriva under på lovnad om teieplikt når dei byrjar i vervet.

## **4 OMTAKSERING, SÆRSKILD TAKSERING OG KONTORJUSTERING**

### **4.1 Krav om omtaksering og særskild taksering**

I perioden mellom dei alminnelege takseringar kan omtaksering/ særskild taksering av einskilde eigedommar gjerast etter dei retningslinene og vilkåra som går fram av eskl. § 8A-3, femte og sjette ledd. Dette vil ikkje gjelda bustadeigedommar som årleg får ny takst basert på skatteetatens sitt formuesgrunnlag.

Frist for å begjæra omtaksering etter sjette ledd er 1.november året før skatteåret.

Kommunen dekkjer kostnadene ved takseringa når det er kommunestyret som har gjort vedtak om omtaksering eller når formannskapet har bedt om særskild taksering. Skatteytar må dekkja kostnadane ved taksering når dette vert gjennomført etter krav frå skatteytar.

Den sakkunnige nemnda tek stilling til om vilkåra for omtaksering/ særskild taksering er oppfylt.

Verdsetting bør skje etter same prinsipp og same prisnivå som ved førre alminnelege taksering.

Skatteytar vert orientert om taksten ved melding om vedtak

### **4.2 Kontorjustering**

Kommunestyret kan i staden for ny alminneleg taksering gjera vedtak om å auka taksten som vart fastsett for eigedommen ved den siste alminnelege takseringa for utskriving av eigedomsskatt. Kommunestyret kan dessutan gjera vedtak om at det skal gjerast eit tilsvarende tillegg for dei eigedommane som er verdsette særskilt før eit tidspunkt fastsett av kommunestyret.

Auken kan skje stegvis over fleire år, men må ikkje vera meir enn 10 prosent av det opphavlege skattegrunnlaget for kvart år etter 10-årsfristen for den siste alminnelege takseringa.

Det er eigedomsskattekontoret som står for og gjennomfører kommunestyret sine vedtak om kontorjustering i samsvar med eskl. § 8A-4.

## **5 KLAGE PÅ TAKSTEN OG UTSKRIVINGA**

### **5.1 Klage på taksten - Klagefrist og for sein innlevering av klage**

Skatteytar kan klaga på taksten og/eller utskrivninga innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart kunngjort at eigedomsskattelista vart lagt ut, eller den dagen skattesetelen vart sendt ut. Klage må gjerast skriftleg til eigedomsskattekontoret.

Klage over taksten kan seinare setjast fram i samband med den årlege utskrivninga av eigedomsskatten, men berre dersom det ikkje tidlegare er klaga på same grunnlag, jf. eskl. § 19, første ledd tredje setning.

Sakkunnig nemnd/klagenemnd kan handsama ein klage frå skattytaren jamvel om klagefristen er gått ut når vedkommande ikkje kan klandrast for å ha oversete fristen, eller det har særskilt mykje å seie for skattytaren at klagen blir handsama. Tilsvarande kan ein klage frå formannskapet takast til følge etter klagefristen dersom formannskapet klagar til gunst for skattytaren.

Eigedomsskattekontoret eller sakkunnig nemnd kan gje løyve til utsett klagefrist i einskildtilfelle dersom det vert bede om det og det finst rimelege grunnar for å gje utsett klagefrist.

### **5.2 Klage på utskrivning, vedtak fatta av eigedomsskattekontoret.**

Dersom klagen gjeld eit vedtak (utskrivingsvedtak) som er fatta av eigedomsskattekontoret i første instans (for eksempel berekning av skatten, tildeling av botnfrådrag e.l) kan eigedomsskattekontoret handsama saka og oppheva eller endra vedtaket dersom eigedomsskattekontoret finn at klagen er grunngeven.

Dersom eigedomsskattekontoret ikkje finn grunn til å gje klagar medhald, vert dokumenta i saka straks sendt over til klagenemnda.

### **5.3 Klage på takst, vedtak fatta av sakkunnig nemnd**

Ved klage over vedtak (takstvedtaket) fatta av den sakkunnige nemnda, vert dokumenta i saka sendt til sakkunnig nemnd som så granskar det som klagen gjev grunn til.

Sakkunnig nemnd kan endra taksten i skatteytars favør dersom nemnda finn klagen grunngeven. I motsatt fall vert alle dokumenta i saka straks sendt over til klagenemnda.

### **5.4 Klagenemnda si handsaming**

Klagenemnda reiser samla på synfaring i dei saker der synfaring kan ha betydning for klagesaka. Det er ikkje krav om ny synfaring.

Klagenemnda skal utarbeida ein protokoll med kort grunngeving for klagevedtaket. Protokollen skal angje kva faktum og rettsbruk vedtaket byggjer på og kva verdsettingsprinsipp som er brukt

ved klage på taksten. I protokollen må det takast stilling til eigaren eller formannskapet sine klagegrunnar.

Dersom klagenemnda held det nødvendig, kan det hentast inn fråsegner frå sakkunnige.

Klagenemnda kan prøva alle sider av taksten, og kan også endra taksten til skattytar sin ugunst.

Når klagen vert tatt til fylgje, skal utskriving rettast til skatteytars gunst innan 3 år frå utgangen av skatteåret.

Retten til å retta utskrivinga til ugunst for skatteytar går tapt om retten ikkje er nytta innan 1. mars året etter utskriving. Har feilen samanheng med at eigaren har brote opplysningsplikta eller plikta til å medverke på synfaring, kan utskrivinga rettast innan 3 år frå utgangen av skatteåret.

Taksten kan likevel rettast til ugunst for skatteytar med verknad framover i tid.

Dersom klagen ikkje vert handsama innan ein månad, skal klagaren få eit førebels svar, jf. fvl. § 11 a.

Klagenemnda sine vedtak er endelege og kan ikkje ankast<sup>1</sup>. Skattytaren kan be klagenemnda å gjera om eige vedtak. Klagenemnda har i slike tilfelle ingen plikt til å vurdera vedtaket på nytt, men det kan gjerast dersom nemnda finn det rimeleg.

Viss klagenemnda kjem fram til at dei vil avvise ei oppmoding om omgjerjing, bør det presiserast at vedtaket ikkje er eit nytt realitetsvedtak som gir grunnlag for ny søksmålsfrist.

## **5.5 Klage på formuesgrunnlag på bustader**

Når kommunestyret har gjort vedtak om at formuesgrunnlaget skal brukast for skattlegging av bustadhus, skal klage på formuesgrunnlaget sendast til skatteetaten. Eigar har ei utvida klagefrist (klageadgang) det første året eigedomskatt vert skriven ut etter denne ordninga jf ligningsloven §9-2 nr.4 siste punktum. Når eigar får medhald i klage ved likning, må eigedomsskatten rettast tilsvarande, jfr eskl § 17 fjerde ledd.

## **6 YMSE AVGJERSLER**

### **6.1 Godtgjersle til sakkunnig nemnd, klagenemnd og sakkunnige**

Kommunestyret/formannskapet fastset godtgjersla til nemndmedlemmene.

Eigedomsskattekontoret fastset godtgjersla til sakkunnige og synfaringsmenn.

Eigedomsskattekontoret syter for utbetalinga av godtgjersla.

### **6.2 Frist for utskriving av eigedomsskatt**

Eigedomsskatten skal vera utskriven og skattelistene gjort offentlege innan 1. mars i skatteåret.

---

<sup>1</sup> Dette gjeld også dersom klagen vert sett fram i samband med utskrivinga i seinare år, jf. eskl. § 19.



Ved første gongs utskrivning skal den alminnelege takseringa vera avslutta innan utgangen av juni i skatteåret. Første året det vert brukt botnfrådrag er fristen 1. april.

### **6.3 Eigedomsskattelistingene**

Eigedomsskattelisten skal liggja ute til offentleg gjennomsyn i minst tre veker etter at det er kunngjort at lista er lagd ut, jf. eskl. § 15. I kunngjeringa skal det opplysast om fristen for klage og kven klagen skal sendast til.

Samstundes med at eigedomsskattelisten vert lagd ut, vert skattesetelen sendt til skattytaren.

### **6.4 Skatteterminar**

Eigedomsskatten forfell til betaling etter dei terminane som kommunestyret fastset, men det skal minimum vera 2 terminar.

### **6.5 Klage eller søksmål på takst eller utskrivning har ikkje utsetjande verknad**

Eigedomsskatten skal betalast til fastsett tid og med dei beløpa som først er fastsette, sjølv om det er sendt inn klage over utskrivninga eller utskrivingsgrunnlaget, eller dei står til prøving for ein klageinstans eller domstolane, jf. eskl. § 25 (3).